

Fylkesmannen
I
Rogaland

Årsrapport 2006

INNHALD

INNLEIING	3
1. ØKONOMISKE RAMMER OG ADMINISTRATIVE FØRINGAR	3
1.1 ORGANISASJON	3
1.2 BUDSJETT OG REKNESKAP.....	3
1.3 ELEKTRONISK EMBETSOPPDRAG OG RAPPORTERING	4
1.4 SAKSBEHANDLINGSTID OG SYSTEMATISK SAMANLIKNING	4
1.5 ELEKTRONISK FORVALTNING	4
1.6 LEIING, ORGANISASJON OG STYRING	7
2. SENTRALE POLITISKE FØRINGAR	11
2.1 FORNYING AV OFFENTLEG SEKTOR – GENERELLE SAMORDNINGSOPPGÅVER	11
2.2 VELFERD, HELSE OG PERSONLEG TENESTEYTING.....	12
2.3 OPPVEKST, FAMILIE, BARNEHAGAR OG UTDANNING.....	13
2.4 AREALDISPONERING OG BYGGJESAKER	16
2.5 LANDBRUKSBASERT NÆRINGSUTVIKLING, NATURRESSURSFORVALTING OG MILJØVERN	18
2.6 SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP	19
3 DEI EINSKILDE RESULTATOMRÅDE – INDELTE ETTER DEPARTEMENT	20
MILJØVERNDEPARTEMENTET SINE RESULTATOMRÅDE	20
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET SINE RESULTATOMRÅDE	25
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENTET SINE RESULTATOMRÅDE	64
BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET SINE RESULTATOMRÅDE.....	70
JUSTISDEPARTEMENTET SINE RESULTATOMRÅDE	72
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTETS SINE RESULTATOMRÅDE	75
OPPGÅVER UNDER HELSEDEPARTEMENTET OG OMSORGSDEPARTEMENTET OG ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET – OPPDRAG FRÅ STATENS HELSETILSYN OG SOSIAL- OG HELSEDIREKTORATET	77
FORVALTNINGSOPPGÅVER SOM IKKJE ER OMTALA I EMBETSOPPDRAGET:	90
UTANRIKSDEPARTEMENTET SINE SAKSOMRÅDE	91
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET SINE RESULTATOMRÅDE	92

ÅRSRAPPORT 2006

FYLKESMANNEN I ROGALAND

Innleiing

Fylkesmannen i Rogaland legg med dette fram årsrapport for 2006 i samsvar med rapporteringskrav i embetsstyringsdokumenta og i tildelingsbrev for 2006 og 2007.

Rapporten er fylkesmannens tilbakemelding med omsyn til aktivitetar og oppnådde resultat i 2006 i høve til dei mål og forventningar departement og direktorat har stilt til embetet i tildelingsbrev for 2006.

Rapporten gjev først ei tilbakemelding på administrative tiltak og statistikk. Deretter er det i kap.1 og 2 gitt kort "tilstandsrapport" og rapport på overordna politiske føringar for rapporteringsåret. Kap. 3 inneheld rapport på dei enkelte resultatområda.

Rapporten er blitt noko lenger enn førre årets rapport. Dette skuldast i hovudsak at landbruk ikkje lenger sender særskilt rapport, men legg all årsrapportering til denne fellesrapporten.

1. Økonomiske rammer og administrative føringar

1.1 Organisasjon



1.2 Budsjett og rekneskap

Fylkesmannen har i 2006 stramma inn budsjettet for å finne balanse mellom utgiftsnivå og tildeling. Dette er mellom anna gjort ved å redusere talet på fast tilsette. Dette saman med vakansar i fleire stillingar i løpet av året og større overføringar frå eksterne kjelder gjorde at embetet kom ut med eit overskot i 2006-rekneskapen. Samfinansiering av utviklingsoppgåver

og ekstern finansierte prosjekt medverkar framleis til at embetet, særleg landbruk, i stor grad er i stand til å gjennomføre dei pålagde oppgåvene.

Embetet har i 2006 fått merke den stramme arbeidsmarknaden og gapet mellom lønsvilkåra i og utanfor embetet (staten). Fleire sentrale medarbeidarar har gått over i anna verksemd. Dette gjeld særleg ingeniørar og legar. Ved nyrekruttering merkar vi at lønskrava er høgare enn vi maktar og kan forsvare.

1.3 Elektronisk embetsoppdrag og rapportering

Rapporteringa er i samsvar med tildelingsbrev og embetsoppdrag. Embetsoppdraget er dessutan meint å klargjere rapporteringskrav innafor dei ulike resultatområda. Dette er i utgangspunktet positivt, men er for 2006 er signala framleis uklare, frå ingen rapporteringskrav, via delvis rapporteringskrav innafor same resultatområde til fullt rapporteringskrav. For enkelte område er ikkje rapportering nemnt i det heile. Dette gjer at det enklaste er å rapportere på det meste, slik at rapporten truleg blir for omfattande og det er stor variasjon i detaljeringsgrad frå område til områda.

1.4 Saksbehandlingstid og systematisk samanlikning

Byggjesaker

Målsetjinga har vore tre månader saksbehandlingstid. I løpet av året har vi opplevd ein auke til 4 månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 3,5 mnd. Grunnen til auken er vekst i talet på saker og for lite juridisk saksbehandlarkapasitet i periodar.

Talet på ulike typar forvaltningssaker som helse- og sosiallovgevinga har auka kraftig også det siste året. Det gjeld både førarkortsaker, saker som gjeld helsekrav i petroleumsverksemda og saker som gjeld rekvirering av sentralstimulerande middel.

Embetet har likevel klart å halde ei sakbehandlingstid på mindre enn 2-3 veker på desse sakene.

Median sakbehandlingstid for klagesaker etter helselovgevinga har vore 64 dagar og i gjennomsnitt 71 dagar.

Talet på klagesaker etter sosialtenestelova har gått ned med om lag 25% frå 2005 – 2006.

Saksbehandlingstida er godt under 2 månader i snitt. Restansen ved årsskiftet var på 71 saker.

Etter at avgjerdsretten i saker etter jordlova, konsesjonslova m.m. blei overført til kommunane frå 2004, har saksmengda for fylkeslandbruksstyret gått ned. Styret har derfor redusert tal møte til om lag seks møte pr. år. Dette gjer at saksbehandlingstida i saker som skal til behandling i styret kan bli noko lang.

Saksbehandlingstida i saker etter utdannings- og barnehagelovgevinga har stort sett vore innanfor fristen i forvaltningslova. Det blir rutinemessig sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli lenger. I 2006 vart slik melding sendt i 8 saker, dei fleste galdt tildelinga av tilskott på barnehagefeltet.

1.5 Elektronisk forvaltning

Saks- og arkivsystem

Embetet har førebudd innføring av elektronisk arkiv- og saksbehandlingssystem frå 2007. Det vil vere ein stegvis innføring som startar i januar 2007.

Nettbasert informasjon

Fylkesmannen nyttar tenestene som Fylkesmannen.no gir gjennom publiseringsreiskapen som hovudkanal for informasjon til befolkninga, media, kommunane og andre målgrupper.

Målgruppa for hovudsida er folk flest og media, medan underliggande meny punkt har meir spesifikke målgrupper, t.d. tilsette i helse og sosiale tenester, barnehage, utdanning, folk som arbeidar innanfor skog- og landbruk og enkeltpersonar eller bedrifter med behov for informasjon innanfor miljøområdet.

I 2006 har vi hatt særleg fokus på at alle avdelingane i embetet skal vere synlege på internettsidene med aktuell og relevant informasjon og rettleiing for sine ulike målgrupper. Resultatet er at alle avdelingane no jamleg bidreg med informasjons- og rettleiingssaker både for sine spesifikke målgrupper, kommunane, media og folk flest. I alt publiserte vi nærare 400 saker på hovudsida og 800 saker på underliggande sider i fjor. Utviklinga har også gått mot ei meir jamn publiseringsmengd avdelingane mellom, medan vi tidlegare har vore i ein situasjon der eit par av avdelingane stod for brorparten av sakene.

I 2006 har vi også byrja eit arbeid med å gjere nettsidene meir brukarvenlege, mellom anna gjennom ein kritisk gjennomgang av navigasjonsstruktur, språk, biletbruk og design. Det er gjort vedtak om at vi skal forenkle navigasjonsstrukturen ved å gå over til ein fullt ut emne-/temabasert struktur i staden for den noverande kombinasjonen av avdelingsbasert og emne-/temabasert struktur. Arbeidet er gjort i samarbeid med dei andre fylkesmannsembeta, og vil bli slutført i løpet av vårhalvåret 2007.

Nettredaksjonen møtest kvar månad og har gjennom dette ei kontinuerleg evaluering av språk, bruk av bilete og presentasjonsform på sakene vi publiserer. Som ei hjelp i denne jobben har vi oppretta ei responsgruppe med medlemmer frå dei mest sentrale brukargruppene våre. Desse gir kvar månad tilbakemelding på nettsidene ut frå eit standard skjema utarbeidd i samarbeid med medlemmene i gruppa. Responsgruppa gir tilbakemelding på språk, design, biletbruk, kor lett det er å finne fram i tillegg til å ha høve til å kommentere enkeltsaker.

For å auke bruken av kart på nettsidene har nettredaksjonen to gonger fått kompetanseheving i bruk av ulike karttenester. Hovudsakleg har vi hatt fokus på bruk av den nettbaserte kartportalen www.temakart-rogaland.no og på korleis ein kan utarbeide eigne kart for å visualisere informasjon i artiklar på nettsidene.

For å gjere nettsidene meir interaktive har vi i 2006 arbeidd for at alle arrangement skal ha nettbasert påmeldingsskjema. Vi har også gjort alle skjema tilgjengeleg på nett, og dei som ikkje treng underskrift kan også leverast på nett anten via e-post eller nettbasert. Når systema for elektronisk signatur er på plass vil vi også arbeide for å gjere det mogleg å levere skjema som treng underskrift via nett. Vi har utarbeidd kontaktskjema og har gitt brukarane høve for å abonnere på saker på utvalde meny punkt avhengig av interesse og behov. Til no har nærare 220 personar registrert seg som abonnentar. Det er også mogleg for brukarane å lese postjournalen til embetet og bestille dokument via e-post.

Noreg.no evaluerte hausten 2006 alle offentlege nettstader. I denne omgangen vurderte dei Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad som 6. beste offentlege nettstad i landet og beste i Rogaland. Nettstaden er den beste av dei reine fylkesmannsembeta, berre slått av Møre og Romsdal einskapsfylke. Utviklinga frå 2005 har hovudsakleg kome som resultat av betre rutinar for nettarbeid for embetet generelt og i avdelingane spesielt.

Fylkesmannen i Rogaland etablerte intranettet "Innsida" i januar 2005. All informasjon til tilsette blir no publisert her. Mange av dei same tilboda som vi gir til brukarane av internettsidene våre er også tilgjengelege for brukarane av "Innsida", t.d. abonnementsfunksjon, arrangementskalender, nettbaserte skjema

Rogalandbruket:

Landbruksavdelinga lanserte i 2006 ein ny nettstad med namn "Rogalandbruket" som først og fremst skal presentere tal, trendar, analysar og utviklingstrekk i landbruksfylket Rogaland. Målgruppa for portalen er kommunar, presse, forskingsinstitusjonar, næringsorganisasjonar og andre interesserte. Sjå <http://www.fylkesmannen.no/rogalandbruket> for meir informasjon.

Kart og stadfesta informasjon

Det er også for 2006 bruke mindre ressursar enn planlagt innanfor kart og stadfesta informasjon. Dette skuldast dels ressursbruk på eksternt finansierte prosjekt og dels vanskar med å rekruttera medarbeidarar med GIS-kompetanse. Desse utfordringane vil også forplanta seg inn i 2007.

Implementering av GIS i saksbehandling, utgreiingar og presentasjonar har halde fram også i 2006. I saksbehandling er det særleg i saker innan areal og eigedom bruk av GIS kan opplysa sakene og betra kommunikasjonen til dei involverte. Landbruksavdelinga brukar no også GIS i presentasjonar ved kommunebesøk. Dette visualiserer problemstillingar i arealspørsmål på ein svært god måte.

Noreg digitalt Rogaland har no ansvaret for både Geovektsarbeidet og temakartsatsinga. Fylkesmannen er godt synleg i dette arbeidet; bl.a. er landbruksdirektøren leiar i Geodatautvalet i fylket. Fylkesmannen har og tatt på seg eit særleg ansvar for temadatasatsinga (vidareføringa frå Arealis). Fleirtalet av kommunane og mange fylkesetatar betalar eit årleg tilskot til dette samarbeidet. Fylkesmannen har prosjektleiar for temadata og har ansvaret for drift og utvikling av Temakart Rogaland som ein felles kartportal for deltakarane – sjå <http://www.temakart-rogaland.no/arealis42/index.jsp>.

Fylkesmannen representerer landbruksparten i Geovekstsamarbeidet og har også i 2006 vore deltakar i fleire kartleggings- og vedlikehaldsprosjekt. Utanom forvaltnings- drifts- og vedlikehaldsarbeidet i geovekstkommunane har det vore kartleggingsprosjekt i tre kommunar og to ortofotoprojekt i 2006. Landbruksparten har gått inn med om lag 243.000 kroner i geovekstprosjekta.

Informasjonstryggleik

Embetet har gjennomført ein Risiko- og sårbarheitsanalyse i 2006 i tråd med krava i Personopplysingslova. I vår vurdering legg vi til grunn at informasjonstryggleik både knytt seg til digitale system (datasystema) og andre forhold som er med og påverkar datatryggleiken i embetet.

Vi har i denne omgang konsentrert oss om følgjande område:

- Bygget
- Datasystema
- Dokumentflyt
- Individpåverka tryggleik

1.6 Leiing, organisasjon og styring

Fylkesmannen har kontinuerleg fokus på organisasjon og leiing. Heile embetet, med unntak av Helse- og sosialavdelinga er no organisert i sjølvstendige lag. Denne organiseringa vart også i 2006 delvis evaluert og justert i fleire av avdelingane våre.

Forvaltningsreforma

Leiinga har halde dei tilsette laupande orienterte om utviklinga i reformarbeidet.

Personalpolitikk

Embetet utarbeidde i 2005 ny personalplan, kor lønspolitikk er ein vesentleg del. Prinsippa og verkemidla i Personalplanen viste seg særst nyttige for m.a. lønsforhandlingane i 2006.

IA og sjukefråveri.


Fylkesmannen i Rogaland er IA-verksemd. I 2006 vart IA-avtalen fornye og embetet har laga ny handlingsplan frå 2007. Første handlingsplan vart langt på veg innfridd og vi hadde ønska nedgang i sjukefråværet i avtaleperioden. Nedgangen haldt fram i 2006 slik at sjukefråveret gjennomsnittleg i 2006 var på 3,9% mot 5% i 2005. Siste kvartalet var fråværet på 3,6%. Målsetjinga i ny plan er å ligge under 3% i gjennomsnitt.

Likestilling


Fylkesmannen har totalt sett rimeleg god balanse mellom kvinner og menn i arbeidsstokken, med ein overvekt av kvinner. Det er likevel store variasjonar avdelingane mellom. Dei siste åra har det vore sett særskilt søkjelys på lønsskilnader og talet på kvinner i leiande stillingar.

Tabellane nedanfor viser nokre viktige samanhengar


Fig. 1 Lønnsfordeling mellom kvinner og menn avdelingane mellom




Figur 2 Lønnsfordeling i fylkesmannsembetet samla sett




Figur 3 Kjønnfordeling i avdelingane




Figur 4 Kjønnfordeling leiande stillingar



Figur 5 Deltidstilsette fordelt på kjønn



Figur 6 Nyrekruttering i 2006 kjønnsdelt



Eksternt likestillingsarbeid

Fylkesmannen i Rogaland har i lengre tid arbeidd aktivt med problemstillingar knytte til likestilling, og i 2006 hadde eit særleg fokus på likestilling i lokalpolitikken. Utgangspunktet for dette arbeidet var at Rogaland ligg i botssjiktet på landsbasis når det gjeld kvinner i kommunestyre. Vi har utarbeidd statistikk over korleis situasjonen er i Rogaland for kvar enkelt kommune, parti og ei rekkje andre variablar. Noko av denne informasjonen er lagt ut på våre nettsider.

Fylkesmannen gjennomførde 28. september konferansen "Kvifor så få kvinner?" . Konferansen sette fokus på underrepresentasjon av kvinner i lokalpolitikken i Rogaland. Målgruppa var nominasjonskomiteane, partia og lokale politikarar. Responsen var svært stor og vi måtte mellom anna lage venteliste. Likestillingsombodet Beate Gangås og forskar Ingrid Gulvik deltok med innlegg om korleis ein kan snu denne trenden. I tillegg utfordra vi fleire av kommunepolitikarane på kva dei kan gjere for å få fleire kvinner i lokalpolitikken. I etterkant av konferansen har det vore stor mediafokusering på skeivfordelinga mellom kjønna i lokalpolitikken i Rogaland. Fleire kommunar, og ikkje minst parti har og hatt dette på dagsorden, og det er sett i gang program for å betre situasjonen. Fylkesmannen vil i samarbeid med KS følgje opp konferansen i 2007.

I tillegg har Fylkesmannen vore ute i fleire nominasjonskomitear i kommunane og snakka om val og likestilling, og har marknadsføre t dette som eit tilbod.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har prosjektleiaransvaret for arbeidet med handlingsplan for likestilling i barnehagane i vår region. Rogaland har oppretta to kommunekontaktar, ein i nord og ein i sør. Universitetet i Stavanger har også kontaktperson og deltar i prosjektarbeidet. I 2006 har Fylkesmannen medverka til ein likestillingskonferanse i Bergen ("Er den gode barnehagen den likestilte barnehagen?") og ei samling i Bergen for mannlege tilsette i barnehagar i regionen. Vi har også motivert til deltaking på likestillingskonferansen i Tønsberg. I Rogaland er kommunane Sandnes og Tysvær "pilotkommunar", og skal bidra til å auka kompetansen om pedagogisk likestillingsarbeid og rekruttering av mannlege tilsette. Det er gitt økonomisk støtte til prosjekt i kommunane, og det er føresett at kommunane skal bidra til å drive informasjonstiltak mot andre kommunar i fylket. Universitetet i Stavanger har fått støtte til prosjektet "Snipp snapp snute – er gutta ute?" frå "regionsmidlane" som Sogn og Fjordane administrerer.

Utdanningsavdelinga har medverka til oppfølging av den nasjonale strategiplanen "Et felles løft for realfagene", m.a. gjennom å leie prosjektet "Matte-kick", der fire kommunar og ti skolar deltar. Kjønnsperspektivet er eitt av fleire i prosjektet, men den overordna målsetjinga er å styrkje læringsutbyttet for alle elevane. Elles er Operasjon Minerva, eit tiltak for styrking av jenter si interesse for realfag og IKT, vidareført.

Med forankring i den nasjonale strategiplanen "Gi rom for lesing" tildeler Fylkesmannen midlar til skoleeigarane til tiltak for å stimulere lesing. Gutar og leselyst er eitt av tiltaka i planen.

Kjønnsperspektivet er også viktig i prosjektet "Dei utfordrande barna", som Fylkesmannen leier. Her deltar fire kommunar, og Senter for Åtferdsforskning v/UiS har det faglege ansvaret.

Ein del av statistikken på opplæringsfeltet er kjønnsdelt, t.d. opplysningar om spesialundervisning i GSI (Grunnskolen informasjonssystem). Også statistikk som gjeld læringsresultat i grunnopplæringa er kjønnsdelt. Desse opplysningane blir kommenterte i tilstandsrapporten kvart år, men med ulik vektning av kjønnsperspektivet. Vi viser elles til denne rapporten som ligg føre rundt sommarferien.

Endeleg nemner vi at kjønnsperspektivet er løfta fram i samband med høyringsarbeidet knytt til nye læreplanar i TIP-faget, og at Utdanningsavdelinga i aukande grad er medviten om at vi nyttar førelesarar av begge kjønn når vi arrangerer kurs og konferansar.

Rekruttering og likestilling er viktige faktorar i arbeidet med utviklings- og næringsretta arbeid i landbruket og på bygdene. Fylkesmannen har i mange år vore "medeigar" og pådrivar for Etablerarskulen for kvinner i Rogaland. Dei siste åra har skulen og opna for menn, og etter planane skal skulen frå 2007 gå inn i det nye etablerarsenteret i fylket, Skape.no. Fylkesmannen har gjennom BU-ordninga støtta etableringa av faggrupper for kvinner i landbruket som spesialiserte nettverk knytt til særskilde produksjonar.

Nytt løns- og personalsystem

Embetet starta førebuing for innføring av nytt løns- og personalsystem (SAP) i 2007. Dette var ein særskilt krevjande jobb seinhaustes i fjor. Fyrste lønnskjøring i nytt system, skjedde januar 2007.

Grøn stat

Fylkesmannen har i 2006 endeleg fått på plass kjeldesortering i Statens Hus. Ut over dette vil det ikkje bli sett i verk andre tiltak før embetet eventuelt flytter i nye lokale i 2010.

Lærlingar

Embetet hadde ein lærling, innafor kontorlaget, i 2006.

2. Sentrale politiske føringar

2.1 Fornyng av offentleg sektor – generelle samordningsoppgåver

Fylkesmannen har arrangert to samlingar for statlege etatar i Rogaland. I tillegg inviterer vi fylkeskommunen og statlege etatar med inndeling som ikkje følgjer fylkesgrensene eller som omfattar meir enn eitt fylke. Det har vore arrangert to møte i Fylkesberedskapsrådet. I 2006 har det vidare vore arbeid med betre samordning av tilsyn med kommunane, gjennom mellom anna utvikling av nettbasert tilsynskalender.

Det årlege oppgåvebrevet (forventningsbrevet) til kommunane vart sendt ut i juni, med særskilt fokus på skilnaden mellom skal-, bør- og kan-oppgåver. Fylkesmannen utarbeidde dessutan felles strategi- og oppgåvedokument for eiga verksemd, med kommunane som målgruppe.

Fylkesmannen si serviceerklæring er fornye og oppdatert i 2006. Den er formidla til dei viktigaste brukarane og legd ut på nettstaden.

Fylkesmannen har godt innarbeidde rutinar for informasjon til kommunane om det økonomiske opplegget. Dette vart gjennomført også i 2006. (litt om skjønsmidlar)

Utviklingsprogrammet for lokalt miljøvern

Vi har vore i kontakt med KS sin kontaktperson om dette programmet, men elles har det ikkje vore stor aktivitet. Så vidt vi kjenner til, har ikkje nokon kommune frå Rogaland meldt seg til KS med ønske om å vere med i prosjektarbeidet.

Stavanger kommune planlegg visstnok å delta. Vi har meldt tilbake at vi i så fall gjerne blir med i eit samarbeid på dei felte kommunen ønskjer.

NAV

Fylkesmannen etablerte hausten 2005 ei gruppe som skal arbeide implementering av NAV. Gruppen har hatt månadlege møter i 2006, og har i hovudsak vore eit forum for informasjonsutveksling. Deltakarar i gruppa er fylkesdirektør for NAV, KS v/ politisk og administrativ leiing og leiar for rådmannsutvalet, seksjonsleiar og rådgjevar i helse- og sosialavdelinga og fylkesmannen som leier møta. Gruppen har besøkt NAV pilotkontoret i fylket for å innhente deira erfaringar.

NAV har i tillegg vore eige tema for samling med sosialleiarane, og har blitt drøfta i ulike interkommunale møter for tilsette i sosialtenesta.

Partnerskap næringsutvikling (samordning, felles strategiar)

Fylkesmannen er aktiv deltakar i fleire partnerskap for nærings- og bygdeutvikling.

Regionalt utviklingsprogram (RUP)

Sentralt i dette arbeidet står det regionale partnerskapet med fylkeskommunen, NAV, Innovasjon Noreg(IN) og Fylkesmannen som i samarbeid med andre regionale og lokale aktører utarbeider Regionalt utviklingsprogram som ein årleg handlingsplan til Fylkesplanen. Størstedelen av BU-midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak i fylket (i 2006 i alt 4,3 mill. kroner) blir disponerte til prosjekt som er prioriterte i Regionalt utviklingsprogram.

Regionale medarbeidarar

Fylkesmannen har i partnerskap med IN og kommunane vidareført ordninga med felles finansiering av fire regionale medarbeidarar for næringsutvikling og oppfølging av etablerarar. I 2006 har nye kommunar slutta seg til slik at desse no omfattar 14 av dei 26 kommunane i fylket. Kommunane betaler 50% og IN 25% av kostnadane.

Ryfylkevegen som nasjonal turistveg

Fylkesmannen har i 2006 teke initiativ til eit utviklingsprogram for områda langs Ryfylkevegen. Denne skal bli nasjonal turistveg frå 2010. Utvikling av landskap og lokalt næringsliv i områda langs vegen er viktig for opplevingskvaliteten på vegstrekninga. På same tid vil den nye statusen på vegen gi auka marknad for lokale produkt og tenester. Programmet er eit partnerskap mellom kommunane i regionen, fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Skape.no

Fylkesmannen er deltakar i partnerskapet for å samle etableraropplæring og –oppfølging i eitt kraftsenter Skape.no. Etablerarskulen som Fylkesmannen har støtta opp om i lang tid er eitt av dei tiltaka som går inn i Skape.no. Etablerarsenteret blir etablert tidleg i 2007.

MåltidsArena og Verdiskapingsforum for matnæringa.

Som del av den sterke matsatsinga i Matfylket Rogaland er Fylkesmannen aktivt med i arenaprogrammet MåltidsArena med sikte på å styrke næringsklynga på mat- og måltidssektoren og med særleg vekt på forskning og utdanning som ein sentral utviklingsfaktor. Fylkesmannen har og vore mellom initiativtakarane til nettverksamrådet om Verdiskapingsforum for matnæringa, som er eit forum med deltakarar frå næringane, industrien, utdanning, forskning og forvaltning for å gjennomføre strategiske satsingar for å styrke matnæringa i fylket. Begge desse tiltaka omfattar både landbasert og sjøbasert matutvikling. Det er i 2006 arbeidd med ein søknad om etablering av eit Center og ekspertise (NCE-mat) i Rogaland. Søknaden vil bli fornya i 2007.

Strategiar for landbruksbasert næringsutvikling

Fylkesmannen har leia arbeidet med ny strategi for landbruksbasert næringsutvikling som oppfølging av den nasjonale strategien ”Ta landet i bruk”. Sterkare prioritering av distrikta og større vekt på investerings- og omstillingsbehovet på mellomstore bruk er viktige føringar i strategiarbeidet

2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

FM og Helsetilsynet i Rogaland har utført tilsyn som er initiert på eiga hand og kor ein har nytta ROS analyse for å finne dei rette tilsynsobjekt og tilsynsystema.

Tilsyna mot helse- og sosialtenesta i kommunane er godt samordna, og ein del tilsyn blir gjort som felles tilsyn mot både helsetenesta og sosialtenesta. Det er viktig å peike på at det likevel er heilt nødvendig å gjere mange tilsyn kvar for seg for å kunne gå i djupet i tema. Dei volumkrava som stillast til embetet med omsyn til talet på tilsyn, er vanskelege å oppfylle. Vi

har ikkje klart å oppfylle måla som er sett for Rogaland når det gjeld planlagde tilsyn verken på helse- eller sosialsektoren.

Dei landsomfattande tilsyna som var forventa har blitt utført i Rogaland, både mot kommunehelsetenesta, sosialtenesta og spesialisthelsetenesta. Dei har blitt utført etter ein felles mal for tilsyns og har blitt rapportert etter felles mal. Årets felles landsomfattande tilsyn mot habiliteringstenesta for barn var særskilt krevjande då ein skulle sjå på samvirke mellom mange ulike aktørar.

Helsetilsynet i Rogaland har også utført tilsyn med ulike installasjonar i petroleumsverksemda.

Det har også blitt utført tilsyn med barneverntenesta i kommunar og i institusjonar, men vi har ikkje klart det talet tilsyn som har vore venta.

Behandlinga av klagesaker etter helselovene, sosialtenestelova og barnevernlova har blitt gitt høg prioritet. Derfor har embetet nå ein saksbehandlingstid på ca 40 dagar eller mindre for alle rettighetssaker. Vi meiner at dette er viktig for å vareta rettstryggleiken for enkelt pasientar og klientar.

Rådgeving og oppfølging av kommunane for å nå måla i Opptrappingsplanen for psykisk helse har vore gjort slik oppdraget skisserer. Fylkesmannen har vore aktiv i overvakinga og rådgevinga når det gjeld rekrutteringsplanen for helse- og sosialpersonell.

Fylkesmannen har vore aktiv i rettleiing av kommunane i forhold til pleie- og omsorgstenester, og det har vore særlege tema som kommunane har vore opptekne av som IPLOS, demensutgreiing og bruk av tvang mot demente personar.

Folkehelsearbeidet er i god gjenge. Alle avdelingar hos Fylkesmannen er med i eit folkehelseutval som er oppnemnd i embetet. Både i fylkesplanarbeid og kommuneplanarbeid er dette utvalet ein viktig samarbeidsarena. Fylkesmannen har vore aktiv pådrivar i forhold til dei ulike handlingsplanane i folkehelsearbeidet. Fylkesmannen har vore aktiv pådrivar for å få til eit formalisert partnerskap for folkehelsearbeidet, og i 2006 har Rogaland fylkeskommune kome godt i gang med sitt arbeid.

Fylkesmannen har etablert nettverk og kontaktar med kommunane og med trygdeetaten og arbeidsmarknadsetaten for å fremme arbeidet med NAV i fylket og det har vore regelmessige møter med dei ulike aktørane.

2.3 Oppvekst, familie, barnehagar og utdanning

Fylkesmannen har både gjennom generell informasjon og rettleiing og gjennom spesifikke tiltak, motivert til heilskaplege tiltak og betre samarbeid når det gjeld barn og unge. I kontakten med barnehagefagleg og skolefagleg ansvarlege og med PPT er slike spørsmål jamleg på dagsorden. Dessutan har Fylkesmannen v/Utdanningsavdelinga i 2006 hatt to prosjekt der betre samordning er konkrete målsetjingar, prosjektet "Barnehage+skole=sant" og prosjektet "Dei utfordrande barna". Sjå nærmare omtale nedanfor.

Utdanningsavdelinga samarbeider med Helse- og sosialavdelinga og Landbruksavdelinga om oppvekst- og levevilkår for barn, m.a. om oppfølging av strategiplanen *Psykisk helse i skolen*

og om prosjektet *Fysisk aktivitet og måltid i skolen*. I samband med desse tiltaka er det også poengtert at tverrfagleg samarbeid er viktig i kommunane. Tiltaka er nærare omtalte i kap 3.

2.3.1 Barnehagefeltet

Barnehageutbygging har vore og er gjennomgangstema på nettverksmøte med dei barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. Det er også gitt informasjon og rettleiing om utbygging og tilskot etter førespurnad pr telefon og e-post. Det er gjennomført ei saksbehandlarsamling der eit sentralt emne var kommunen sitt arbeid mot full barnehagedekning. Elles er det gitt tilbod om samarbeid og dialog til kommunar som ønskjer særskilt bistand. Vi nemner også at Utdanningsavdelinga i samarbeid med Landsbruksavdelinga, har hatt informasjonsmøte om gardsbarnehagar for gardbrukarar som vurderer drift av barnehagar som alternativ gardsdrift. Vi deltok også i samband med statssekretær Lisbeth Rugtvedt sitt møte med politisk og administrativ leiing i Sandnes og Stavanger om utfordringane med å nå målet om full barnehagedekning.

Fylkesmannen prioriterer arbeidet med informasjon og rettleiing mot kommunane sin barnehageadministrasjon og gjennom dette tydeleggjering av kommunen som barnehagemynd. Dei tre nettverka i fylket er ein viktig arena for dialog og erfaringsutveksling, og det har vore tre møte i kvart nettverk i 2006. Målet om full barnehagedekning, kompetanseutvikling og implementering av rammeplanen har vore gjennomgangstema dette året. Det er i tillegg arrangert to samlingar for saksbehandlarar i kommunane der m.a. følgjande område er gjennomgått:

- Korleis når vi målet om full barnehagedekning?
- Ny barnehagelov med merknader
- Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak
- Forskrift om mellombels og varig dispensasjon frå utdanningskrav
- Forskrift om likeverdig behandling

Fylkesmannen har i 2006 drive to prosjekt, begge med målgruppa barn i alderen 4-8 år. Prosjektet ”**Barnehage+skole=sant**” starta opp hausten 2004, og var eit samarbeid mellom fylkesmannen i Rogaland og Hordaland. Rogaland har hatt prosjektleiinga. Fem kommunar deltok med om lag 70 deltakarar frå 10 skolar og 12 barnehagar. Prosjektet vart avslutta hausten 2006 med ein rapport (sjå nettsida vår) og ein spreingskonferanse i januar 2007. Det er stor interesse rundt erfaringar og resultat frå prosjektet, og det melde seg på langt fleire til sluttkonferansen enn det var rom for.

Prosjektet ”**Dei utfordrande barna**” vart starta hausten 2005 med tverrfagleg deltaking frå kommunane Time, Sandnes, Lund og Eigersund. Prosjektet er toårig med overordna mål å styrkje systemretta arbeid og utvikling av handlingskompetanse for å førebyggje, avdekke og avhjelpe psykososiale vanskar hos barn i alderen 4-8 år. Fylkesmannen er prosjektleiar og Senter for Åtferdsforskning (UiS) har det faglege ansvaret.

Fylkesmannen arrangerer årleg ein barnehagekonferanse i samarbeid med Universitetet i Stavanger og Utdanningsforbundet Rogaland. Målet med konferansen er å presentere nye utviklingstrekk og utfordringar for barnehagane, og å vere ein fagleg møtestad for barnehageutsette i fylket. Konferansen har til vanleg om lag 200 deltakarar. Temaet for konferansen i 2006 var ”Rom for medverknad?” og var eit ledd i implementeringa av ny lov og revidert rammeplan. Over 500 deltok på konferansen - ny rekord i regionen!

Elles nemner vi at fem kommunar/barnehagar i Rogaland er med i NAFO-prosjektet **Språkleg og kulturelt mangfald i barnehagen**. Prosjektet starta hausten 2006, og prosjektleinga er lagt til Universitetet i Stavanger. Vi tar også med nettverket for fagansvarlege i kommunane på området **styrka barnehagetilbod/spesialpedagogisk hjelp**. Nettverket vart starta hausten 2005 og skal medverke til erfaringsutveksling, rettleiing og opplæring. Nettverket har hatt 4 møte i 2006, og har m.a. invitert faglege kompetansesenter til møta for å avklare samarbeid rundt barn og foreldre med særskilte behov. Utdanningsavdelinga deltar også i **ressursgruppe for ernæring** i helse- og sosialavdelinga for å bidra med kompetanse om barnehagesektoren. Formålet med ressursgruppa er å gi informasjon om og setje i verk tiltak knytte til emnet mat og måltid i barnehagen.

Vi viser elles til eigen årsrapport om barnehagefeltet til Barne- og familiedepartementet.

2.3.2 Grunnopplæringa

Fylkesmannen gjennomførte våren 2006 nasjonalt tilsyn med 3 kommunar retta mot opplæringslova §13-10, 2. ledd. Hausten 2006 vart det ført tilsyn med nok ein kommune på dette feltet. Det er vidare gjennomført risikobasert tilsyn med ein kommune retta mot kap 9A i opplæringslova, og med Rogaland fylkeskommune retta mot § 13-3a i opplæringslova.

På friskolefeltet er det ført tilsyn med 8 friskolar retta mot friskolelova §§ 3-4 og 3-6, § 5-2, andre ledd pkt i og tredje ledd, § 5-2 andre ledd pkt d, og kapittel 5 i Forskrift om budsjett, rekneskap, kontroll og revisjon for friskolar som får statstilskott etter lov om frittstående skolar.

Endeleg er det ført tilsyn med The British International School of Stavanger retta mot opplæringslova § 13-10, 2. ledd. Det er gjort nærare greie for tilsynsarbeidet i kap 3.

Vi nemner at det nasjonale tilsynet vart følgt opp med ein todagars konferanse i november med fokus på status og utfordringar i Rogaland etter tilsynet, og vel 220 deltok her. Utdanningsavdelinga har også samarbeidd med KS Rogaland om eit arbeidsseminar for skolefagleg ansvarlege om å sikre eit forsvarleg system etter § 13-10, seminaret blir gjennomført 14. mars.

Oppgåver knytte til Kunnskapsløftet er prioriterte i samsvar med føringane i embetsoppdraget. Samarbeid med skoleeigarane, KS, UH-sektoren og lærarorganisasjonane er nærare omtalt under kap 3, resultatområde 33.2 nedanfor. Tildeling av kompetanseutviklingsmidlar er utført som føresett og er også nærare omtalt i same punktet. Fylkesmannen har assistert Utdanningsdirektoratet i arbeidet med oppsummering av høyringar om nye læreplanar, og har dessutan saman med Fylkesmannen i Aust-Agder hatt særskilt ansvar for oppgåver knytte til TIP-faget. Følgjande vart gjennomført i 2006:

- Tre planleggingsmøte saman med Fylkesmannen i Aust-Agder og Hordaland og leder for læreplangruppa i TIP-faget.
- Arrangert høyringsmøte våren 2006
- Deltaking på tilsvarande høyringsmøte i Hordaland
- Delteke to dagar i Utdanningsdirektoratet til oppsummering av høyringsfråsegn
- Planlegging av høyringsmøte TIP-faget VG3, januar 2007

2.3.3 Introduksjonslova

Den nye tilskottsordninga med per capita tilskott for alle innvandrara 16-55 år med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter § 17 i introduksjonslova gjeld alle som har fått opphaldsløyve etter 1. sept. 2005. 16 kommunar i Rogaland fekk tilskott etter den nye ordninga for busette i 2006. Kommunane har framleis eit monaleg tal innvandrara som utløyser tilskott etter den gamle ordninga - no kalla overgangsordninga. Ein reknar med at tilskott etter overgangsordninga vil minke, medan per capita tilskott vil auke i åra framover. Fylkesmannen har i 2006 arbeid saman med UDI, Utdanningsdirektoratet og VOX for å informere om ordninga, m.a. gjennom ei samling for kommunane i samarbeid med IMDI Vest i oktober, her møtte om lag 35 deltakarar. Elles arrangerte vi i november ein konferanse om opplæring for vaksne innvandrara i november, og her deltok vel 100 påmelde. Det er behandla fire klager etter introduksjonslova i 2006, tilsvarande tal var 7 i 2005.

2.3.4 Barnevern

Fylkesmannen har ført tilsyn, både systemtilsyn og stadlege individretta tilsyn og behandla saker etter barnevernlova som tidlegare år. Fylkesmannen har oppfylt måla om talet på lovpålagde stadlege individretta tilsyn. Det er faste møte med barnevernleiarane i kommunane og fagteamleiarane frå Bufetat to gonger i året som ledd i stimulering til nytenking, organisasjons- og tiltaksutvikling og rådgiving i samband med interkommunalt samarbeid. Sjå elles resultatområde 45.

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Strandsone

Det er større utbyggingspress enn nokon gang i fylket. Vi har store kapasitetsproblem i høve til å gi sakene ei god behandling. Samarbeidet med fylkeskommunen om "Den regionale dialog" hjelper litt, men konfliktsakene må fylkesmannen ta seg av dersom den nasjonale politikken skal forsvareast.

2006 har vore eit år med stor aktivitet på kommuneplanarbeidet. Dette har ført til mange gode planar, også i høve til å forvalta strandsona. Vi har gjennom gode prosessar med kommunane komme fram til løysinga i nær alle tilfelle. Alle ny reguleringsplanar i strandsona utfordrar likevel strandsonevernet, og det er arbeidskrevjande og tungt politisk å halde område ubebygd og å sikre gode tilhøve for allmenta. Hovedutfordringa er likevel at vi må behandla svært mange dispensasjonar i strid med vedtekne planar.

Vi vil gjenta at det ikkje er heilt logisk at Rogaland høyrer til Kystsonenettverket på Vestlandet, medan Fylkesmannen i Vest-Agder er setjefylkesmann når vi klagar på dispensasjonar. Nettverkstilnyttinga eller sette-FM bør endrast.

Vassdrag

Det er ikkje lett å halde nærområda til vassdrag, verna eller andre, fri for utbygging. Hovedutfordringa på landsida er hyttebygginga. St. meld 21(2004-2005) RM, har likevel gitt klare politiske signal som vi følgjer opp og som vil betre tilhøva etter kvart.

Vassdragsutbygginga held fram, og vi behandlar nokre store prosjekt og svært mange småkraftverk. Samarbeidet med NVE er godt i desse sakene. Stortingsvedtaket om å gi løyve til utbygging også i verna vassdrag har ført til mange nye prosjekt i slike.

Fjellområda

Viktige fjellområde i Rogaland er verna etter naturvernlova og derfor sikra mot hytteutbygging. Vi er medvitne om villreinproblemstillinga i desse og andre område. Største utbyggingspresset har vi i område med alpinanlegg.

Hovedutfordringa det siste året har vore at kommunane (m.a. Hjelmeland og Sauda) gir løyve etter landbruksvegforskrifta til å byggje "skogsvegar" inn i fjellet der framtidig hytteutbygging synes å vere eit viktig føremål. Jf og rettssak i Sauda. Denne forskrifta bør endrast.

Vindkraft

Planlegginga av små og store vindmølleparker er omfattande både i nordre og søndre del av fylket. Det er derfor stort behov for den fylkesdelplanen for vindmølleutbygging som nå er i sluttfasen. Samarbeidet med fylkeskommunen har vore svært godt, men for ressurskrevjande for fylkesmannen. Det vil vere viktig at fylkesdelplanen får rimelig rask behandling når han skal godkjennast og at planen gis autoritet i enkeltsaksbehandlinga.

Fylkesdelplanen legg til rette for vindkraftutbygging på ca 4,5 GWh, medan målet i Rogaland var 3 GWh. Ut frå dei signal utbyggjarane gir, er det ikkje tilstrekkeleg statstilskot til at dei vil gå i gang med utbygging nå.

Byar og tettstadar

Ei av utfordringane her er at mange planar og dispensasjonssøknadar inneber omdisponering av ulike grøntareal som det allereie er mangel på. Grunngevinga kan dels vere akseptabel; areal til ny barnehage som det elles ville vere kostbart å skaffa areal til, men det ønskes også omdisponering til parkeringsareal eller privat utbygging. Desse omdisponeringane er i strid med RPR- for barn og unges oppvekstområde, og vi har ikkje kapasitet til å følgje dette godt nok opp. Det er framleis eit problem å få sett av tilstrekkelig med grøne område i strandsona og andre korridorar.

Av kapasitetsgrunnar hos fylkesmannen er det fylkeskommunen som tek seg av dei alle fleste plansakene innan allereie utbygde område, og derfor blir det nær ingen motsegner på dette saksområdet.

Ei heilt anna utfordring er at det utan løyve frå fylkesmannen blir etablert avfallsverksemd og liknande som forureinar nabolag. Vi har stadig politisaker på dette feltet.

Omdisponering jordbruksareal, vern av viktig jord- og kulturlandskap, rettleiing landbruksomgrepet m.m.

Høgkonjunktur, sentralisering og folkevekst gir sterkt utbyggingspress i dei sentrale jordbruksområda i fylket. Fylkesmannen er aktivt med i samfunnsplanlegginga gjennom oppstartsmøte for kommuneplanar, tidlege innspel i planlegginga, uttale til planprogram og til kommuneplanframlegg, i drøftingsmøte og mekling og i generelt informasjons- og motivasjonsarbeid. I 2006 er det lagt særleg vekt på å stimulere kommunane til å avgrense kjerneområde for landbruk og kulturlandskap i kommuneplanane. Alle kommunane i Jærenregionen har no fastsett langsiktig grense for landbruk i samsvar med prinsippa i fylkesdelplanen. Røynslene syner at dette har stor effekt for arbeidet med å avgrense tettstadveksten på jordbruksareal. Fylkesmannen legg i arbeidet med kommune- og reguleringsplanar stor vekt på at det blir planlagt for god arealutnytting i nye område og fortetting i eksisterande byggeområde.

Det er framleis eit stort (og aukande) tal saker som gjeld dispensasjon frå kommuneplan for frådelingar og byggjetiltak i LNF-område. Spreidde frådelingar og byggjetiltak vil over tid gi landbruksområda preg av å vere blandingsområde der landbruket må tilpasse seg andre bruksinteresser. Dette vil gjere det vanskelegare å utvikle kostnadseffektiv matproduksjon og tenleg bruksstruktur i områda.

2.5 Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Fylkesmannen har ei sentral rolle i utvikling av strategiar for landbruksutvikling innfor ramma av den nasjonale landbrukspolitikken. Sentrale prosessar er fastsetjing av strategiar for landbruksbasert næringsutvikling og utarbeiding av regionalt miljøprogram. I 2006 blei det gjennomført nokre justeringar i Regionalt miljøprogram og prosessen med revisjon av strategiane for landbruksbasert næringsutvikling blei starta opp. Begge desse prosessane blir gjennomførde i nært samarbeid med andre regionale aktørar og fagлага i landbruket. Fylkesmannen arbeider også strategisk gjennom deltaking i dei ulike partnerskapa og gjennom særskilte satsingar.

Fylkesmannen har i 2006 starta med faste samrådsmøte med dei to fagлага i jordbruket for informasjon og innspel.

Røynslene frå dei to åra med tildeling av tilskot i Regionalt miljøprogram syner at programmet er målretta og effektivt. Programmet gir auka engasjement i utvikling av miljøverdiar frå landbruket og gjer det synleg kva for miljøgode landbruket gir tilbake til samfunnet i høve til dei budsjettoverføringane landbruket får. Slik sett er Regionalt miljøprogram eit viktig strategisk verkemiddel og eit effektivt tiltak for å skape legitimitet for landbrukspolitikken.

Fylkesmannen koordinerte det fylkesvise arbeidet med nasjonale strategiar for auka avverking. Skogsektoren i fylket så vel som kommunane, fylkeskommunen og Innovasjon Noreg var aktivt med i strategiarbeidet.

I verneplanarbeidet er utfordringa å få slutført forvaltningsplanar for Frafjordheiane og Jærstrendene. Dette er i god gjenge og vi reknar med å ha førsteutkast klar i 2007. Vi deltek elles i DN sine arbeidsgrupper, t.d. for Ramsar-områda som det er mange av i fylket.

Samarbeidet med SNO er framleis godt, men det er eit stort sakn at det ikkje er ein SNO-stilling til for arbeidet på Jæren og elles i sørfylket. Det er stadige tilfelle av ulovleg verksemd i verneområde som svekkar verneverdiane.

Vi følgjer opp det kommunale arbeidet med kartlegging av det biologiske mangfaldet, men mange av karta har dårleg kvalitet. Nå gjenstår registreringsmaterialet frå 3 kommunar. Ein positiv verknad av arbeidet er at kartdata nå kan gi grunnlag for utbetaling av tilskot frå Regionalt miljøprogram for landbruket (RMP). Nokre kommunar er derfor meir opptekne enn tidlegare av at karta blir dekkande. Kartleggingsarbeidet blei påbegynt i 1999 og skulle vært oppdatert sidan førekomstane kan ha endra seg.

Vi er engasjert med å ta vare på den trua arten elvemusling og avventar signal frå DN om åkerrikse og stor salamander. Elles er som kjent aktivt arbeid i samsvar med arealplanlegginga, - motsegn og evt klage på dispensasjon, det viktigaste verkemidlet for å ta vare på trua artar.

FM Rogaland er sekretær for Rovviltnemnda i region 1 og følger denne og rovviltarbeidet elles opp på ein slik måte at konfliktane med ulike interessegrupper må seiast å vere små.

Det er ikkje motteke nye oppdrag knytt til nasjonale vassdrag eller fjordar. Lakseparasitten *G.salaris* er framleis ikkje i Rogaland.

Vi følger opp ny strategi for hjortevilt og frå ViSa-prosjektet.

Vi orienterar stadig kommunar om høve til å få tilskot til sikring av viktige friluftsområde.

Vi følger opp tilsyn etter forureiningslova så langt kapasiteten rekk. Brukte ca 1 år i 2006, medan vi burde brukt mykje meir. Alvorlege brot på regelverket blir det reagert på med politianmelding og evt tvangsmulkt. Det er framleis behov for å vurdere FM sine oppgåver på forureiningsområdet med tanke på å prioritere vekk det som ikkje er farleg miljøforureining, og som kommunane fullt og heilt kan ta ansvar for.

FMVA fekk vassressursmynde for Rogaland, og vi satsar på å følgje opp vår del av arbeidet dersom det blir særskilt finansiert.

Tiltaksplanar Forureina sediment er ferdig, men det er uklart korleis dei vil bli følgt opp. Grunnforureiningslokalitetar blir følgt opp dersom FM får kjennskap til at det skal gravast eller byggjast på dei. Avfallsdeponia som skal vidareførast etter 2009, 3 stk, vil få nye utsleppsløyve i 2007 dersom rettleiingsmateriell, inkludert om sigevasshandtering, blir ferdig frå SFT i rimeleg tid.

Vi følger opp utsleppsløyve i høve til nitrogen og fosfor der fylkesmannen har mynde, men tek ikkje ansvaret der mynde er delegert til kommunane.

Vi håper å kunne prioritere at IPPC-verksemndene (ca 25 stk) får nye løyve som følgjer opp IPPC-direktivet innan 2007.

Miljøstatus er rimeleg oppdatert.

2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har hatt åtte systemtilsyn i 2006. Tema for våre tilsyn har mellom anna vore samanheng i kriseplanverk, bruk av ROS-analysar i plan behandling og som grunnlag for tematiske kriseplanar. Vidare har vi hatt eit særleg fokus på kriseplanverk etter lov om helsemessig og sosial beredskap og smittevernlova. Representant frå Helse- og sosialavdelinga (assisterande fylkeslege) har vore med på tilsyna. DSB gjennomførte systemtilsyn med Fylkesmannen i Rogaland hausten 2006.

Vi har i 2006 prioritert samfunnstryggleik i arealplanlegginga, men ser at behovet for å delta i planprosessar og kontroll ab planverk er langt større enn det er mogleg å tilby. Vi har likevel medverka aktivt til å setje samfunnstryggleik og beredskap på dagsorden i samband med å delta på oppstartmøte for revisjon av 9 kommuneplanar og fråsegn til 9 planprogram.

Det blei gjennomført øving for Fylkesmannen sin krisestab i desember. I denne øvinga blei nye lokale for kriseleiinga tatt i bruk. I samband med øvinga blei "Plan for kriseleiinga – krisestab" revidert og oppdatert.

Fylkesmannen har arrangert to møte i Fylkesberedskapsrådet.

Ut frå øvingskonseptet "Øvelse Rogaland", med øving av kommunane annankvart år, er ikkje kommunane øvde i 2006. Unntaket er Haugesund kommune som ikkje blei øvd i 2005. Fylkesmannen arrangerte derfor øving i strategisk krisehandtering i Haugesund i november 2006.

I arbeidet med krisehandtering er det viktig å ha klare roller og rolleforståing når krisa er eit faktum. Særleg viktig er det å komme fram til klare grenser for kva kommune og kva fylkesmannen har ansvar for.

I dette arbeidet er det viktig å ha klare roller og ansvar for kven som gjer kva nå krisa er eit faktum. Særleg viktig er det å omtale rett kva kommunane og kva fylkesmannen har ansvar for.

Når det gjeld tildelingsbrevet sitt krav om at Fylkesmannen skal gi nødvendige opplysningar om sårbare miljøressursar dersom private etterspør slike i samband med aksjon mot akutt forureining, så vil vi vil minne om at kommunane normalt har dei same opplysningar om miljøverdiar som fylkesmannen, og at det normale derfor bør vere at private vender seg til kommunane om dette, både når det er aksjonar og elles.

3 Dei einskilde resultatområde – inndelte etter departement

Miljøverndepartementet sine resultatområde

Resultatområde 01 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald

Rogaland har ca 177 verna område, men Jærstrendene landskapsvernområde er utan samanlikning det området som krev flest ressursar å forvalta. Det skuldast at det grensar opp til eit aktiv jordbruksområde og brukast til alle årets tider av befolkninga på 250 000 menneske. I 2006 har det i tillegg vore mykje arbeid med førebuing til nytt skjøn etter siste vernerevisjon og til utarbeiding av forvaltningsplan. Vi håpar han blir ferdig i 2007. Forvaltningsplan for Frafjordheiane landskapsvernområde er sendt Direktoratet for naturforvaltning (DN) til gjennomsyn.

Prøveprosjektet lokal forvaltning av verneområde gjeld 8 kommunar. Det er ein stor mangel at plan- og bygningslovsakene i desse verneområda ikkje blir sende til fylkesmannen, noko som fører til at DN må innkalla og gjera om dei kommunale vedtaka i einskilde saker.

Samarbeidet med Statens naturoppsyn (SNO) er svært godt. SNO følgjer opp motorferdsel i utmark sommar og vinter. Vi rår sterkt til at oppsynskapasiteten i sørfylket med Jæren blir auka.

Arbeidet med kommunal kartlegging av biologisk mangfald (BM) går mot slutten og 22 av 26 kommunar har levert kartdata. Kvaliteten er svært varierende og sidan prosjektet tok til i 1999 er det trong for ein ny kartleggingsrunde. Desse og andre data er avgjerande for at ein skal

kunne stoppa tap av BM innan 2010, m.a. i arealsakene. Kartlegging av biologisk mangfald i ferskvatn er gjennomført, og vert kvalitetssikra i 2007.

Arbeidet med å formidla biologiske grunndata til Fylkeskommunen for utarbeiding av den nye fylkesdelplanen for vindkraft har teke svært mykje ressursar.

Rovviltforvaltninga skjer saman med Rovviltnemnda for region 1 og har ikkje ført til vesentlege konflikhtar i Rogaland. Sikring av villreinen sitt leveområde blir prioritert i arealsaker, men konfliktane er små sidan mykje villreinareal er verna etter naturvernlova.

Lakselus er nå det viktigaste trugsmålet mot biologisk mangfald i Rogaland. Sjøaurebestandane i fylket er i ferd med å bli utrydda på grunn av lakselusproblemet. Bestandane i Ryfylke er kanskje ca 5-10% av kvad ei var for nokre år sida. For laksebestandane er igjen lakselusproblemet blitt det store trugsmålet for utvandrande smolt. Den frivillige synkrona avlusinga som oppdrettsanlegga skal foreta fungerer ikkje. Berre ca 60 % deltaking i 2006. Vi har i møte med Mattilsynet i februar 2007 teke opp at det nå må utarbeidast ei ny forskrift med tvungen synkron avlusing. Dette vil bli følgt opp, men det er heilt naudsynt at DN og MD også arbeider for å få dette til snarast råd.

Vi behandlar framleis nokre større vassdragsutbyggingssaker (Helleland og Sokndal) og eit stort tal småkraftverk. Samarbeidet med NVE er godt.

Av sårbare artar har vi eit særleg ansvar for elvemusling og kan også bli bedne om å følgje opp åkerrikse og stor salamander. I dei mange områda med planar om vindkraftanlegg er både kløkkesøte og hubro sterkt trua.

Resultatområde 02 Friluftsliv

Fylkesmannen sitt arbeid på dette feltet er (diverre) av kapasitetsgrunnar avgrensa til dei lovpålagte oppgåvene og tilskotsforvaltning. Allemannsretten utfordrast sterkest i strandsona ved at utbyggingspresset framleis er stort med gradvis privatisering som sikkert resultat.

Interessa for å søkje om statlege midlar til friluftslivstiltak er god, og vi oppfordrar stadig kommunane til å finne fram til viktige område som kan sikrast for framtida gjennom kjøp. Det er eit problem at mange kommunar ved tvilsam arealsaksbehandling ikkje forsvarar allmenta sine interesser, både i sikra område og elles.

Resultatområde 04 Overgjødsling og oljeforureining

Arbeidet med å hindre overgjødsling har i fleire år vore nasjonalt nedprioritert, men mistanke om samanheng med sukkertaredaude har nå sett dette i fokus igjen. Nye forskrifter er innført og FM har halde kurs for kommunane sidan desse har fått stor mynde på feltet. Gjennomføringa av forskrifta tek tid hos oss sidan vi i 2006 har mista viktige fagpersonar. Bidraget frå landbruket til overgjødsling av vassdraga er framleis stort.

Etter at vassdragsmynde nå er avklart i forhold til EU sitt vassdirektiv, vil vidare arbeid med karakterisering og handlingsplan halde fram i samarbeid med kommunar og fylkeskommunen. Røynslene våre frå Aksjon Jærvassdrag blir svært nyttige framover.

På grunn av svakt regelverk og mistanke om overføring av matfisk i merdar har vi tatt initiativ til at det nå skal setjast rammer for forbruk i oppdrettsanlegg. Omlegging til svært store merdar i Ryfylkebassenget har ført til at det nå skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing. Både avlusing og daudfiskhandteringa vil by på utfordringar i dei større merdane.

Det har ikkje vore store oljeutslepp på sjøen, men ulike øvingar bidreg til å halde oppe beredskapen. I samband med akutt ureining er det viktig å bygge på kommunane sin rolle og dei interkommunale utvala mot akutt ureining IUA, som i Rogaland fins i sør og nordfylket. Kommunane har dei same jamt over dei same miljødata som fylkesmannen og dessutan betre kjennskap til infrastruktur m.m.

Resultatområde 05 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Miljøgifter er farlege og vi skulle gjerne prioritert dette arbeidet høgare. Det er usikkert om vi får kunnskap til alle miljøgiftsaker, men vi behandlar mange mudre- og dumpesaker og saker om forureina grunn etter kvart som dei kjem inn. Vi har for liten kapasitet til å gjere nok med grunnforureiningsprosjektet.

Arbeidet med opprydding i forureina sediment har liten framdrift pga uklår finansiering. For Stavanger har vi hatt møte med kommunen og hamnestyresmakta.

9 skipsverft er kontrollert i 2006. Det er funne manglar hos alle.

Resultatområde 06 Avfall og gjenvinning

Dette er ei turbulent sektor med mykje avfall og pengar i omløp. Vår erfaring er at mange sorteringsanlegg heller blandar enn sorterar avfall. Det vil krevje tett oppfølging å få kontroll med verksemdene. Dei landsdekkande aksjonane mot farleg avfall fungerer bra og gir opplysningar om aktørar som opererar utan løyve. Desse grip vi tak i. Alvorleg brot på regelverket blir meldt til politiet. Avfallsakene er derfor sentrale i samarbeidet med politiets Miljøforum.

Vi ventar at 3 deponi vil vera i drift etter 2009. Løyva til desse kan ikkje slutførast før SFT sitt rettleiingsmaterieill er ferdig.

Vi vil på ny melde frå om at forskrift om avfall frå skipstrafikken verkar dårleg. Det er derfor store manglar for denne delen av avfallstraumen. Mykje smittefarleg avfall kjem også til landet via hamnar og flyplassar, men det er Mattilsynet sitt ansvar å gi rett regelverk for behandling av dette.

Resultatområde 07 Klimaendringar, luftforureining og støy

Rogaland er det fylket som har flest utsleppsløyve. Vi har og svært mykje industri som ikkje har/skal ha eigne løyve. Vi får kvart år ei rekke søknader om utsleppsløyve. Dette gjeld både eldre og ny verksemd. Vi har fått ei rekkje nye oppgåver, utan at nye ressursar er tilført. Dette er grunna i komande industriforskrift som stadig vert etterlyst.

Vi har 19 IPPC-verksemdar som skal følgje IPPC regelverket innan oktober 2007. Mange av desse må som følgje av dette få fornya dagens løyve. Status pr. 31.12.06 er 5 ferdige, resten under arbeid/vurdering.

Fylkesmannen driv tilsyn etter forureiningslova, produktkontrollova og internkontrollova med tilhørande forskrifter. I 2006 blei det gjennomført 38 tilsyn, av desse var 16 mottak og mellomlager av farlig avfall, 13 mindre industri og verkstader mhp kjemikaliebruk og handtering av avfall og 7 skipsverft og slippar, to kontrollar på verksemd med utsleppsløyve frå fylkesmannen og fire på setjefiskanlegg med utsleppsløyve. Tidsbruken på dette var 1,2 årsverk, noko som er under halvparten av det som er forventa.

Mynde for støy frå til dømes skytebaner og motorsport bør leggjast til kommunen (reguleringsplanar) og ikkje belaste Fylkesmannen sin saksbehandlingskapasitet etter forureiningslova.

Resultatområde 08 Internasjonalt miljøvernssamarbeid.

Området er ikkje prioritert i Rogaland.

Resultatområde 09 Regional planlegging

Dette er eit viktig saksfelt, grunnlag både for å ta vare på biologisk mangfald, allmenta sine rettar og hindre ny forureining. Dette er svært krevjande sidan plan- og bygningslova legg opp til omfattande behandling med høve til dispensasjon frå både kommune og reguleringsplanar. Ei muligheit kommunane bruker i stort omfang.

Fylkesplanar

Arbeidet med fylkesdelplanar har høg prioritet og stort omfang. Plantema har vore Vindkraft, pukk og grus, Areal og transport på Haugalandet og Universell utforming. Oppfølging av FDP-Nord-Jæren i ulike arbeidsgrupper har likeins vore sentral i mange samanhengar. Miljøvernavdelinga har for liten kapasitet til å ta hand om desse sjølv om det meste er knytt til miljøvernpolitikk. Derfor har også både Landbruksavdelinga, Forvaltningsavdelinga og Helse- og sosialavdelinga store ressursar på dette planarbeidet.

Kommuneplanar

Kommuneplanarbeidet er høgt prioritert gjennom aktiv deltaking i planprosessar, og med bruk av motsegner og faglege råd syter Fylkesmannen for at nasjonal arealpolitikk blir lagt til grunn. Vi legg her vekt på nært samarbeid med fylkeskommunen og regionale statsetatar.

Det har også i 2006 vore ein del utfordringar knyta til innføring av reglar m.a. om planprosess i ny KU-forskrift. Vi har særleg registrert manglar når det gjeld konsekvensvurdering av nye utbyggingsområde.

Vi har også i 2006 opplevd ein sjeldan aktiv periode i kommuneplanarbeidet. Vi har gitt uttale til 12 planprogram og til 9 endelege planutkast. Heile 17 kommunar i Rogaland var i arbeid med revisjon av kommuneplanen ved utgangen av året. Det er vanskeleg å prioritere tilstrekkelege ressursar til ein slik ekstraordinær arbeidstopp.

Fylkesmannen har til saman fremma over 60 motsegner til enkeltområde/tema i samband med høyring av 9 kommuneplanar. Mye av dette blei løyst gjennom ein vidare dialog etter høyring, men omfanget av motsegner fører til at planprosessane blir ressurskrevjande. Det er vår erfaring at ein del kommunar ikkje har ein tilstykkeleg strategi for dei val som blir gjort

t.d. når det gjeld hyttebygging, og overlet til Fylkesmannen å ta stilling til omfang og lokalisering.

Reguleringsplanar

Fylkesmannen behandlar dei sakene som er i strid med kommuneplanane medan Fylkeskommunen /(FK) tek dei fleste av dei andre sakene. FK fremmer normalt ikkje motsegn, noko som fører til at nasjonal politikk til dømes RPR for barn og unge, ikkje blir godt følgt opp. Fylkesmannen har fremja motsegn i ca 35 reguleringsplansaker i 2006. Dei aller fleste blei løyst ved at kommunane aksepterte motsegna eller at planane vart endra, nokre gjekk til mekling og eit par til MD for avgjerd.

Strandsonesakene tek mykje tid og er konfliktfulle. FM deltek i Kystsonenettverket for vestlandet, medan setjefylkesmann er FM Vest-Agder. Dette gjer at vi ikkje får dei policydiskusjonane som er naudsynte for å få til felles politikk. Som kompensasjon for dette vart det halde ei felles pbl-samling med Vest-Agder

Mekling plankonfliktar

Det er framleis ein tendens til at ein stor del av plansakene (kommune- og reguleringsplanar) frå kommunane har konfliktar i høve til sektorstyresmakter, i særleg grad med Fylkesmannen. Vi har i 2006 hatt **10** meklingar (15 i 2005). Det er konflikt med standsonevernet og jordvernet som har vore mest oppe til mekling. 4 saker blei sendt til Miljøverndepartementet for avgjerd.

Fleirtalet av saker med motsegn er løyst gjennom drøftingsmøte før mekling, særleg gjeld dette reguleringsplansaker.

Klagesaker, saksomkostningar og rettssaker

Saksbehandlingstida for klagesaker låg i 2006 på gjennomsnittleg 3,3 månader for heile året sett under eitt. Siste tertial låg gjennomsnittleg saksbehandlingstid i underkant av 4 månader.

Statistikk for klage reguleringsplanvedtak:

Stadfesta:	46
Oppheva.	3
Avvist/returnert:	5
Restanse	33 (2005: 24)

Delingslova

Det blei behandla ei klagesak, som leii stadfesta. Det kom ingen nye saker i 2006.

Rettssaker

Fylkesmannen var partsvitne i to rettssaker. Vi har i tillegg førebudd ei rettssak som til slutt vart trekt.

Resultatområde 10 Kart og geodata

GIS-satsinga er nå godt forankra i embetsleiinga. Storsatsinga (portalen) Temakart Rogaland er i drift. Embetet har fått på plass eit internt Geodatautvalg med representantar frå alle avdelingane. FM deltek og i samarbeidet med Noreg Digitalt Rogaland.

Arbeidet med produksjon, kvalitetssikring og ajourhald av geodata har likevel vore nedprioritert i 2006 som følgje av andre viktige oppgåver på avdelinga.

Resultatområde 11 Tverrgående oppgåver

I Miljøstatus er arbeidet med revisjon og oppdatering er nedprioritert, og mange fagtema er ikkje oppdatert. Ein hovudgrunn til dette er at overgang til ny plattform er sterkt forseinka, og det er pr 13.02.2007 usikkert når ny Miljøstatus blir lansert. Denne fadesen må SFT og FAD ta ansvaret for.

I informasjonsarbeidet prioriterer vi nyhende og forvaltningsstoff på FM.no. Dette arbeidet går betre etter kvart. Vi er likevel svært misnøgde med at overgang til Digimaker ver. 2 no er over 2 år forseinka. Slikt sett kan det sjå ut til at informasjon på nett ikkje vert prioritert av FAD.

Tildeling av skjønnsmidlar med miljøprofil er i 2006 som tidlegare gitt til 5 kommunar for meirarbeid med forvaltning av mange eller store verneområde. Det er ønskeleg med fleire kommunale søknadar om støtte til prosjekt med god miljøprofil.

Landbruks- og matdepartementet sine resultatområde

Fylkesmannen arbeider for eit livskraftig landbruk og levande bygder i alle delar av fylket. Målet er ei berekraftig utvikling som gir inntekter og bulyst. Omstilling, nyskaping og livskvalitet er viktige stikkord i dette arbeidet. Landbruksavdelinga har i 2006 spesielt hatt fokus på å kommunisera endringar i landbrukspolitikken. Dette har bl.a. skjedd gjennom strategiarbeid, partnerskap, idémyldring og prosjektarbeid. Fokus i arbeidet har vore:

- Sterkare prioritering av distrikta
- Større vektlegging av mellomstore bruk
- Vitalisering av skogpolitikken
- Alternativ næringsutvikling på bygda
- Langsiktig jord- og landskapsvern som grunnlag for vekst og utvikling
- Mat, bioenergi og trevirke

Resultatområde 21. Landbruksbasert næringsutvikling

Nøkkeltal for landbruket i Rogaland

	Rogaland	I prosent av landet
Jordbruksverksemder, tal i drift	5 000	10
Skogbrukseigedommar, tal skogfondskonti	5 700	4
Jordbruksareal totalt, dekar	1 002 000	10
Fulldyrka areal	555 000	7
Anna eng og innmarksbeite	447 000	24
Skogbruksareal totalt, dekar	2 000 000	2
Produktivt skogareal	1 400 000	2
Tilvekst, m ³	400 000	2
Husdyr, stk.		
Mjølkekyr	47 000	18
Anna storfe	107 000	18
Vinterfora sauer	201 000	19
Avlssvin	14 000	23
Slaktesvin	380 000	27
Verpehøns	978 000	29
Grønsaker, tonn		
Tomat	9 700	88
Agurk	3 600	33
Tilleggsnæringar		
Norsk bygdeturisme og gardsmat, medl.tal	29	
Inn på tunet Rogaland, medl.tal(gardsbruk)	46	
Bygdeservicelag, tal lag	16	
Gardssager, tal sagbruk	45	
Økologisk landbruk, tal gardsbruk	55	

21.1 Jordbruk

Rogaland har om lag 10% av jordbruksarealet og 10% av aktive jordbruksføretak i landet. For første gang er det registrerte jordbruksarealet på meir enn 1 mill dekar. I dei viktigaste husdyrproduksjonane er fylket sin del av produksjonen mellom 18% og 30%. Rogaland får år for år ein større del av den nasjonale produksjonen. Innafor fylket skjer det og ei sentralisering. Dei sentrale produksjonsområda for mjølk, kjøt og egg på Jæren blir sterkare medan produksjonen i mange distriktsområde blir redusert. Landbruket blir svekka der det har mest å seie for busettinga og lokalsamfunnet.



Mjølka renn til Jæren. Gjennom sal av mjølkekvotar skjer ei suksessiv flytting av produksjonsvolum frå utkantane i fylket til kjerneområda på Jæren. Talet på samdrifter aukar sjølv om rammevilkåra er endra. Fylkesmannen har i innspel til jordbruksforhandlingane gjort

framlegg om å bruke den delen av mjølkekvoten som staten kjøper, strategisk til å styrke mjølkeproduksjonen i utkantane av fylket i samband utbygging av nye produksjonsanlegg.

Strukturrasjonaliseringa held fram. Dei store investeringane i nye produksjonsanlegg, særleg på Jæren, er grunnlag for større produksjonseiningar og meir effektiv drift. Talet på bruk går ned, men nedgangen er likevel klårt mindre enn gjennomsnittet for landet. I ein skilde distriktskommunar der landbruket står særleg sterkt, slik som Finnøy og Bjerkreim, er bruksstrukturen meir stabil.

Rogaland fylke er inne i ein høgkonjunkturfase med stort press på arbeidsmarknaden. Spesielt på Jæren er det lett å få anna arbeid som er høgt avlønna og med gode arbeidsvilkår. Denne konkurransen er ei utfordring for landbruket. Fleire bønder, spesielt i pressområda, sluttar og vil komme til å slutte, fordi det er meir lukrativt å selje mjølkekvota, selje garden som tilleggsjord og dermed auke verdien på tunbygningane. Ulempene er store i form av utholing av eit aktivt landbruk, oppsmuldring av fagmiljø, fragmentert drift som igjen genererer meir landområde til utbygging. Fordelen er at det gir rom for rasjonalisering.

Tendensen mot færre og større bruk er gjeldande og i Rogaland. Landbruksnæringa har vanskar med å følgje den kraftige velstandsutviklinga i samfunnet. Dette vil innan kort tid få større utslag på rekrutteringa til primærproduksjonen.



Basert på ulike indikatorar har Fylkesmannen ein klar oppfatning av at det relativt sett er stor optimisme i landbruksnæringa i Rogaland, trass "krise" innan svineproduksjonen. Jæren utmerkar seg spesielt. Fylkesmannen erfarer at optimismen ikkje er like sterk i resten av fylket. Desse indikatorane er mellom anna tal frå NILF, rekneskapslag, bankvesenet og utstyrsleverandørane i fylket. Dei melder om høgt investeringsnivå både i bygningar og i produksjonsapparatet, til både oppgradering og utviding.

Mjølkeproduksjonen er vesentleg for å oppretthalde levende bygder i heile Rogaland. Tala i samband med sal av kvotar viser at mjølka "renn" frå distrikta til kommunane Hå og Time.

I resten av fylket er det i nokre tilfeller betre forhold for å få til ei meir lønsam investering enn på Jæren, men det skjer dessverre for lite. Grunnane til dette er samansette så som

kultur, fagmiljø, optimisme, mangel på synergjar frå anna næringsliv. Fylkesmannen ser med bekymring på at ulike fagmiljø blir utarma, spesielt i distrikta. Ein kjem ikkje frå at eit aktivt og oppgåande fagmiljø er vesentleg for drivkrafta i omstillingsprosessar. Derfor har Fylkesmannen tatt initiativ til å gi Bygdekompasset ein ny giv og har med hell klart å få til nye grupper i 2006. Vi har og vore aktivt med å arbeide for å få til mjølkeprosjekt både på Haugalandet og på Finnøy. Dei har ulike utfordringar, men det dei har til felles er å få

bøndene til å bli meir merksam på utfordringane framover og kva dei sjølve kan gjere noko med, anten i samdrift eller i samhandling.

Mjølkeproduksjon

Tal samdrifter aukar. I 2005 var det 232 samdrifter. Prosentvis er det flest samdrifter i Rennesøy og Finnøy. På grunn av endringar i regelverket vedrørande aktivitetsplikta går utviklinga i mange tilfeller i retning av berre ein aktiv medlem i kvar samdrift. På ein del av desse bruka utan mjølkeproduksjon er det ungdyr eller andre husdyrproduksjonar. Tendensen er likevel at stadig fleire driftsbygningar blir ståande tome. Det er og ei utfordring med alle dei tome driftsbygningane der gardar blir selt som tilleggsjord. Samdrifter er utfordrande i forhold til å oppretthalda naudsynt beitetrykk for å hindre gjengroing.

”Hold av Storfe-2024”

Om lag 20% av tal mjølkekyr går i lausdrift. Rogaland står ovafor eit stor investeringsbehov for å kunne tilfredsstille alle krava i ”Hold av storfeforskrifta”. Etersom statsråden og den sitjande regjering går inn for å styrke familiebruket, er det tydeleg for oss at det er behov for å kanalisere meir ”friske” midlar til desse tiltaka. Om lag 60% av mjølka blir produsert på Jæren.

Sauereproduksjon

Tal vinterføra sauar er stabil i Rogaland, men det blir i svært liten grad bygd nye fjøs til sauer. Årsaka er først og fremst for låg inntening pr. vinterføra sau til å forsvare investeringane ved nybygg/rehabilitering. Denne utviklinga er bekymringsfull. Det er vesentleg for både næringa sjølv, kjøtbransjen og ikkje minst reiselivet at tal beitedyr kan oppretthaldast.

Svine- og fjørfeproduksjon

Rogaland har dei siste 15 åra ikkje gitt støtte til kraftfòrkrevjande produksjon, og vi ser heller ikkje behov for å endre på den kursen. Strukturrasjonaliseringa held fram utan at vi treng å setje inn våre verkemidlar i desse produksjonane.

Grønsaker og veksthus

Vi ser ein klar nedgang i veksthusarealet i Nord-Rogaland. Det er ei utvikling mot færre og større einingar og ei sentralisering, spesielt mot Rennesøy/Finnøy og Jæren. Gulrotproduksjonen på Karmøy viser ein nedgang i tal dekar og bruk. Omsetningsleddet bidrar og til å presse fram større produksjonseiningar.

Det er eit stort press på veksthusnæringa, spesielt var 2004 vanskeleg. Veksthusnæringa er i stor grad marknadsstyrt og er svært pressa på produksjonskostnader i forhold til land vi kan samanlikne med, t.d. Nederland. Stabil produksjon, men færre produsentar. Auka forbruk skjer på import, til dømes tomat. Dette rammar Rogaland spesielt hardt.

Kompetanse

Ulike instansar melder om at bøndene har for låg kompetanse for å kunne utnytte produksjonsgrunnlaget best mogleg. Spesielt innan økonomi/administrasjon bør det stimulerast slik at bonden får eit betre grunnlag for å kunne ta store og viktige avgjerder vedrørande utvikling av garden. For berre 5 år sidan var det normalt med investeringar på 2-3 mill. pr. bruk, medan det no er 3 – 10 mill.kr. Dette gjeld spesielt mjølk- og veksthussektoren. Investeringane har auka vesentleg, noko som set heilt andre krav til bonden enn før.

Fylkesmannen har derfor tatt initiativ til ein konferanse i 2007 der målet er å synleggjere dei kompetanseutfordringane og -behova rogalandslandbruket har, og med det leggje grunnlaget for betre samhandling og kompetansetilbod til landbruket.

Rapportering om husdyrkonsesjon for Rogaland 2006

Søknader

Vi har behandla seks søknader om husdyrkonsesjon. Tre av søknadene galdt utviding av produksjonen, og det blei gjort vedtak om avslag. Ei av desse sakene er til klagebehandling hos SLF.

Det er innvilga konsesjon for purkering. Meir konkret har Tommy Hadland, gnr 42 bnr 2 i Hå, fått konsesjon med 450 avlspurker i navet. Det er 12 satellittar i purkeringen. Vidare er det innvilga hønekonsesjon i samband med generasjonsskifte (Karmøy) og til omlegging frå slaktekylling til høner (Sandnes).

Kontroll

Fylkesmannen gjennomførte kontroll av dyretal hos fem svineprodusentar derav to i Hå, to i Klepp og ein i Time. Hos alle kunne ein konkludera med at svineproduksjonen var lovleg og innafor 2.100 konsesjonseiningar. Det kan samstundes opplysast at vi før kontrollen ringde kvar enkelt produsent om morgonen og gjennomførte kontrollen etter nokre timar den same dagen. Dermed var i det praksis ikkje mogleg for produsentane å levera dyr til slakt osv. før kontrollen.

Rapportering om erstatningsordningane i landbruket for Rogaland 2006

Statistikk

<u>Pålegg i husdyrproduksjonen</u>		<u>Utbetalingar</u>
Klassisk skrapesjuke	2 søknader	kr 1.075.900
Atypisk skrapesjuke/nor98	1 søknad	” 3.750
Infeksiøs bronkitt, fjørfe	2 søknader	” 1.856.165
Aviær Rhinotrakitt	1 søknad	” 196.188
Refusjon utgifter Mattilsynet, klassisk og atypisk skrapesjuke, i alt		” 170.749
Sum utbetalingar husdyr		kr 3.302.752

<u>Pålegg i planteproduksjonen</u>		<u>Utbetalingar</u>
Phytophthora ramorum	7 søknader	kr 1.914.052
Potetcystenematode (PCN)	1 søknad	” 96.976
Sum utbetalingar planter		kr 2.011.028

I husdyrproduksjon var det ingen klagesaker, medan det i planteproduksjon var ei klagesak.

Katastrofetap i husdyrhaldet

Ingen saker

<u>Klimabetinga skader</u>		<u>Utbetalingar</u>
Avlingssvikt	0 søknader	
Vinterskade eng	1 søknad	kr 3.127

Utfyllande opplysningar husdyr:

Klassisk skrapesjuka blei påvist på sau i Karmøy. Mattilsynet gav pålegg om avliving og destruksjon av to sauebesetningar og pålegg om saneringstiltak av/i bygningar, uteareal i tilknytning til bygningar, dyrka mark og beite. Det er til nå utbetalt erstatning for dyra. Med omsyn til dei øvrige pålegga og saneringstiltaka, kan det opplysast at Fylkesmannen har vore på synfaringar.

Det blei i 2006 påvist atypisk skrapesjuka i besetning i Tysvær, og vi ventar nå på å få inn søknaden om erstatning. Vidare er det føreteke ei utbetaling til blodprøvar, og i denne besetningen (Eigersund) blei nor98 påvist i 2004.

Infeksiøs bronkitt blei påvist i to fjørfebesetningar på Jæren. Mattilsynet gav pålegg om avliving og destruksjon av dyra samt pålegg om ein del andre saneringstiltak.

Utfyllande opplysningar - planter:

Flest søknader om erstatning galdt algesopp (phytophthora ramorum) i rododendron frå fire ulike planteskolar i fylket.

Erstatningssaka for PCN galdt resistensbrytande potetecystenematode.

21.2 Skogbruk

Fylkesmannen har proaktivt følgt opp den revitaliserte skogpolitikken. Informasjon, motiverings- og nettverksarbeid er spesielt vektlagt. Kommunane og skog- og trenæringa er hovudmålgrupper. Vi har spesielt hatt fokus på:

- Auka avverking
- Oppbygging av kvalitetsskog
- Forbetra infrastruktur
- Auka bruk av bioenergi
- Nettverksbygging for auka bruk av lokalt trevirke

Fylkesmannen har også, saman med åtte andre fylke, vore med på oppstarten av arbeidet med strategiar for kystskogbruket.

Arbeidet på skogområdet har det meste av 2006 vore sterkt hemma av ein vakant fylkesskogmeisterstilling – noko som også får verknad for 2007. Det er uheldig at budsjettsituasjonen har redusert skogkompetansen hos Fylkesmannen til nivået på 1950-talet, spesielt i ein periode med vesentleg større politisk fokus på skogsektoren.

Hogst

For 2006 blei det sett ny hogstrekord i rogalandsskogane med nesten 64 000 m³, dvs. 26% auke frå 2005. Medan hogsten totalt for landet gjekk ned med 11% i 2006, har det aldri vore registrert høgare hogstkvantum i Rogaland. Gran får større og større del av kvantumet og utgjer heile 80 % av totalkvantumet, trass i at granarealet berre utgjer 15 % av produktivt skogareal. Og for første gong har Rogaland tatt ut større verdiar enn storebrørne Hordaland og Sogn og Fjordane, sjølv om desse har dobbelt så stort skogareal.

Rogaland har i dag overavverking av gran, og mykje av hogsten skjer i relativt ung skog, rundt 50 år. Prognosar frå siste landskogtaksering viser at vi høgg dobbelt så mykje gran som vi burde ut frå normal alder for hogstmoden gran.

Hogst i eldre felt på god bonitet, over 70 år viser monaleg kvalitetsauke. Det er ikkje uvanleg med skurtømmerandelar på 70 – 80 %. Utfordringa framover blir halde noko att på hogsten av gran, mens aktiviteten på furu og gran bør aukast vesentleg til granskogen kjem med full tyngde i perioden 2020 – 2030. Det er ingen tvil om at skogreisinga med gran som hovudtreslag er blitt ein suksess, både i kvalitet, produksjon og økonomi. Med endå betre kunnskap om kva proveniensar som er eigna, lovar dette godt for neste generasjon skog med tanke på optimal verdiskaping.

Korte distriktskurs

Dette har til no vore den einaste potten vi har att på fylkesnivå. Ramma på 70 000 kr. for 2006 er løyvd fullt ut til skogdagar, korte kurs og generell informasjon. Dette er svært kjærkomne midlar som verkar som olje i eit ofte noko tregt maskineri. Vi ser at auka kompetanse verkar motiverande og aktivitetsfremjande. I tillegg gir kunnskap betre effekt av investeringsmidlane.

Skogbruksplan og miljøtiltak i skog

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog er rapportert gjennom NIJOS si nettbaserte rapporteringsløysing. Skogbruksplanlegginga følgjer hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket frå 1999. Vi la opp til ein revisjon av hovudplan for skogbruksplanlegging i 2006, men grunna vakansar har heller ikkje dette arbeidet blitt prioritert i 2006.

Skogsvegbygging


Vegbyggingsaktiviteten er svært låg med berre 6,7 km ferdigstilte skogsvegar. Det er ikkje ferdigstilt skogsbilvegar. Reduserte fordelar ved bruk av skogfond, 50 % regelen og låge tilskotsrammer, er hovudårsak til den låge aktiviteten dei siste åra.

I eit fylke der skognæringa er under oppbygging, er det langt att til eit forsvarleg utbygd vegnett. Tilskotet og elles gode rammer betyr mykje for vegbyggingsaktiviteten. Eit godt utbygd vegnett vil vera avgjerande for ei forsvarleg utnytting av dei ressursane skogreisingsarbeidet over tid har bygd opp.

Tilskotsattsane på bilvegar ligg på 50 %, mens traktorvegar ligg mellom 30 – 40 %.

I vårt fylke, som mange andre stader, er det for tida generelt stor byggje- og anleggsaktivitet. Rapportar frå fleire kommunar seier at prisane på skogsvegbygging har gjort eit kraftig hopp grunna svært gode tider i anleggsbransjen. Liten aktivitet over år har også redusert den spesielle kompetansen hos vegentreprenørane for bygging av skogsvegar.

Kompetanse på vegplanlegging er svært varierende frå kommune til kommune. Vi har kompetanse hos Fylkesmannen, men ikkje kapasitet. Den same situasjonen har vi i stor grad i eit par av dei største skogkommunane våre.



Ferdigstilte skogsvegar i 2003 – 2006 i tal (km):



	2006	2005	2004	2003
Nyanlegg - bilveg	0,0	0,9	0,3	2,0
Ombygging - bilveg	0,0	2,3	0,0	3,2
Nyanlegg traktorveg	6,7	2,9	7,0	19,4
Sum	6,7	6,1	7,3	24,6

Skogkultur

Planteaktiviteten er på tur opp etter bortfallet av tilskot til planting i 2003. Med rekordstor hogstaktivitet dei siste 4 åra er det eit stort avvik mellom snauhogd areal og det som faktisk blir tilplanta. Naturleg forynging er ikkje noko forklaring på liten planteaktivitet i vårt fylke. Rogaland har lite skogsmark eigna for naturleg forynging, og det er difor berre planting som i praksis sikrar tilfredstillande forynging. Aktivitetsauken i år skuldast i hovudsak gjeninnføringa av plantetilskotet og ny optimisme i skogbruket. Ein så liten planteaktivitet over tid vil få konsekvensar for kvaliteten og produksjonen i framtidsskogen.

Stell av ungskog har hatt ein negativ trend dei siste seks åra med eit markant nullår i 2003. I 2006 er det berre utført 1700 daa med ungskogpleie. I tillegg er det gjødsla 350 daa med ”sturemark”. Behovet ligg mellom 8000 – 10000 daa årleg. Analysar frå skogbruksplanlegginga i enkelte kommunar bekreftar også dette. Forsømt ungskogpleie på god bonitet gir store tap ved avverking; 20-30% redusert bruttoinntekt vil ikkje vere uvanleg.

Statistikk planting og ungskogpleie 2001 - 2006:



Statistikk planting og ungskogpleie i 2001 – 2006 i tal (daa):

	2006	2005	2004	2003	2002	2001
Planting	1000	600	800	600	1700	2400
Ungskogpleie	1700	2300	2900	300	3400	4500

Andre tiltak i skogbruket Her er det løyvd midlar til prosjektretta satsingar for ekstra skogkulturstasing med oppsøkjande verksemd/rettleiing. Dette er i tråd med liknande og tidlegare prosjekt på ekstra skogkultursatsing som ein har hatt god effekt av, men med vesentleg redusert innsats. I tillegg er det løyvd midlar til generell informasjon, kompetanseheving.

Taubane

Utbetalingane her har gått ned frå 108 000 kr i 2005 til berre 71 000 kr i 2006. Dette tilsvarer eit volum på ca. 1 100 m³ drive ut med taubane. Vi har i dag ingen profesjonelle taubaneentreprenørar som opererer i vårt fylke, men vi registrerer no at Vestskog har fått på plass ein intensjonsavtale med ein større taubaneentreprenør. Det ligg difor til rette for vesentleg større aktivitet i vanskeleg terreng. Dette vil og by på utfordringar for kommunane gjennom å leggje til rette for aktuelle og godt planlagde driftsopplegg. Det er svært lite kompetanse att på dette området både på kommune- og fylkesnivå.

Miljøtiltak i Skog

Dette er rapportert gjennom Skog og landskap si nettbaserte rapporteringsløysing.

Kontroll

Kontroll med skogbrukstiltaka skjer bl.a. gjennom den godt innarbeida miljø- og resultatkontrollen for skogkultur, vegbygging og skogbruksplanlegging. Vi har i år ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre vedlikehaldskontroll av skogsvegar.

Resultatkontroll av skogsvegar med tilskot

Kommunane har ansvaret for å gjennomføre resultatkontroll på alle ferdigstilte skogsvegar

med tilskot. For 2006 har det ikkje vore ferdiggodkjent større veganlegg. Alle resultatkontrollane blir rapportert gjennom fagsystemet SVEG, der alle skjema er lagt inn digitalt innan fristen den 31.12.2006. Resultatkontrollen på skogsvegar med tilskot ser ut til å vere ei oppgåve kommunane tek på alvor og følgjer godt opp.

Resultatkontroll av forynging og miljø

I vårt fylke er vi pålagt å kontrollere 20 felt, derav 10 plantefelt frå 2004 og 10 på hogstfelt frå 2003. Vi gjennomfører kontrollen i samarbeid med kommunen, og der også miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen er invitert. Resultata viser at det er få merknader på miljøvurderinga av hogsttiltak. Dette kan til dels forklarast ut frå ofte små hogstflater i vårt fylke, men også eit oppegåande entreprenørkorps som er oppdatert på å ta nødvendige miljøomsyn. Vestskog BA synest å ha gjort ein god og grundig jobb ut mot skogsentreprenørane.

Når det gjeld kulturtiltak var resultatet nedslåande. Over halvparten av felta (11 av 20) var ikkje tilfredsstillande forynga. Av desse 11 felta var 5 ikkje forsøkt forynga, medan resterande var tilplanta, men med delvis stor avgang grunna snutebille, beiteskader og dårleg utført plantearbeid.

Denne kontrollen gir ikkje noko fullstendig oversikt over foryngingstilstanden i fylket – til det er tal felt for få. Men sett i samanheng med liten planteaktivitet i fylket og relativt stor hogstaktivitet dei siste 4 åra, er det ein klar samanheng som tyder på at mange hogstfelt ikkje blir forynga i det heile. Forsømt forynging vil få konsekvensar for kvalitet og verdiskaping i framtida. Gjeninnføringa av plantetilskotet, forbetra skogfondsordning og ny skogbrukslov vil vere positiv for å snu denne negative utviklinga.

Kontrollskjema er rapportert og lagt inn i digitalt fagsystem også her ved årsskifte.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Personalressursar i bygde- og næringsutviklingsarbeidet

Behovet for omstilling og utvikling av nye næringar er ei av dei viktigaste utfordringane for landbruket og bygdene framover. Samstundes er det viktig å ta vare på og vidareutvikle det tradisjonelle jord- og skogbruket. Vår vurdering er at dersom vi har tilstrekkelege personalressursar til å finne og foredle gode prosjekt, kan vi oppnå vidareutvikling og endringar, jamvel om vi har lite omstillingsmidlar.

Å ha kompetente personar disponible til å gå inn i konkrete partnerskap og prosjekt saman med kommunane har i mange høve synt seg å vere svært positivt. Det er personar som kan ta ansvaret for framdrift og dermed gjennomføring av konkrete prosjekt det ofte skortar på.

Med stadig mindre ressursar prøver Landbruksavdelinga likevel å prioritere utviklingsarbeid, både innan det tradisjonelle landbruket og innan nye næringar. Vi har i mange år hatt fire distriktskonsulentstillingar innan bygdeutvikling. Desse finansierast no saman med kommunane og Innovasjon Noreg. I tillegg til egne ressursar, hentar vi også inn prosjektfinansierte stillingar på viktige satsingsområde. I 2006 har vi hatt ein stilling innan ”Kortreist mat”, og på slutten av året ein halv stilling innan nettverksbygging i skog- og tresektoren. Denne satsinga på personalressursar for å setje dagsorden og sikre framdrift i konkrete utviklingsprosjekt, trur vi er svært avgjerande for eit godt resultat i bygde- og næringsutviklingsarbeidet.

Fylkesmannen i Rogaland har utfordringar innan skogbasert næringsutvikling. Vi erfarer også at tiltaksapparatet ikkje klarer å følgje opp den nye satsinga innan bioenergi og trevirke. Fylkesmannen har heller ikkje ressursar å setje inn i dette arbeidet. Tidlegare låg dette arbeidet til ei stilling som no er vakant av budsjettmessige årsaker.

Regionalt samarbeid

På bakgrunn av ein del innspel til forbetringar frå dei regionale utviklingsmiljøa i fylket, har det i 2006 blitt arbeidd med å vidareutvikle og forbetre søknadsprosessen i Regionalt Utviklingsprogram (RUP). Fylkesmannen har i dette arbeidet hatt eit tett og konstruktivt samarbeid med Rogaland fylkeskommune, Innovasjon Noreg Rogaland, Forskingsrådet, NAV, regionråda og kommunane. Arbeidet har vore leia av fylkeskommunen. I RUP-partnerskapet er det mogleg for Fylkesmannen å komme i posisjon på andre politikkområde enn tradisjonell næringsutvikling. Vi nemner her kultur, friluftsliv, helse og utdanning.

Samarbeidet med Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg om utvikling av Regionalt Utviklingsprogram får stadig meir å seie for næringsutviklingsarbeidet i fylket. Og ein stor del av BU-midlane til utgreiing og tilrettelegging blir brukt til å få gjennomført prosjekt som er fremma som ein del av RUP. I svært stor grad er partnerskapet i RUP samde om prioriteringane av innsatsen, og det blir lagt vekt på felles finansiering av prosjekt som fleire av samarbeidspartane har interesse for.

Fylkesmannen har lagt stor vekt på å engasjere seg på eit tidleg stadium i RUP-arbeidet for å få fram gode prosjekt i tråd med BU-føringane. Utveksling av erfaring og informasjon med organisasjonane innan jord og skog har vore ein viktig del av denne prosessen.

Verdiskapingsforum for mat er ei strategigruppe med representantar frå primærnæringa, foredlingsbedrifter, forskingsinstitusjonar, bank og forsikring og det offentlege. Denne gruppa skal trekkje opp dei langsiktige linene for mat- og måltidsnæringa i Rogaland. Gruppa er initiativtakar til Matscenariene 2020.

Innovasjon Noreg Rogaland har medarbeidarar på landbruksområdet som Fylkesmannen jamleg har kontakt med. Dei arrangerer årleg møte for landbruksforvaltninga i kommunane og andre aktørar tilknyta landbruket. Men utover dette har IN Rogaland lite ressursar til proaktivt arbeid på landbruksområdet.

Fylkesmannen arrangerer fleire møte, kurs og samlingar for kommunane og andre aktørar tilknyta landbruket. Vi vil spesielt nemne kommunebesøka der kvar kommune blir analysert og kor kommunane legg fram sine vurderingar og utfordringar. Desse besøka medfører ofte at medarbeidarar som arbeider med bygdeutvikling blir bedne om hjelp til å løyse utviklingsoppgåver i samarbeid med kommunane. Fylkesmannen har og ein møteserie med organisasjonane i landbruket. I arbeidet med strategien for landbruksbasert næringsutvikling (LNU) får Fylkesmannen god kontakt med ulike aktørar og god oversikt over kva for utfordringar landbruket i fylket står ovafor og utviklingstrekk som pregar fylket. På same måten får også andre regionale instansar innsikt i landbruket sine utfordringar og potensiale.

Utfordringar

Den sterke fokuseringa på tilleggsnæringar har ført til redusert fokus på produsentar innan tradisjonelt landbruk frå rådgjevingsapparatet og kommunane. Til dømes har Innovasjon

Noreg i ei intern spørjeundersøking blant dei som har søkt om midlar frå IN, avdekka at Rogaland ligg under landsgjennomsnittet når det gjeld kor tilfreds bøndene er med oppfølging og innsikt i sakene frå kommunal forvaltning. Fylkesmannen erfarer også at landbruksforvaltninga i kommunane har for lite ressursar til å arbeide med næringsutvikling i tillegg til lovpålagte saker. Men det er stor variasjon mellom kommunane innan landbruksbasert næringsutvikling. Vi vil spesielt trekkje fram Hå kommune som eit godt døme på aktiv næringsutvikling i tilknytning til det tradisjonelle landbruket. Dei har spesielt lagt til rette for etablering av matforedlingsbedrifter i eit avgrensa industriområde.

Innovasjon Noreg Rogaland rapporterer at det er ein klar nedgang i løyvingar av BU-midlar til kommunar innafor distriktpolitisk virkeområde i perioden 2004 til 2006. Dette er eit tydeleg signal om at satsinga i distriktskommunane har gått ned.

Fylkesmannen erfarer at store samarbeidsprosjekt ikkje alltid er til det gode. Dessverre kan gode idear (tiltak) bli kvelte av overorganisering og uttrekking av tid. Fylkesmannen har difor også brukt ein del av utgreiings- og tilretteleggingsmidlane for å stimulere enkle og ukompliserte tiltak.

Utifrå statistikken har likevel den delen av desse midlane som blir brukt til fylkestiltak auka betydeleg dei to siste åra, frå 39 til 57%. Mange av desse prosjekta har størst effekt i Jæren-regionen. Men det er viktig at det blir sett i gang ulike prosjekt innan matnæringa, til dømes foredling, i sentrale strøk. Det kjem også distrikta til gode.

I LNU-strategien for Rogaland er det peika ut fem satsingsområde; mat, trevirke, bioenergi, reiseliv, tenesteproduksjon.

Mat

Mat er eit viktig strategiområde for Rogaland og det er derfor ikkje uventa at nær ein fjerdedel av tilretteleggingsmidlane blir sett inn på dette innsatsområdet.

Tradisjonell produksjon – sjå resultatområde 21.1.

Økologisk produksjon – sjå resultatområde 22.4.

Spesialproduksjon

Medlemstalet i organisasjonen Norsk bygdeturisme og gardsmat og Bondens Marknad har stagnert dei siste åra. Det er ein indikator på at det er behov for meir målretta mobilisering for å auke talet på spesialprodusentar. Det har i nokre år vore ei satsing på matprosjekt i Ryfylke og Dalane og det begynner nå å vise resultat. I Ryfylke har dei opna eit gardsmatutsal basert på lokale råvarer og lokal foredling. I Dalane var det fleire produsentar som deltok på ein marknadsføringskampanje i Danmark hausten 06. Fylkesmannen har vore aktivt med å leggje til rette for å betre distribusjonen av lokale produkt ut til marknaden, med eit spesielt engasjement ovafor storhushaldssegmentet. Det har og vore arrangert foredlingskurs innan osteproduksjon, arrangert studietur for kokkar/restaurantsjefar til spesialprodusentar og studietur til Røros.

Rogaland landbruksselskap og Fagforum for mat og drikke ønskjer gjennom eit fellesprosjekt å auke foredlingsgraden som igjen aukar verdiskapinga og omsetnaden av spesielle jordbruksprodukt. Prosjektleiaren sine oppgåver blir mellom anna å arbeide med å styrke

satsinga på økologiske produkt, spesialitetar, ”Beskytta Betegnelser” frå Matmerk, storhushaldssegmentet, klyngesamarbeid, innovasjon og utvikling av verksemder. Prosjektperioden er på 7 månader.

Som ledd i profileringa av Matfylket Rogaland tok Fagforum for Mat og Drikke og Gastronomisk Institutt initiativ til ein stand under Bocuse D`Or, som er verdsmeisterskapen i kokkekunst. I samband med denne konkurransen blir det arrangert ei messe. Målet med standen er å vise alle besøkande mangfaldet som Rogaland representerer, som matfylke og reisemål. I tillegg oppnådde ein målet om å få tildelt Europameisterskapen 2008 som er uttaket til Bocuse D`Or 2009. Fylkesmannen var representert på standen.

4H Rogaland og Fylkesmannen i Rogaland drog i gang pilotprosjektet Matskolen med støtte frå Landbruks- og matdepartementet. Matskolen er eit dansk konsept der ein inviterer alle born til å delta på 5 dagars ”matskular” som eit ferietilbod. Målet er å gi born kunnskap om mat, kosthald og mosjon. Målgruppa er born i alderen 8 – 12 år. 4H Rogaland har prøvd ut ulike modellar på 3 skular i 2006. Opplegget blir vidareført av 4H Noreg med ei utprøving i 5 andre fylker i 2007.

Trevirke

Den Nye tresatsinga, Trebasert innovasjonsprogram, legg opp til eit større engasjement og fleire aktivitetar på tresektoren. Det er også opning i det nye programmet for å tilpassa verkemidla til skogreisingsdistrikt. Norwegian Wood som er ein del av Stavanger kulturhovudstad 2008 kan bli svært positivt for skogsektoren i fylket. Fylkesmannen har for å følgja opp dette fått på plass eit nettverksprosjekt for å utvikla samhandlinga i verdikjeda og har i tillegg medverka til ein annonsekampanje i media for småsagbruka, www.sag.no

Tiltaket som er ein del av ”Norwegian Wood” og ”Stavanger som kulturhovudstad i 2008” har som mål å auka bruken og vidareforedlinga av lokalt trevirke frå Rogaland og stimulere til produktutvikling. Målet er å få til ei betre samhandling mellom aktørane i heile verdikjeda for trevirke og styrke posisjonen og konkurranseevna til treindustrien i Rogaland.

Årleg tilvekst i skogen i Rogaland er minst 400 000 m³, medan avverkinga berre er 60 000 m³. Det er i dag liten kontakt mellom produsentane av tømmer og potensielle brukarar av treprodukt. Dette gjer at produsentane opplever vanskeleg avsetnad og låge prisar, medan potensielle brukarar kjenner lite til det lokale råstoffet.

Eit nytt nettverk for auka bruk av tre, *Rogaland Treforum*, med deltakarar frå heile verdikjeda, er under planlegging.

Pyntegrønt

Fylkesmannen har tidlegare gitt støtte til marknadsutvikling. Dette er ofte langsiktig arbeid, men ein begynner no å sjå effektar av innsatsen. I Rogaland eksporterte vi i 2006 mellom anna 2500 store juletre til England med svært god tilbakemelding og rekningsvarande prisar. Det arbeidast også godt mot marknaden i Tyskland – både på klippegrønt og juletre. Næringa sjølv har stor entusiasme og drivkraft her i fylket.

I samarbeid med Fylkesmannen har juletrenæringa også teke tak i manglande innrapportering og svart sal av pyntegrønt gjennom kontakt med skattestyresmaktene, presseoppslag og informasjonsskriv ut til alle som driv i bransjen.

Bioenergi

Vi har ikkje hatt løyvingar på dette emnet i 2006, men Fylkesmannen har fått løyvt kr 100 000 av Innovasjon Noreg til gjennomføring av ein informasjonskampanje/møteserie om bioenergi rundt om i fylket mot ulike målgrupper – utbyggjarar, skogeigarar, politikarar i kommunane, VVS bransjen m.fl.. Tiltaket har vist at det er eit stort behov for informasjon og kompetanseheving på alle plan.

Samstundes er det tydeleg at interessa for bruk av bioenergi er stigande. Fleire stader i fylket er det lokale skogbruket i gong med å posisjonere seg som energileverandørar ovafor kundar som til no har nytta straum og olje til oppvarming, eller som har større byggjeprojekt på gong.

Bioenergisatsinga er så vidt starta i Rogaland, men det er no større satsingar på gang i Dalane, Vindafjord og Hjelmeland. Vi har eit godt samarbeid med Vestskog BA, og vi har teke initiativ til eit større nettverks- og utviklingsprosjekt som ein del av RUP 2007.

Målsettinga er auka produksjon og bruk av bioenergi frå skogen i Rogaland. Proaktivt arbeid, initiativ mot konkrete byggjeprojekt, starthjelp til etablerarar, fokus mot kommunar og utarbeiding av energiplanar og generell informasjon og kompetanseoppbygging er sentrale moment i prosjektsatsinga.

Det er også i 2006 etablert ein kontakt mot Rogaland kurs- og kompetansesenter (RKK), der vi blant anna er invitert til å delta i samarbeidsprosjekt på bioenergi i EU.

Reiseliv og opplevingsproduksjon

Nyleg blei dei nasjonale tala for overnatting i 2006 presenterte. Dei viser at Fjord Noreg med Rogaland kom best ut med 22% auke det siste året. Den generelle marknadsføringa og tilboda har såleis vore vellukka. Vi får likevel høyre og erfare at tilboda ute i distrikta ikkje er tilfredsstillande, og at vi ikkje klarar å nyttiggjere oss det potensiale som landbruksbasert reiseliv har. Fylkesmannen vil derfor i 2007 kanalisere ein større del av midlane til kvalitetssikring og produktutvikling og mindre til marknadsføring. Dette arbeidet vil først og fremst bli gjort innan prosjekta som blir vidareført *Opplev Matfylket Rogaland* og *Sekretariatsfunksjonen for NBG/BM/IPT* og den nye satsinga for 2007 i samband med : *Ryfylkevegen som nasjonal turistveg*

Fylkesmannen har lagt ned mykje arbeid allereie i prosjektet Ryfylkevegen som nasjonal turistveg, mellom anna er det etablert ei tverrfagleg gruppe ved Landbruksavdelinga som planlegg møte og set i verk ulike tiltak, til dømes skogrydding langs vegen. Dette skjer i nært samarbeid med kommunane og Statens Vegvesen. Eit eige prosjekt for næringsutvikling i Hjelmeland har fått støtte frå BU-midlane for å auke tilboda på aktivitetar for turistane i kommunen.

Fylkesmannen er aktivt med i to prosjekt relatert til utmarka; *Utmarksbasert reiseliv* og *Næringsutvikling i og ved verna område*. For Utmarksbasert reiseliv er våre fire distriktskonsulentar sentrale i prosjektet. Ved å gi desse ei aktiv rolle i prosjektet, er dette med på å sikre lokal forankring og god kjennskap til lokale forhold. Ei slik forankring er særskilt viktig i arbeidet med oppfølging av etablerarar som vil satse innan dette feltet, men også for vidareføring av satsinga når prosjektperioden går ut i 2008.

Begge prosjekta er krevjande å gjennomføre og set høge krav til samhandling og styring mellom fleire kommunar og organisasjonar. Det er også etablert eit større samarbeid på tvers av fleire fylke med tanke på næringsutvikling i og ved det verna området i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane .

Fylkesmannen har tatt initiativ til og står som teknisk arrangør av eit høgskulekurs innan interpretasjonplanlegging "På Skattejakt i Bygde-Norge" med oppstart januar 07. Det er eit spreingstiltak og har fått støtte frå KIL-midlane. Våren 2007 tilbyr Høgskulen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Rogaland i fellesskap eit 15 studiepoengs høgskulekurs i bygdeutvikling – korleis planleggje for å formidle natur og kulturarv på ein levande, personleg og engasjerande måte. Landbruket, kulturlandskapet og dei rike natur- og kulturarvressursane i bygdene kan utnyttast som grunnlag for næringsutvikling. Dette kan vere tenester knytt til eige gardsbruk / utmarksressursar eller at fellesressursar blir lagde til rette for besøkande.

Rogaland Reiselivsforum, Innovasjon Noreg, Fagforum for Mat og Drikke og Fylkesmannens landbruksavdeling har vedteke å vidareføre det opphavlege Opplev Matfylket Rogaland som eit delprosjekt i MåltidsARENA. Opplev Matfylket Rogaland skal ivareta dei strategiske føringane som ligg i delprosjektet som handlar om profilering, reiseliv og kultur i MåltidsARENA. Målet er mellom anna å profilere, auke kunnskapen om, utvikle og byggje Matfylket Rogaland. Målgruppa er brei.

Utmarksbasert reiseliv er ei treårig prosjektsatsing, og del av ei nasjonal satsing, for å utvikle produkt innafor verdikjedene jakt, innlandsfiske, laksefiske og andre naturbaserte opplevingar. Dette er eit RUP-prosjekt i samarbeid med Innovasjon Noreg, Rogaland Bondelag og Vestskog BA. Vestskog BA er prosjekteigar.

Tenesteproduksjon

Organisasjonane Inn på TUNET og Norsk Bygdeturisme og Gardsmat har om lag 75 medlemmar til saman. Etter ein mobiliseringsfase for 3-10 år sidan, er det no stagnasjon i tal nye medlemmar. I tillegg er det for lågt engasjement blant medlemmene i organisasjonane til å oppretthalde ønska aktivitet. Grunnen er at den produksjonen dei driv, eller tenester dei leverer krev, mykje tid og energi. Derfor blir det sett i verk tiltak, med midlar og ressursar frå Fylkesmannen og Innovasjon Noreg Rogaland, for å styrkje nettverka og omfanget av tenestene/produksjonen. Det er og blitt prioritert midlar til to etablerarkurs, der det eine er spesielt for etablerarar innan nye næringar.

Rogaland kurs- og kompetansesenter inviterte Fylkesmannen med i eit samarbeid i eit EU-prosjekt; SME-farmers. Arbeidet går ut på å kartlegge eksisterande og nye leverandørar av tenester knyta til agroturisme og deira behov for kompetanseheving. Dette er krevjande arbeid med mykje koordinering, samhandling, utvikling av materiell og gjennomføring av møte.

Inn på TUNET

Fylkesmannen har vore ein sterk pådrivar og har lagt ned mykje arbeid i gjennomføringa av Internasjonal workshop om "Farming for health" i Stavanger i juni 06. Fylkesmannen hadde ein sentral rolle i tilrettelegginga for dette store arrangementet. Det er dei siste par åra etablert eit europeisk tverrfagleg nettverk av forskarar, forvaltarar, samt praktikarar innan fagområdet "Farming for health" (jfr. omgrepa grøn omsorg/inn på tunet). Helse-, omsorg- og opplæringstilbod innan "Farming for health" omfattar bruk av husdyr, planter, hagar, gardsmiljø, natur- og kulturlandskap osb. Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås, i

samarbeid med Norsk Bygdeforskning og fylkesmennene i Rogaland, Vestfold og Sør-Trøndelag, sto bak denne konferansen. Workshopen er eit møtepunkt mellom dei ulike fagmiljøa med interesse for "Farming for health", både frå landbruket og frå helse- og sosialsektoren.

Fylkesmannen arrangerte i mars 2006 også ein studietur til Nederland for om lag 40 deltakarar med stor suksess.

Garden og naturen som læringsarena er eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkesmannens landbruksavdeling, Jærmuseet, Inn på TUNET – Rogaland, Høgskulen landbruk og bygdenæringar, Universitetet i Stavanger samt Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås. Prosjektet har som målsetjing å få til gard-skule-samarbeid som del av den ordinære undervisninga i grunnskulen. Sentralt i prosjektet har vore gjennomføring av eit 10 studiepoeng høgskulekurs om "Garden som pedagogisk ressurs". Det har vore stor interesse for kurset, og det blei derfor gjennomført eit nytt kurs i 2006.

Rogaland Bondelag og fellesprosjektet mellom fylkeslaga av NBG, BM og IPT har fått støtte til gjennomføring av etablerarkurs for nye næringar. Kurset er utarbeidd i samarbeid med Fylkesmannen og Etablererskolen i Rogaland. Kurset på 30 timar har som mål å auke mangfaldet av og styrke lønsemda i nye næringar, samt styrke og utvikle nettverka i dei nemnde fylkeslaga. Målgruppa er både nye og eksisterande tilbydarar, og målet er å få med 20 – 25 deltakarar.

Anna

Fylkesmannen starta i 2005 ein prosess om næringsmessig satsing på hest. Det er no gjennomført eit forprosjekt om kartlegging av ulike område. Vi konstaterer at tilbodet på ridestigar er altfor lite, at det finst lite tal om økonomi kytt til kostnadane med oppstalling og foring av hest osv.

Det har under forprosjektet kome fram så mange interessante problemstillingar og utfordringar at det gir grunnlag for ei større prosjektsatsing. Fire satsingsområde: Etablering av nye ridestigar og måtar å få det til på, få meir konkrete tal på kostnader, prising av ulike tenester og økonomi med hest. Kvalitet og pris på høg varierer ein god del så det er truleg mykje å henta på samarbeidsløysingar, stimulering av ulike fritidsaktivitetar knytt til hest.

Praktikantordninga

Bruken av midlar til praktikantordninga er sterkt redusert i forhold til 2005. Løyvd beløp er redusert med kr. 431000. Nedgangen skuldast at Fylkesmannen valde å ikkje marknadsføre ordninga i 2006. Bakgrunnen for dette valet er at vi meiner at ordninga står fram som tilfeldig og lite målretta, og at vi er meir tent med å bruke midlane til samarbeidsprosjekt enn til einskilde bønder. Søkjarane har i middel for 2006 fått ei støtte på kr. 51 392 til forskjell frå 2005 då støtta i middel var på kr. 57 878. Vi trur ei satsing på ei praktikantordning som var betre samordna med den vidaregåande skulen ville gitt oss meir att for dei midlane som går inn i denne satsinga. Fylkesmannen har med bakgrunn i dette gitt BU-støtte til eit forprosjekt kor ein ønskjer å kartleggje kva moglegheiter som finst i landbruket med tanke på gardsbruk som vertskap/lærlingbedrifter i arbeidet med fagutdanning/fagbrev for ungdommen. Dette kan gi auka moglegheiter for ungdommen, men også auka kompetanse og fleire moglegheiter for tilleggsinntekter for dei involverte bøndene.

Statistikk over ressursbruk

Det blei gitt ei løyvingsfullmakt på kr. 4 700 195. I tillegg har vi inndratt kr. 445 062. Totalt gir dette ei ramme på kr. 5 145 257. Totalt er det løyvd kr 5 130 623 fordelt på 55 saker i 2006. Det er avslått 5 saker.


Slik er fordelinga av midlane for 2006 på ulike strategiområde:

Praktikantordning:	5%
Mat:	22%
Trevirke:	6%
Bioenergi	0%
Reiseliv og opplevingsproduksjon:	29%
Tenesteproduksjon:	17%
Andre produksjonar:	21%
<u>Sum</u>	<u>100%</u>

I strategien er det ikkje lagt føringar knytt til prosentvis fordeling mellom strategiområda eller geografisk fordeling for tilretteleggingsmidlane som Fylkesmannen forvaltar. Fylkesmannen er opptatt av å fordele midlane til alle regionane, og vi set i gong tiltak i dei regionane som vi ser ikkje får så god utteljing som dei burde. Ryfylke og Jæren har dei siste åra utmerka seg med høg aktivitet med eit breitt og stort engasjement på mange felt. Fylkesmannen har derfor i 2006 spesielt sett fokus på å få til tiltak i Dalane og på Haugalandet.

BU-midler i kroner fordelt på region

Region	Løyving 04	Løyning 05	Løyning 06
Rogaland	1739000	2338654	2915762
Ryfylke	1177000	1175585	998387
Dalane	100000	552500	327000
Haugalandet	333000	418838	584700
Jæren	1106000	408190	304774
Sum	4455000	4893767	5130623



Ryfylke har fått flest midlar av regionane i 2006, men har ein svak nedgang frå 24% i 2005 til 19% i 2006. Haugalandet har auka frå 9% i 2005 til 11% i 2006. Jæren hadde ein kraftig tilbakegang frå 25% i 2004 til 8% i 2005. For 2006 ligg Jæren på 6%. Dalane har hatt ein nedgang frå 11% i 2005 til 7% i 2006. Fylkesprosjekta har auka jamt og trutt dei siste tre åra, frå 39% i 2004 til 57% i 2006.

Tal løyvingar fordelt på region

Region	Tal løyvingar 05	Tal løyvingar 06
Rogaland	26	22
Ryfylke	16	10
Dalane	8	8
Haugalandet	9	8
Jæren	8	7
Sum	67	55

Talmaterialet viser at sakene har blitt færre og større. Tal saker har gått frå 67 i 2005 til 55 i 2006, om lag 8% færre saker i 2006 enn i 2005. Midlane har derimot auka med 5%, frå kr 4893767 til 5130623 i same periode. Dette er i samsvar med det regionale partnerskapet sine mål om færre og større tiltak.

21.4 Verdiskapingsprogramma

Av plassomsyn viser vi til omtale av satsingsområda mat, trevirke og bioenergi under resultatområde 21.3.

Resultatområde 22. Miljøtiltak i landbruket

22.2 Tiltak for å redusere ureining

Hovedelementa i fylkesmannen sitt arbeid med ureiningsrelaterte spørsmål på landbruksområdet

Ugjødsla randsoner langs vassdrag

I Regionalt miljøprogram (RMP) for Rogaland vert det gitt tilskot på kr. 1000-1200 pr. dekar til ugjødsla randsoner med gras langs forureina vassdrag for å bremse avrenninga av næring. I 2006 vart det gitt tilskot til 11,2 mil med randsoner langs sterkt forureina vassdrag (nærare definert i rettleiingsheftet for RMP) svarande til 562 dekar. Av desse randsonene ligg 78% på Jæren som har dei mest forureina vassdraga. Ein rimeleg forventet reinseffekt av desse kan liggje på om lag 0,5 – 1 kg reint fosfor pr. dekar randsoner, svarande til ei tilbakehalding av 280 – 560 kg fosfor eller avrenninga av fosfor frå 1400-2800 dekar jordbruksjord. Slike bufferzoner vil og vere med å hindre plantevernmiddele i å nå vassdraga.

Fangdammar/reinseparkar

Bygging av fangdammar/reinseparkar har vore eit prioritert tiltak i rogalandsjordbruket. I 2006 vart det gitt SMIL tilskot til 25 fangdammar/reinseparkar i fylket med eit kostnadsoverslag på 3,9 mill. kroner og eit tilskot på 2,36 mill. kroner. 20 av desse tiltaka kom på Jæren.

For å fange opp avrenning av næringsstoff frå jordbruket er det på 13 år (1993 – 2006) bygd om lag 190 reinseparar i rogalandsjordbruket med investeringstøtte frå staten. Av desse ligg om lag 170 på Jæren.

Bioforsk/Jordforsk har undersøkt i alt 9 fangdammar på Jæren og har i middel funne at dei held tilbake 39 tonn (16-61) partiklar pr dekar dam pr år og tilsvarande 58,2 kg (10,6-93,5) fosfor.

Samla sett er det i perioden (1993-2006) gitt investeringstøtte til fangdammar/reinseparar i Rogaland (i dag SMIL midlar) for 22,4 mill. kroner med ei totalinvestering på 32 mill. kroner og eit areal på ca. 178 dekar. Brukar vi middeltala til Bioforsk/Jordforsk kan reinseeffekten for desse dammane reknast til om lag 10,3 (7,5 – 12,5) tonn fosfor årleg som igjen svarar til fosforgjødslinga på om lag 3400 dekar jordbruksjord.

Fangvekstar og grubbing

Gjennom det regionale miljøprogrammet blir det gitt tilskot til såing av fangvekst etter ein hovudkultur, eller til grubbing etter seint opptak av potet og grønsaker for å hindre tilslemming av jorda. Tilskotet var i 2006 etter tur kr. 100 og kr. 50 pr dekar, svarande til 6800 dekar fangvekstar og 3785 dekar grubba areal.

Prosjekt ”Frivillige tiltak i landbruket”

Samarbeidsprosjektet ”Frivillige tiltak mot forureining i landbruket” mellom kommunane på Jæren, fylkesmannen og Rogaland fylke under ”Aksjon jærvassdrag” har vore i gang i 2 år, med Rogaland landbruksselskap som arbeidsgivar. Prosjektet skal gå eit år til, med ønskje om ein ny periode dersom ein finn ein samarbeidsmodell mellom anna for finansiering.

Av prioriterte oppgåver for dei to prosjektleiarane kan nemnast:

- Rådgeving til bøndene om rett gjødsling
- Skiping av bekkelag for å overvake vassdraga
- Tiltak i prioriterte vassdrag
- Sikring av gjødselportar
- Etablering av gjødslingsfrie soner langs vassdraga

I prosjektperioden er det danna 32 bekkelag som vil overvake bekkene og ta affære dersom det er behov for det.

Gjødslingsplanlegging

Gjødslingsplanlegging for å tilpasse gjødslinga til behovet har vore eit viktig tiltak i fleire tiår. Landbruksavdelinga har vore, og er sterkt med i dette tiltaket særleg i form av prosjekt arbeid, men i hovudsak blir gjødslingsplanlegginga utført av forsøksringane. Gjødslinga med fosfor er dei siste 20 åra halvert.

Rett tid for gjødsling

Rett tid for gjødslinga er svært viktig. Fylkesmannen i Rogaland var svært ueinig i at det vart opna for at kommunane kan gjere vedtak om seinare frist enn 1. september for spreiring av husdyrgjødsel utan nedmolding. Særleg ut frå forureiningsmessige synspunkt var dette svært uheldig. Frå september av byrjar jorda generelt og bli vassmetta, nedbøren aukar, med auka risiko for jordpakking, partikkelavrenning og kortare veksttid igjen til å fange opp næringa. Fylkesmannen har derfor sendt brev til kommune med sterk oppmoding om å ikkje setje ein

seinare frist enn 1. september. Til nå veit vi berre om to kommunar som har vedteke ein seinare frist, men i dette ligg og ein fare for press og ”smitteeffekt” særleg til nabokommunar.

Vurdering av tilstand og utvikling for ureining frå landbruket i fylket

Forureining av vassdrag

I Rogaland er det særleg vassdraga på Jæren som er forureina. Overvakingsprogrammet for Jærvassdraga dei siste 10- 20 åra viser ein klar trend til reduksjon av fosfor. I svært mange elvar og bekker på Jæren tyder analysane dei siste 10-20 åra på ei halvering av fosforinnhaldet. Særleg har trenden vore positiv dei siste 2-3 åra, men dei fleste vassdraga blir likevel klassifisert som forureina/svært forureina (SFT klassifisering). Tiltak innan landbruket har gitt det viktigaste bidraget til denne utviklinga. Eit anna viktig tiltak er sanering av kloakk frå spreidd busetnad i visse vassdrag.

Overvaking av dei litt større innsjøane som Frøylandsvatnet viser dessverre ikkje den same positive utviklinga. Teorien er at det ligg så mykje næringsrikt botnsediment frå tidlegare tider i desse grunne innsjøane, at det vil ta lang tid før fosforet tappast ut av krinslaupet.

Behov for konkrete tiltak og endra verkemiddelbruk

Framtidige tiltak mot forureining

Arbeidet vil halde fram stort sett som tidlegare med fokus på:

- Etablering av gjødslingsfrie soner. Utvide ordninga også til gjødsla beite?
- Bygging av fangdammar/reinseparkar
- Gjødslingsplanlegging og rett tid for gjødsling
- Sikring mot punktutslipp frå gjødselkjellar og silo
- Oppsamling/resirkulering av vaskevatt frå reingjering av hønsehus, fjøs og gjødselspreiarar
- God oppsamling og handtering av gjødsel frå pelsdyrfarmar, inkl. sanering av gamle anlegg
- Betre metodar for spreing av husdyrgjødsel på eng (innblanding av vatn, nedfelling)

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Regionalt miljøprogram- nye prioriteringar og tiltak i 2006

Hovudprioriteringar som er gjort i samband med Regionalt miljøprogram kjem fram i godkjent miljøprogram 2005.

Programmet inneheld 4 hovudsatsingar:

- Hindre gjengroing
- Ta vare på viktige kulturlandskapselement
- Hindre forureining
- Andre miljøtiltak, her under turstiar og ugrasbekjemping/avfallshandtering

Ved justering av programmet i 2006 vart det innarbeidd to nye delordningar:

- Tilskot til leplantingar som har fått offentleg tilskot til etablering
- Tilskot til lyng og naturbeitemark (D07 og D04) i Naturbasen med verdiklassifisering B (tidlegare var bare A – område inne i programmet).

I tillegg vart det gjort enkelte små justeringar i regelverk og i førebels satsar:

- For ordningar tilskot til ekstensive dyr på utmarksbeite, vart det presisert at mjølkegeit ikkje kan få tilskot. Ordninga gjeld berre ammegeit.
- Førebels tilskotssats til utegangarsau var redusert frå kr 400,- til kr 150,- pr år. Dette vart gjort på bakgrunn av endring i regelverk for produksjonstilskot.
- Førebels tilskotssats for turstiar og stølsvegar er redusert med 20%, frå kr 10,-, 5,-, og 3,- til kr 8,-, 4,- og kr 2,-.
- Førebels tilskotssats for tilskot til vedlikehald av stølsbygningar er redusert frå kr 10.000,- pr støl til kr 6000,-.

Ved første søknadsomgang i 2005 kom det inn mindre søknadar på lyng- og myrreal som er registrert i Naturbasen. I tillegg kom det inn færre søknadar til ordninga "tilskot til ugjødsla randsoner" enn forventa. I styringsgruppa og prosjektgruppa vart ein derfor samd om at ein skulle informere ekstra om desse ordningane. Når det gjeld lyng- og myrreal har Fylkesmannen ved både miljøvernavingdelinga og landbruksavingdelinga informert aktivt om desse ordningane. Både landbruksavingdelinga og miljøvernavingdelinga har vore på møte saman med grunneigarar som har slike areal for å diskutere korleis areala best kan skjøttast. Det har det siste tida også vore fleire kurs i regi av kommunar og forsøksringar og praktisk skjøtsel av lyng. Ordninga tilskot til ugjødsla randsoner er godt informert om i prosjektet "Frivillige tiltak i landbruk".

Tabell 1 syner oversikt over budsjett samanlikna med søknadsbeløp for ulike tema i 2005 og 2006. Fordelinga mellom tema er oppgitt i prosent av totalpotten.

Tabell 1:

Tema	Budsjett	2005	2006
Hindre gjengroing	33,8%	43,0%	42,4%
Verdifulle kulturlandskapselement	18,5%	10,2%	13,7%
Hindre ureining	22,3%	8,1%	6,9%
Andre miljøtiltak (ugras/avfall og tursti)	25,5%	38,7%	37,0%

Som det går fram av tabellen, er det enno noko meir søknad til tema "hindre gjengroing" og "andre miljøtiltak" enn det som var sett opp i budsjettet. Etter aktivt informasjonsarbeid, er søknadsprosenten for tema "verdifulle kulturlandskapselement" noko auka.

Tabell 2 syner endringar frå 2005 til 2006 for alle ordningane og delordningane.

Tabell 2

Tiltak	Tilskot 2006	Endring 05-06	Endring i % 05-06
bratt areal fulldyrka og overflatedyrka	1 757 250	327 300	23 %
bratt areal innmarksbeite	4 216 494	1 134 789	37 %
bratt areal innmarksbeite partnerskapsområde	447 804	86 184	24 %
slåttemark i Naturbasen 1 -20 daa	3 000	1 000	50 %
jordbruksareal i Lysefjorden og Dyrskog	511 250	11 250	2 %
geit	97 050	-20 250	-17 %
utegangarsau	381 800	48 600	15 %
kjøttfe	396 150	166 200	72 %
sau, lam og kalvar	552 975	128 475	30 %
storfe	34 100	20 850	157 %
mjølkeproduksjon med ku	40 000	0	0 %

mjølkeproduksjon med geit	30 000	0	0 %
vedlikehald av stølsbygning	131 713	-458 882	-78 %
organisert beitebruk	611 454	-816	0 %
vedlikehald av stølsbygning enkeltstøl	648 000	278 000	75 %
Totalt gjengroing	9 859 040	1 722 700	21 %
tilskot til ugjødsla randsoner	714 184	153 184	27 %
vedlikehald av reinseparkar	10 000	5 000	100 %
tilskot til fangvekst	681 200	-118 300	-15 %
tilskot til grubbing	189 250	19 200	11 %
Totalt forureining	1 594 634	59 084	4 %
tilskot til vedlikehald av styvingstre	405 500	107 900	36 %
gravfelt	742 000	216 000	41 %
gardsanlegg	416 000	78 000	23 %
tilskot til myr og kalkrike enger	274 170	101 770	59 %
særleg verdifull kystlynghei og naturbeitemark	614 890	196 040	47 %
kystlynghei og naturbeitemark i naturbasen A	193 400	153 700	387%
kystlynghei og naturbeitemark i naturbasen B	197 620	197 620	100 %
kystlynghei og naturbeitemark SMIL/STILK	340 410	199 935	142 %
Totalt spesielle kulturlandskapselement	3 243 990	1 310 965	68 %
merkar tursti < 3 km frå regulert bustadfelt	3 072 105	450 605	17 %
merka tursti > 3 km frå regulert bustadfelt	606 250	131 665	28 %
opparbeida stølsvei	200 062	-43 991	-18 %
tilskot til avfallsbehandling og ugraskontroll	4 560 000	730 000	19 %
beiteområde for gås og svane	120 000	-38 000	-24 %
leplanting	45 900	45 900	100 %
Totalt andre miljøtiltak	8 604 317	1 276 179	17 %
Sum alle ordningar	23 241 981	4 308 928	23 %

Tabellen viser at det har vore størst auka relativt sett for ordningane under tema ”Spesielle kulturlandskapselement”, og særleg ordningane knytt til lyng. For delordninga tilskot til særleg verdifull lyng har omsøkt areal auka frå 1886 dekar i 2005 til 5178 dekar i 2006. Lyng med verdiklassifisering A er auka frå 794 dekar til 5688 dekar. I den nye delordninga der ein frå 2006 kunne få tilskot til lyng med verdiklassifisering B vart det søkt om tilskot til om lag 11000 dekar. Tilskot til myr og kalkrike enger har også auka ein god del.

Nokre ordningar har mindre utbetaling i 2006 enn i 2005. For nær sagt alle desse ordningane vart tilskotssatsen redusert noko samanlikna med året før (unntatt tilskot til fangvekst og tilskot til beiteområde for gås og svane). For tilskot til geit vart ordninga stramma inn frå 2005 til 2006 til ikkje å gjelde ammegeit. Det er også verdt å registrere at total utbetaling til stølslandskapet var totalt om lag det same sjølv om tilskotssatsen for denne ordninga var redusert frå kr 6000,- til kr 10.000,-. Det same gjeld turstiar der satsen er redusert noko. I 2005 vart det søkt om totalt 357 km tursti. I 2006 er talet auka til 462 km. Størst er auka i turstiar mindre enn 3 km frå regulert bustadfelt.

Tema tiltak for å hindre forureining hadde om lag same utbetaling i 2005 og 2006. Fylkesmannen hadde forventa ei auka for ordninga ”tilskot til ugjødsla randsoner”. Dette skjedde ikkje, til tross for mange nabomøte m.m. gjennom prosjektet ”Frivillig tiltak i landbruket”. Tilskot til fangvekst har også gått noko ned.

Kontroll:

For å sjå nærare på korleis ordninga fungerer i praksis har Fylkesmannen også i år vore med når kommunen har hatt stikkprøvekontroll. I år har vi besøkt 2 kommunar og 10 søkjarar.

Mest diskusjon har det vore rundt ordninga tilskot til avfallshandsaming og ugraskontroll og kva som må til for å stetta vilkår for tilskot. Til dømes om kva som kan reknast som ryddig tun. Langt dei fleste er positiv til ordninga, men det er og nokre som stilar spørsmål om offentleg forvaltning har andre motiv for denne kontrollen nær gardshusa.

Erfaringane som er hausta gjennom å ha vore med kommunen på kontrollbesøk er til god nytte ved evaluering og vidareutvikling av ordning.

Dispensasjonar:

Det har totalt kome inn 26 søknadar om dispensasjon, 17 av desse gjeld søknadsfrist. Årsaka til at det mange søkte om dispensasjon frå søknadsfristen er at det vart gitt ei generell utsetting av fristen i 2005. Nokre hadde ikkje fått med seg at 1. oktober i år var den endelege søknadsfristen. I tillegg har det kome inn ei klage på vedtak gjort av kommunen og ei klage på vedtak gjort av Fylkesmannen.

Informasjons- og utviklingstiltak

Bruk av midlar til informasjons- og utviklingstiltak for 2006:

Aksjon Jærvassdrag, frivillige tiltak i landbruket rest frå 2005	kr 41.977,-
Aksjon Jærvassdrag, frivillige tiltak i landbruket 2006	kr 371.523,-
Rogaland Naturvernforbund, fagtur om våtmarker	kr 3.500,-
Haugaland landbruksrådgivning, gjennomføring av Etnemarknaden	kr 5.000,-
Dalane forsøksring, overvaking av gjengroing og utprøving av ulike driftsopplegg for skjøtsel av lyng	kr 25.000,-
Jæren Forsøksring, informasjon om RMP	kr 5.000,-

Det store satsingsfeltet for 2006 har vore informasjonsarbeid gjennom tiltaket "Frivillige tiltak i landbruket" som er eit partnerskapsprosjekt med kommunar på Jæren og Fylkeskommunen (Aksjon Jærvassdrag). Målet med stillingane er å ta direkte kontakt med grunneigarane mellom anna for å informere om tilskotsordningane i regionalt miljøprogram og tiltak mot forureining. Stillingane er ein svært viktig del i Fylkesmannen sitt arbeid for å hindre forureining frå landbruket.

I tillegg er det brukt noko midlar overvaking av gjengroing i lyngareal og utprøving av ulike driftsopplegg for skjøtsel av lyng.

Kontroll for denne ordninga vert gjort i samband med at rekneskapen vert gjennomgått ved utbetaling. For dei fleste tiltaka er det også lett å kontrollere at tiltaka er gjennomført som avtalt.

Erfaring med miljøplan i jordbruket

For søknadsomgang pr 31.08.06 har meir enn 99% av landbruksføretaka miljøplan, trinn 1. Innføring av miljøplan, trinn 1 ser dermed ut til å vere så godt som fullført i Rogaland.

Fylkesmannen sitt inntrykk er at miljøplanen, med sjekklister og kart over dei viktigaste miljøverdiene i stor grad har auka miljømedvitet hos den enkelte bonde. Miljøplanen har både ført til auka fokus på kva miljøverdiar som finst på det enkelte bruk, og ikkje minst auka medvitet om kva forureiningskjelder som finst på bruket.

Eit av føremåla med miljøplan, var at planen skulle føre til meir miljøvennleg jordbruksproduksjon. Ut over at det er sett auka fokus på tema (som jo sjølvstøtt er viktig i sjølv), meiner vi at innføring av miljøplan har ført til meir målretta arbeid for tema "lagring av driftsmildar" og "handtering og bruk av plantevernmidde". Dette har hatt synleg effekt. For kulturlandskapstema (skjøtsel av viktige kulturlandskapselement m.m.) er det for tidleg å seie noko om dei konkrete miljøeffektane.

I samband med revidering av Regionalt miljøprogram har vi i Rogaland snakka om at det på sikt bør verte inngått fleirårige avtalar. Dette fordi ein del av ordningane gir vesentleg auka miljøeffekt dersom ein sikrar at kjøtsel/vedlikehaldet m.m. vert gjort over fleire år. Tanken så langt har vore å bruke miljøplankartet som viser kvar elementet ligg og miljøplan, trinn 2 som grunnlag for ein avtale. Dersom eit slik opplegg skal fungere, vil det vere ein klar fordel å konkretisere trinn 2 i miljøplanen meir og sette strengare krav til kva trinn 2 skal innehalde.

22.4 Økologisk landbruk

Fylkesmannen har i 2006 gjennomført ei omfattande revidering av handlingsplanen for økologisk landbruk som innebar bedriftsbesøk, ope møte og ny skriftleg versjon av handlingsplanen.

Det er hos Fylkesmannen i Rogaland fire personar som er involverte i eit tverrfagleg arbeid med økologisk landbruk, kor ein person har hovudansvaret. Hausten 2006 vart det etablert eit samarbeid med Oikos – Økologisk Landslag om ei 50 % stilling i det landsomfattande prosjektet "80i08", som inneber arbeid med økologisk mat i butikk. Dette samarbeidet har gitt nyttige røynslar som og får verknad for vår satsing for auka produksjon.

Utviklinga for økologisk landbruk har vore positiv i Rogaland. For primærproduksjon er det ein svak vekst i tal produsentar som er innmeldt i Debio-ordninga. Låg produksjon av økologiske produkt er slik vi ser det den største utfordringa for økologisk landbruk i fylket.

Rogaland har generelt gode klimatiske tilhøve for økologisk drift. Det er særlege føresetnader til å satse på grovfôrbaserte næringar. Sterke fagmiljø gjer og at veksthus og økologisk mat i storhushald er område kor Rogaland har fortrinn, og kor det bør leggest til rette for ei satsing. Det har skjedd mykje dei siste åra, men haldningar mot økologisk produksjon og mytar om økologisk dyrking i sentrale produksjonsmiljø er framleis eit stort hinder for omlegging i Rogaland.

Fylkesmannen har mobilisert for å få i gang eit prosjekt innan økologisk mjølkeproduksjon. Det er for liten produksjon av økologisk mjølk i fylket. Difor bør situasjonen med låg rekruttering til økologisk mjølkeproduksjon haldast fram som ein av dei mest "akutte" i fylket. Prioritering av mjølkekvotar til gardar med økologisk produksjon er bra, men vil ha liten effekt i Rogaland då det berre er 10 gardar med økologisk mjølkeproduksjon. Med bakgrunn i denne spesielle situasjonen, bør det etter vår vurdering opnast for at og gardar som ikkje har mjølkekvote frå før får kjøpe seg opp med økologisk kvote innanfor det offentleg administrerte salskvantumet i Rogaland.

Fylkesmannen har gått aktivt inn for å få felles oppslutning kring satsinga på økologisk mat i storhushald frå sentrale aktørar i matnæringa. Dette ville styrke arbeidet som Ullandhaug økologiske gard allereie har gjort, og passe bra inn i konseptet med "Måltidets Hus".

Rogaland står i det heile framfor store utfordringar når det gjeld økologisk landbruk. For å endra situasjonen, trengs det ei langsiktig og kontinuerleg satsing. Dette krev ressursar.

22.5 Tre og miljø

Vi viser i hovudsak til rapportering under 21.2, 21.3, 21.4 og 25.3. Nettverksprosjektet for auka bruk av tre vil gi ein større del kortreist trelast til beste for miljøet. Hogstauken i fylket verkar i same retning. Lokalt produsert bioenergi er framleis under hardt press frå andre energikjelder som olje, gass og elektrisitet. Det er stor import av ved til fylket. I tre kommunar er det no likevel dels i gong og dels under oppstart fleire bioenergianlegg. Fylkesmannen er elles ein motivator og dialogpartner i arbeidet med oppfølging av Levande Skog og Forskrift om berekraftig skogbruk.

Resultatområde 23 Egedoms- og busetjingspolitikk

23.2 Egedoms- og busetjingspolitikk

Etter at avgjerdsretten i saker etter jordlova, konsesjonslova, odelslova og skogbrukslova blei overført til kommunane, har Fylkesmannen mindre direkte oversyn over utviklinga i desse sakene ut over det som blir rapportert gjennom KOSTRA, og dei få sakene som kjem som klagesaker til fylkeslandbruksstyret. Vi har likevel eit klart inntrykk av vesentleg større forskjellar i praktiseringa mellom kommunane, og at det i eit stort tal kommunar er vanskeleg å sjå at reglane om frådelling og omdisponering i jordlova og reglane om bu- og driveplikt og om priskontroll på landbrukseigedom blir praktiserte fullt ut i samsvar med intensjonane. Dei svært få klagesakene som kjem til behandling på regionalt nivå, er ein av fleire indikasjonar på at kommunane gir samtykke i samsvar med søknaden i større grad enn det retningslinene og dei klåre politiske signala som er gitt for praktiseringa, skulle gi grunn til. Mediaomtalar og den kunnskapen vi elles får om avgjerdene i aktuelle saker tyder i same retning. Med bakgrunn i den sterke understrekinga av handlingsrommet for kommunen i samband med reforma i 2004, kunne ein heller ikkje vente anna enn at kommunane vil ha ulik praksis ut frå lokalpolitiske tilhøve. Observasjonar i enkeltsaker syner likevel at reglane i landbrukslovene ikkje blir tillagt nemnande vekt ved avgjerder i ein del kommunar. Fylkesmannen har derfor vore nøydd til å ta opp enkelte saker for overprøving og omgjerding etter reglane i forvaltingslova. Det er likevel tilfeldig kva for vedtak Fylkesmannen får kunnskap om.

Saker som gjeld søknad om spreidde frådellingar og byggjetiltak i landbruksområda kjem oftast til Fylkesmannen som søknader om dispensasjon frå plan. Fylkesmannen (og fylkeslandbruksstyret) gir uttale som statleg sektorstyresmakt. Det er eit høgt og aukande tal saker som gjeld dispensasjon for tiltak i landbruksområda. Det er eit gjennomgåande inntrykk at det i dei fleste sakene ikkje er vist til særlege grunnar for dispensasjon frå plan, noko som er eit minstekrav for å vurdere dispensasjonssaka – jf. § 7 i PBL. Vidare er det ikkje vanleg at søknaden blir vurdert opp mot retningslinene i den nasjonale arealpolitikken. Fylkesmannen må derfor nytte klageretten etter § 15 i PBL i om lag 10 % av sakene. Det er og eit inntrykk at kommunane berre i avgrensa grad legg avgjerder frå klageinstansen til grunn for vidare arbeid med desse sakene.

Fylkesmannen gjennomfører for tida eit prosjektarbeid om perspektiv og konsekvensar av spreidd utbygging og tettstadvekst i kjerneområde for landbruk i Jærenregionen. Prosjektet vil bli avslutta i løpet av 2007.

Rapportering på Jordfondet og særlovane i landbruket er sendt SLF i tråd tildelingsbrev mv.

Resultatområde 24. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

24.1 Tilskotforvaltning

Dispensasjonar og klagesaker

Det er registrert ei klagesak som gjeld produksjonstilskot kor Fylkesmannen har stadfesta kommunen sitt vedtak. Vidare er det ei sak kor Fylkesmannen har oppheva kommunalt vedtak. I spørsmålet om dispensasjon ved ulike høve i ferie og fritidsordninga samt produksjonstilskott er tre saker innvilga, Éi sak er delvis innvilga og tre saker er avslått.

I høve til søknad om dispensasjon frå krav til næringsinntekt på minst kr. 30.000,- samt vilkår om å vere registrert i einingsregisteret har 62 søkjarar blitt innvilga dispensasjon medan to har fått avslag.

Velferdsordninga avløysartilskot ved sjukdom

I 2006 blei det behandla og registrert 862 søknadar om avløysartilskot ved sjukdom mv. Tal behandla dispensasjonsaker er 27. Det var 24 søknader som blei innvilga, og to som vart avslått. Det var éi klagesak som vart avslått. Når det gjeld tidligpensjon, var det handsama 39 søknader om tidligpensjon for jordbrukarar.

Produksjonstilskot

Det blei gjort fleire tiltak i 2006 for å auke oppslutninga om å søkja via Internett. Det blei nytta ressursar overfor kommunane for å få auka oppslutnad på søknad via WESPA. For søknadsomgangen i januar var det heile 38 % av bøndene i Rogaland som nytta seg av internettbasert søknad om produksjonstilskot. For søknadsomgang sommaren 2006 var 40% av søknadene via Internett, noko som var høgast i landet (utanom Oslo). Og det var ein auke på 9,2 % frå sommaromgangen året før.

Vi ser at interessa er stor for dei halvårlege kursa i tilskotsforvaltning som er i januar og august kvart år.. I tillegg til å halda oppe ein god dialog med kommunane, er kursa og viktig for erfaringsutveksling kommunane imellom.

Vi har starta arbeidet med målretta tilsyns- og kontrollverksemd ut frå ein nytte/kost-analyse. I 2006 blei det ført tilsyn med kommunane si handtering av regelen om driftsfellesskap (§ 4 i forskrift om produksjonstilskott). Rapporten blei oversendt SLF i brev av 01.12.06.

Resultatområde 25. Kommunane som landbrukspolitisk aktør

25.1 Kompetansesenter

Kvart år vert det laga eit kompetanseprogram for kommunane. Her samlar vi alle dei kurstilboda som avdelinga ønskjer å tilby kommunane det kommande året. Arbeidet med å utforme kompetanseprogram er lagt til eit lag i Landbruksavdelinga – Laget for Informasjon og kommuneoppfølging. Dette laget har ansvar for at kommunane får det kurs og kompetansetilbodet dei treng for å gjere ein god jobb ute i kommunane. Det er sett ned ei eiga gruppe med representantar frå ulike faggrupper i kommunane. Denne gruppa blir samla til eit møte om hausten for å gje FMLA innspel på kva for tema dei ønskjer kommande år. I den grad det er mogleg prøver vi alltid å leggje opp til eit kurstilbod ut i frå dei ynskja dei tilsette i kommunal landbruksforvaltning har.

Vi har ein del faste innslag kvart år når det gjeld kompetansebygging for kommunane. Her kan nemnast mellom anna:

- Det vert kvart år på våren arrangert ein 2-dagars konferanse - ”Fylkessamling for landbruksforvaltninga”. Her samlar vi alle tilsette i statleg og kommunal landbruksforvaltning. Første dagen av konferansen vert også lagt rette for kommunale politikarar.
- To gonger i året, i samband med søknadsfristen for produksjonstilskot blir kommunane invitert til eit møte der vi tek opp endringar i regelverk og andre aktuelle problemstillingar knyta til produksjonstilskot og velferdsordningane.
- Kvar haust inviterer vi nytilsette i kommunal landbruksforvaltning til eit informasjonsmøte hos FMLA der vi informerer om den verksemda vi driv og dei får og møte ulike saksbehandlarar hos oss.
- Vi arrangerer to møter i året der vi spesielt inviterer dei som er jord- og skogbruksansvarlege i kommunane. Desse møta er dialogbasert der vi tek opp ulike faglege tema som kommunane ynskjer å drøfte med oss og der dei kan få høve til å drøfte seg i mellom.

I tillegg blir det arrangert ulike møter, konferansar, seminar og kurs innan tema vi ynskjer å informere kommunane om eller tema der kommunane sjølve har bedt om kompetanseheving. I 2006 starta vi opp arbeidet med å tilby kommunane kompetansegivande høgskule/universitetskurs med studiepoeng. Dette er eit samarbeidsprosjekt med FMLA i Hordaland, Vest-Agder og Aust-Agder. Vi har inngått samarbeidsavtale med Universitetet i Stavanger. Vi reknar med å tilby tilsette i kommunal landbruksforvaltning i desse fire fylka eit vidareutdanningskurs på 10-studiepoeng innan Kulturlandskapsarbeid hausten 2007. Vi tek sikte på å utarbeide tilsvarande kurstilbod innan landbrukets særlovar og landbruksbasert næringsutvikling.

25.2 Landbrukspolitisk dialog med kommunane

Landbruksavdelinga legg opp til å ha både ein formell og ein uformell landbrukspolitisk dialog med kommunane. I løpet av perioden 2005-2007 skal vi ha vitja alle kommunane i Rogaland og hatt ein formell dialog med den einskilde kommunen om korleis dei løyser sine oppgåver på landbruksområdet. På desse møta deltek vanlegvis ordførar, rådmann og ansvarlege for jord- og skogbrukssakene. I tillegg møter ofte leiar av det politiske utvalet som handsamar landbrukssakene. Frå Fylkesmannen møter landbruksdirektør og ulike saksbehandlarar alt etter kva type saker som vert drøfta. I førekant av møtet sender vi ut eit hefte med statistikk for den aktuelle kommunen samanlikna med gjennomsnittstal for Rogaland.

Under sjølve forvaltningsbesøket bruker vi dette opplegget:

Landbruksdirektøren seier litt om kva som er målet med samtalen og går gjennom ein lysbiletepresentasjon av kommunen ut frå korleis landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen opplever kommunen. Vi tek utgangspunkt i følgjande spørsmål:

- Kjenner kommunen den nasjonale landbrukspolitikken og landbrukets mangesidige rolle?
- Kva viser aktuell statistikk om utviklinga i kommunen?
- Støtter kommunen opp om nyskaping, omstilling og verdiskaping i landbrukssektoren?
- Tek kommunen vare på arealgrunnlaget for matvareproduksjon?

- Bruker kommunen dei aktuelle juridiske og økonomiske verkemidla for å nå dei landbrukspolitiske mål i lokalsamfunnet?

Etter denne presentasjonen blir kommunen oppmoda til å seie litt om korleis dei opplever den presentasjonen som Fylkesmannen har gitt. Ofte ynskjer kommunen å diskutere særlege problemstillingar knytt til landbruket i kommunen, som til dømes arealbruk, frådeling, fråflytting, kulturlandskap og attgroing. Kommunen gir ofte tilbakemeldingar på landbrukspolitiske spørsmål som dei ønskjer at Fylkesmannen skal sjå nærare på og eventuelt ta opp med LMD.

Etter møtet vert det laga eit referat og det vert laga ei oversikt over punkt som kommunen skal følge opp og punkt som Fylkesmannen skal følge opp. Vår oppleving av desse forvaltningsbesøka er positive, og dei aller fleste kommunane gjev uttrykk for at dei set pris på at Fylkesmannen reiser ut og vitjar kommunane.

Samarbeid med KS regionalt

Vi har i 2006 fått etablert eit godt samarbeid med KS regionalt. Dei har vore med på møte når vi har diskutert kursopplegg for kommunane for 2007. Dei har og vore med i prosessen med planlegging av kompetansegivande kurs i Kulturlandskapsarbeid for tilsette i kommunal landbruksforvaltning. Ein representant for KS i Rogaland er invitert med som foredragshaldar på den komande Fylkessamlinga for landbruksforvaltninga i fylket.

25.3 Miljøverkemidlane i jordbruket og dei økonomiske verkemidlane i skogbruket

Generelt om forvaltning av miljøverkemidlar og økonomiske verkemidlar

Oppgåveoverføring til kommunane

Ved overføring av oppgåver har kommunane fått større ansvar, noko som i fleire kommunar har resultert i eit større lokalt engasjement og betre synleggjering av landbruksnæringa i kommunen. Men attendemelding frå fleire kommunar er nedsett effektivitet i forvaltninga, ut ifrå at ein engasjerer eit stort apparat for relativt avgrensa med midlar.

Samordninga mellom jord- og skogmidlar går rimeleg bra. Det er likevel eit ønskje frå fleire kommunar at vi gir opp fordelinga vår mellom jord og skog. Vi har med vilje tildelt midlane i ein felles pott slik at kommunane blir tvinga til å ta dei nødvendige prioriteringane.

4-årige tiltaksstrategiar – fordeling av midlar

Pr 31.12.2006 hadde 25 av 26 kommunar utarbeidd fleirårig strategi, dei aller fleste av desse var også godkjent av eit politisk organ i kommunen (Kvitsøy er ein liten kommune med berre 12 aktive grunneigarar. Dei har ikkje prioritert å utarbeide strategi). Fylkesmannen hadde ein grundig gjennomgang av alle strategiane og gav konkrete tilbakemeldingar til kvar enkelt kommune. Strategiane vart vurdert etter fylgjande kriterium:

1. Prosessen – politisk handsaming og involvering av relevante aktørar
2. Status (kva verdiar finst i kommunen), overordna planar og analyse av utfordringar/behov
3. Om strategien står fram som eit verktøy for prioritering mellom ulike tema, og med klare retningslinjer og prioriteringar innafør enkelttema; jf. kravet i forskriftene.
4. Firårig aktivitetsbudsjett, eller tilsvarande (prioriteringsliste) med prosentvis fordeling på tema basert på nasjonale, regionale og lokale utfordringar.

5. Om miljø-, kulturlandskap- og skogtiltak er sett i samanheng med andre utviklingstiltak
6. Strategien bør også innehalde nokre ord om korleis kommunen aktivt skal nå dei målsettingar og prioriteringar strategien legg opp til.

Vi signaliserte tidlig til kommunane at gode tiltaksstrategiar skulle premierast med ein større del av potten. Gode tiltaksstrategiar, areal (jord og skog), tal aktive bønder og produksjonsvolum er hovudgrunnlaget for fordelinga av midlar i 2006. I tillegg har Fylkesmannen lagt vekt på å premiere dei kommunane som vi meiner gjer ein innsats ut over det vanlege for å nå dei målsettingane strategien legg opp til. For at enkeltkommunar skal kunne gjennomføre større og gode prosjektsatsingar, har vi gjennom tildelinga gitt desse ein større del av potten. Rennesøy og Forsand kommune fekk derfor også i 2006 ein forholdsvis stor del av potten sett i forhold til fordelingskriteria.

Kommunar knytt til prosjektsatsinga langs Nasjonal turistveg frå Oanes til grensa mot Røldal fekk også forfordelt midlar til eit større ryddeprosjekt for å synleggjere kulturlandskapet langs vegen.

Ressursar og kompetanse

Vi ser at tiltaksapparatet i stadig fleire kommunar har få ressursar utover å handtere lovpålagte oppgåver/innkomne saker. Salderingspost blir då ofte arbeid knytt til ordningane SMIL og NMSK. Vi ser at kommunar som prioriterer og bruker ressursar til proaktivt arbeid innafor desse ordningane oppnår målretta og gode resultat. I andre enden finn vi kommunar som berre avventar og ser om det kjem inn søknader. Dette gir lite styring og aktiv måloppnåing i forhold til tiltaksstrategi.

Reduserte ressursar på landbruksområdet medfører også lågare kompetanse og dermed dårlegare service overfor bøndene. Særleg på skogområdet ser vi at kommunane reduserer ressursane. Ein revitalisert skogpolitikk for auka verdiskaping blir vanskeleggjort når kommunane ikkje stiller opp med tilstrekkeleg kompetanse og ressursar.

SMIL-ordninga

Gjennom SMIL-ordninga er det i løpet av 2006 løyvd saker på til saman 11.985.226 kroner. Av desse er om lag 8,88 mill kroner løyvd på kulturlandskapstiltak (tidlegare STILK) og 2,83 mill. kroner til miljøtiltak (tidlegare IMT, spesielt fangdammar og miljøplantingar). Til planleggingstiltak (tilsvarande den gamle områdetiltaksordninga) er det løyvd kr 268.270,- og til investeringstiltak til organisert beitebruk er det bruka kr 209.500,-.

Fylkesmannen i Rogaland fekk for 2006 tildelt 10,7 millionar kroner til SMIL. Årsaka til at vi har brukt om lag 1 million meir enn det som var tildelt skuldast at det i løpet av 2006 vart trekt inn om lag 1 million kroner frå gamle saker. Det meste av dette vart delt ut igjen til kommunane etter søknad.

I åra før kommunane fekk ansvar avgjerdsretten i SMIL-sakene, fordelte midla seg forholdsvis jamt mellom STILK- og IMT-saker. Dei to siste åra viser at gamle STILK-tema no utgjer om lag 2/3 av potten. Viktigaste årsaka er at vi frå ca. 1990 – 2000 hadde stort trykk i forhold til leplanting/miljøplanting og likeins sist i perioden på bygging av fangdammar. Innsatsen særleg på leplanting/miljøplanting er nå klart på retur.

I løpet av 2006 vart det løyvd 31 saker på til saman om lag kr 316.765,- til tetting av gjødsellager o.l. Fylkesmannen meiner denne type tiltak ligg heilt på grensa av kva som kan reknast som "tiltak utover vanleg landbruksdrift" og få tilskot gjennom SMIL-ordninga. Fylkesmannen har i brev til kommunen signalisert at kommunar som fører denne type tiltak på sitt aktivitetsbudsjett for 2007, ikkje kan rekne med å få tildelt midlar til denne typen tiltak.

Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap (STILK - Forskriftstype 500)

Overføring av avgjerdsrett til kommunen har i dei aller fleste kommunar ført til auka engasjement for arbeid med miljø- og kulturlandskap. Fleire delar av kommunen ser ut til å ha eit aktivt forhold til ordninga, og kommunen er flinkare til å informere om ordninga enn tidlegare.

Det har tidligare år vore relativt liten søknad om støtte til biologisk mangfald/gamal kulturmark og til tilrettelegging for ferdsel i Rogaland. Fylkesmannen har derfor arbeidd for å auka interessa for desse tema. Dette var også signalisert i brev til kommunane om utarbeiding av strategi. I 2004 var det ein vesentleg auke i saker som gjeld tilrettelegging for ferdsel, og tilsvarende reduksjon i restaurering av kulturminne. Frå 2004 ser vi det har vore nesten ei fordobling av midlar som er brukt til biologisk mangfald/gamal kulturmark. At det no ser ut til å vere auka satsing på desse tema, er turleg ein konsekvens av at det for mange område vert gitt tilskot til årleg skjøtsel etter at ryddearbeidet er ferdig gjennom Regionalt miljøprogram.

At det er ein viss nedgang i tilskot til turstigar frå 2005 og 2006, trur vi skuldast at mange kommunar i år har prioritert arbeid med å skilte, merke og utarbeide kart for eksisterande turstigar, slik at desse oppfyller vilkåra for å kunne søkje tilskot gjennom Regionalt miljøprogram (gjennom miljøprogrammet er det søkt om tilskot til vedlikehald av totalt 460 km turstigar). Ein del av dette arbeidet vert gjort av kommunane sjølve, og får derfor ikkje tilskot gjennom SMIL-ordninga. Sjå meir om prosentvis fordeling mellom tema i tabellen under.

Tabell 1: Prosentvis fordeling mellom tema i åra 2002 - 2006

Tema	2002	2003	2004	2005	2006
B.mangfald/gamal kulturmark	24	14	14	34	33
Tilrettelegging for ferdsel	12	17	26	17	10
Kulturminne, -miljø	33	24	16	14	31
Freda/verneverdige bygningar	31	45	44	35	26
Sum	100	100	100	100	100

Tabellen viser elles at det frå 2005 til 2006 har vore vesentleg auke i bruk av midlar til kulturminne. Dette skuldast for ein stor del at ein av dei store jordbrukskommunane på Jæren, Hå, har hatt mange slike saker i år. Vi registrerer også ein jamn nedgang i tilskot til freda og verneverdige bygningar frå 2003 og til no.

Tabell 2: Saker med ”STILK – tema” fordelt på kommune og på tema

Tema	Biologisk mangfold/gamal kulturmark		Tilrettelegging for ferdsel		Kulturminne, -miljø		Freda/verneverdige bygningar		Totalt	
	Søkn-adar	Løyvd tilskot (kr)	Søkn-adar	Løyvd tilskot (kr)	Søkn-adar	Løyvd tilskot (kr)	Søkn-adar	Løyvd tilskot (kr)	Søkn-adar	Løyvd tilskot (kr)
Kommune										
Eigersund	2	106000					2	192000	4	298000
Sandnes	3	127100			3	334315	2	60132	8	521547
Stavanger	1	16200	1	5600	1	21875	1	200000	4	243675
Haugesund	2	29000	2	58500	1	35000	1	21000	6	143500
Sokndal	2	69350					3	213820	5	283170
Lund			1	17600	3	94735	2	188458	6	300793
Bjerkreim	2	7600	3	120000	4	102000			9	229600
Hå	6	245830			20	471203	1	90000	27	807033
Klepp	1	70000	1	20000	4	260000	1	80000	7	430000
Time			1	94500	2	34100	1	10000	4	138600
Gjesdal					1	63000	2	124000	3	187000
Sola					1	4500	1	18550	2	23050
Randaberg	1	8775							1	8775
Forsand	7	384918	2	136550	2	38500	3	124085	14	684053
Strand	2	195965			1	15750			3	211715
Hjelmeland	6	159815	1	2000	3	33630	4	168800	14	364245
Suldal	9	76388			5	312550	6	381400	20	770338
Sauda			1	30100					1	30100
Finnøy	3	80200	3	136010	2	67875	1	80000	9	364085
Rennesøy	7	597715			1	46500	2	118340	10	762555
Kvitsøy							1	50000	1	50000
Bokn	1	126000			2	86000			3	212000
Tysvær	6	260200	4	140000	2	95000	1	54000	13	549200
Karmøy	5	126116			3	136500	1	34650	9	297266
Utsira										
Vindafjord	12	251700	7	147500	8	332700	4	240000	31	971900
Sum	78	2938872	27	908360	69	2585733	40	2449235	214	8882200

Investeringsstøtte til miljøtiltak (IMT - Forskriftstype 34)

Tabell 3: Saker med "IMT – tema" fordelt på kommune og tema

Tema	Reinseparkar		Rep. av gjødsellager		Leplanting/anna		Totalt	
	Søkn-adar	Løyvd tilskot (kr)	Søkn-adar	Løyvd tilskot (kr)	Søkn-adar	Løyvd tilskot (kr)	Søkn-adar	Løyvd tilskot (kr)
Kommune								
Eigersund								
Sandnes	1	60016	6	127150			7	187166
Stavanger	1	133500					1	133500
Haugesund								
Sokndal								
Lund								
Bjerkreim	1	10000	1	14000			2	24000
Hå	8	432680					8	432680
Klepp	1	150000	11	88000	1	25000	13	263000
Time	4	389950	5	32490			9	422440
Gjesdal	1	283000	5	30000			6	313000
Sola	2	457800	2	17125			4	474925
Randaberg								
Forsand								
Strand	2	223442					2	223442
Hjelmeland								
Suldal								
Sauda								
Finnøy					1	89000	1	89000
Rennesøy					1	50050	1	50050
Kvitsøy								
Bokn								
Tysvær								
Karmøy	2	206553					2	206553
Utsira								
Vindafjord					1	15000	1	15000
Sum	23	2346941	30	308765	4	179050	57	2834756

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket

For 2006 fekk Rogaland 2,8 mill. kroner til nærings- og miljøtiltak i skog, inkludert 0,6 mill. kroner til skogbruksplanlegging. Vi har i år hatt eit overforbruk på om lag 0,55 mill kr, og løyvingane på dei ulike ordningane ser slik ut for 2006:

Ramme	2 800 000 kr
Skogbruksplan	600 000 kr
Skogsvegbygging	1 322 945 kr
Skogkultur	1 261 764 kr
Taubane og hest	71 170 kr
Førstegangstynning	31 850 kr
Andre tiltak i skogbruket	59 918 kr
Miljøtiltak i skog	0 kr
Sum	3 347 647 kr
Rest/overforbruk	- 547 647 kr

I forhold til stipulert forbruk i førebels rapport frå kommunane på hausten 2006 til SLF, skuldast overforbruket først og fremst større aktivitet enn forventa på skogkultur og skogsvegar. Gjennom å tildele midlane for SMIL og NMSK i ein felles pott vil det også vere naturlege svingingar alt etter prioriteringar i kommunane det enkelte år. Dette vil jamna seg ut i løpet av fireårsperioden, og ved årsskiftet ligg vi godt an i forhold til totalrammene på SMIL og NMSK i perioden.

Fylkesmannen vil peika på at den svært låge ramma til Rogaland for midlar til nærings- og miljøtiltak i skogbruket ikkje gir rom for å stimulera til auka hogst og oppbygging av kvalitetsskog. Vi finn det nødvendig å peika på at t.d. i høve til Hordaland har hatt om lag dobbelt så stor aktivitet på skogkultur, men likevel berre fått halvparten så mykje i rammer til føremålet. Ei oppfølging av skogpolitikken med auka hogst og verdiskaping er heilt avhengig av løyvingar som viser at det er politisk vilje også i praksis.

For vidare utdjuping av dei ulike feltene på skogområdet sjå resultatområde 21.2.

Resultatområde 26. Jord- og landskapsressursar

26.1 Jordvern og kulturlandskap

Behov for konkrete tiltak og endra verkemiddelbruk for å ivareta kulturlandskapet og kulturlandskapsverdiar

Vi viser her til tilbakemeldingar som vart gitt i samband med innspel i jordbruksoppgjeret 2007:

- Ugrasproblem i kulturlandskapet - Fylkesmannen i Rogaland vil be om at det vert innarbeidd i regelverket som eit vilkår for A/K tilskottet, at det vert ført ein normal ugraskamp i kulturbeita for å halda skadelege ugras på eit rimeleg nivå. Eit slikt vilkår vil gje kommunen grunnlag for å reagere.
- Meir midlar til Regionalt miljøprogram - Vi har i Rogaland gode erfaringar med Regionalt miljøprogram. Med skreddarsaum av dei aktuelle ordningane får vi tvillaust ei betre måloppnåing og prioritering av midlane til dei bøndene som legg ned den største miljøinnsatsen. Med den satsinga vår nye regjering har på kulturlandskap og beitebruk, er det viktig å få effektive og målretta verkemiddel på plass. Ut frå dette meiner vi i Rogaland at A/K-tilskottet til innmark og til beiting av utmark, bør overførast til Regionalt miljøprogram.

Aktivitet og utfordringar i dialog med kommunane for å nå nasjonale mål for å ivareta jord- og kulturlandskapsressursane i eit langsiktig perspektiv.

Oppfølging av dei ”gjensidig forpliktande” fylkesdelplanane for areal- og transport på Haugalandet (FDP-HL) og for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J), er avgjerande for å nå dei nasjonale og regionale mål for areal- og ressursforvaltning, samt målet om å halvera den årlege omdisponeringa av dyrka og dyrkbar jord. Respekten for planane i kommunane er varierende. Eigarskapet til planane på lokalpolitisk nivå er nok høgare på Jæren enn for Haugalandet. Både forslag til kommuneplan for Haugesund og Karmøy utfordra planen i nordfylket, sjølv om kommunane sjølv har delteke i planarbeidet med fylkesdelplanen.

Erfaringane til nå har vist at gjennomføring av fylkesdelplanar som gir klare forpliktingar for arealbruk, er avhengig av ein styringsambisjon frå regional stat. Fylkeskommunen fremmer berre heilt unntaksvis motsegn, sjølv om kommune-, eller reguleringsplan er i strid med fylkesdelplanen.

Konkret døme på ”angrep” av jordverninteressene i FDP- J er ønskje i 2006 om ny fotballstadion for Bryne på landbrukssida av ”Langsiktig grense landbruk”. Saka er samtidig eit døme på at jordverngrensa etter kvart førte til ei alternativ lokalisering i område innanfor tettstadsområdet på Bryne.




I hovudsak har likevel ”Langsiktig grense landbruk” blitt respektert i plansakene til kommunane. Om dette vil halde fram, vil ein ikkje få svar på før kommunane har omdisponert større delar av sine arealkvoter, og då lenger fram i 40 års planperioden til FDP- J på Jæren.

Når det gjeld Nord-fylket, står det der att ein del ”modning” i bruk av planen, og ein aktiv dialog med kommunane for at planane skal bli teke på alvor.


Dispensasjonar og spreidde tiltak i LNF-område og kjerneområde landbruk


2006 syner ein viss reduksjon i talet på dispensasjonar etter § 7 i plan- og bygningslova innanfor LNF- områda, samanlikna med 2005. 206 saker i 2006 mot 269 i 2005. Om dette er varig eller ikkje, er for tidleg å konkludere på. Ei hovudårsak til reduksjonen er ein større nedgang i tal bruksrasjonaliseringar på Jæren.



Tal saker som er påklaga og behandla av setjefylkesmann er stabilt, kring 20 saker både i 2005 og 2006. Setjefylkesmannen (Vest-Agder) gir så seie våre klager medhald i 100% av sakene. Slik sett ser det ikkje ut til at Rogaland sin terskel for å påklage saker i landbruksområde er for låg. Heller tvert imot, at fleire saker kunne vore påklaga. Knappe ressursar innan fagområdet på embetet påverkar og omfanget, og sjølvstøtt omsynet til det lokale sjølvstyret.

Omfanget av frådeling av eksisterande bygningar i LNF-område, kårhus (folgehus) i Rogaland er framleis stort og stabilt på same nivå - om lag 50 årleg. Dette gjeld særleg nordfylket. I så måte er brevet frå Landbruks- og matministaren dagsett 21.12.06, om praktiseringa av jordlova, ei nødvendig tydeleggjering og innstraming knytt til kommunane si handtering av dette.





Handtering av dispensasjonssaker i LNF-område er arbeidskrevjande for Fylkesmannen.

Over tid og i sum representerer desse enkeltsøknadene om tiltak utanom stadbunden næring eit inngrep i jordbrukslandskapet der konfliktane med landbruksnæringa gradvis kjem til syne, og på ein måte der landbruksinteressene ofte vil måtte vike. Det utgjer og framleis ein trussel og utfordring knytt til måla om sikring av kjerneområde landbruk, og høve til å drive ein kostnadseffektiv produksjon i desse områda. I tillegg gir det negative konsekvensar med fragmentering av kulturlandskapet.

Oppstart av revisjon av FDP-J er varsla i 2006. Dette blir eit viktig og prioritert arbeid i 2007, der ein m.a. må gjere planen til eit betre verktøy til å oppnå ei overordna handtering av spreidde tiltak i kjerneområde landbruk. "Tålt bruk" av ledige driftsbygningar i desse områda blir eit sentral tema.

Fylkeslandbruksstyret

137 (102) saker blei handsama av Rogaland fylkeslandbruksstyret og på delegasjon administrativt i 2006. 113 (76) av desse blei behandla i styret (tal for 2005 i parantes).

Frå februar 2006 innførte LMD ei ordning om at i saker der Landbruksavdelinga innstiller på motsegn i plansaker, og Fylkeslandbruksstyret ikkje gjer slikt vedtak, skal saka sendast til Statens Landbruksforvaltning for vurdering. Frå Rogaland er der i 2006 sendt slike saker frå 3 kommuneplanar (Time, Sola og Karmøy) og ein reguleringsplan (Solasplitten). SLF har stadfesta alle desse motsegnene.

Fylkeslandbrukstyret har i alt behandla kommuneplanar i 16(8) saker og 10 (5) reguleringsplanar.

Avgang dyrka og dyrkbar jord i Rogaland

Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter plan- og bygningslova og etter enkeltsaker i jordlova, blir rapportert direkte frå kommunane i Kostra. Desse tala finn ein <http://www.ssb.no>

Rapportering frå kommunane for "Forvaltning av landbruksareal" er svært varierende og til dels mangelfullt, også for Rogaland. SLF gjennomførte i 2006 ei "Vurdering av rapporteringa for 2005" og konstaterte at det er grunnlag for å konkludere med at det framleis er ei vesentleg grad av underrapportering på området, særleg når det gjeld nedbygging av

jordbruksareal. Fylkesmannen har difor ikkje statistikk for dette som er eigna å publisere. Rapporten frå SLF kan lesast her:

<http://www.slf.dep.no/iKnowBase/Content/5902/RAPPORT%20TIL%20LMD-20%20OKTOBER%202006-WEB.PDF>

Desse mangelfulle tala gjer ei resultatmåling av arbeidet knytt til målet om å redusera den årlege nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord innan 2010, svært utfordrande. SLF er i tett dialog med SSB, fylkesmennene og kommunane for å forbetre dette.

Rogaland har gode planverktøy, god dialog mellom regional stat og primærkommune og erfaring med løyse saker lokalt, sjølv om konfliktnivået knytt til jordvernomsyn er vedvarande høgt. Det er ingen ting som talar for at konfliktnivået vil bli lågare framover.

Den historisk langvarige økonomiske høgkonjunktura i fylket og stor befolkningsvekst, og særleg i sentrale delar, inkludert Jæren, utgjer ein trussel mot å kunne sikre nasjonale jordbruksareal mot nedbygging. Ein slik vekst har på sikt potensiale til å byggje ned store delar av jordbruksområda på Jæren, og då særleg i nordre del. Eit mål og utfordring for Rogaland må difor vere å få veksten meir spreidd til heile fylket, meir enn det ein klarar i dag.

Oppsummering av tiltak og dokumentasjon av dei areala som er registrert som spesielt verdifulle kulturlandskap

Gjennom Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskapsområde som var gjennomført midt på 90 – talet, vart 14 område i Rogaland klassifisert som område med høg prioritet. Under er det gjort ei evaluering for desse område når det gjeld kjennskap til status, om områda vert skjøtta og om det er brukt offentlege tilskotsmidlar til skjøtsel/bruk.

Kjennskap til status:

- God 2 (Lyngområda på Rennesøy)
- Ganske god 6 (Tjensvoll, Nese, Klungtveit, Dyrskog, Sogndalstrand, Resnes)
- Noe mangelfull 4 (Ørsland, Lima, Utsira, Ognøy)
- Mangelfull 2 (Bratt Helgeland og Ulladalen)
- Svært mangelfull 0

Hevd:

- God 7
- Middels 5 (Tjensvoll, Utsira, Ognøy, Bratt-Helgeland, Ørsland)
- Dårlig 2 (Ulladalen er ikkje i bruk og er utsatt for gjengroing. Ein del av verdiane i området er redusert ved at det er etablert ein grusa turløype gjennom området. Dette har ført til at delar av området er drenert. Andre delar av landskapet er restaurert og godt vedlikehalde)

Tilskot:

- SMIL - 6
- Regionale miljøtilskot - 7
- Andre - ingen

Forvaltningsplaner

I tre av områda er det utarbeida gode og detaljerte forvaltningsplanar. Dette gjeld lyngområde på Rennesøy og Sogndalstrand. Sogndalstrand er også verna som kulturmiljø.

Hovudproblem/truslar i områda

Trusselen for dei fleste av dei 14 områda er at områda ikkje lengre vert beita og gror difor igjen. Nokre område er utsett for oppgjødsling/nydyrking.

Vurdering av tilstand og utvikling for kulturlandskapet i fylket

Dei generelle utfordringane for å ta vare på viktige kulturlandskapsverdiar er i Rogaland todelt. I alle område unntatt Jæren, øykommunane Finnøy, Rennesøy, Kvitsøy, Karmøy og ytre delar av Vindafjord kommune, er til dels store område i ferd med å gro att. Dette gjeld særleg det innmarksarealet som ligg lengst frå driftssenteret og nære utmarksområde. Dei siste 5 åra har det likevel vore stadig auka fokus på verdien av kystlynghei. Ein del lyngareal har derfor blitt rydda og blir igjen brukt som beite.

I Jær-regionen er utfordringa i forhold til kulturlandskapsverdiar først og fremst knytt til intensiv jordbruksdrift der viktige kulturlandskapsareal er oppsett for oppgjødsling og i nokre tilfelle oppdyrka eller brukt som fyllingsareal.

26.2 Samfunnsplanlegging

Krav om planprogram og konsekvensutredning vil, dersom det blir gjennomført, kunne sikre ei betre vurdering og dokumentasjon av landbruksinteresser i samfunnsplanlegginga. Erfaringane til nå og i tidlegare år, viser at dette i praksis i varierende grad blir følgt opp av kommunane. Dei store bykommunane og kommunane i sentrale strøk, har kompetanse, kapasitet og vilje til å følgje opp dette. For dei mindre kommunane er dette langt meir utfordrande.

Dersom ein ønskjer seg ein nasjonal politikk for å sikre jordvern og kulturlandskapsomsyn er dette avhenging av ein politisk vilje til nasjonal styring. Erfaringar knytt til enkeltsaker etter jordlova og plan- og bygningslova, og plansaker elles, har vist at jordvern ofte ikkje betyr nok for lokalsamfunnet, til at jordverninteressene blir sikra tilstrekkeleg. Interessene i å vekse like mykje som nabokommunen og omdisponera areal til bustad, næring og vegprosjekt får gjennomslag i staden.

Det har i 2006 ikkje vore planarbeid knytt til større vernesaker med landbruksinteresser i Rogaland.

Geodata

(Sjå også kap. 1 – Kart og stadfesta informasjon)

På grunn av problem med å behalde og rekruttera personar med GIS kompetanse har vi hatt redusert kapasitet innanfor Kart og geodataarbeidet i 2006. I tillegg har ein vesentleg del av ressursane blitt brukt på eksternt finansierte prosjekt. Dette går ut over moglegheitene til å starta opp egne prosjekt.

I Landbruksavdelinga blir GIS aktivt brukt i arealsaker. Dette fører til betra sakshandsaming og betre presentasjonar. I samband med kommunebesøk har vi begynt å bruka GIS presentasjonar over arealdisponeringa i kommunen i tillegg til annen statistikk over utviklinga i kommunen. God visualisering av utviklingstrendar skaper ofte debatt og vekker interesse hos rådmann, politikarar og byråkratar på ein framifrå måte. På andre saksfelt blir GIS brukt meir sporadisk, og her har vi framleis eit forbettringspotensiale.

Temakart Rogaland, tidlegare Arealis Rogaland, er ein internettportal for oppslag av geografisk informasjon. I 2006 har vi lagt ned vesentleg arbeid med å utvida funksjonane i portalen.

Fylkesmannen har lagt ned ein god del ressursar i å vera forberedt på eit eventuelt fugleinfluensautbrot i Rogaland. Vi har valt å bruka Temakart Rogaland-portalen til å halda oversikt over fjørfebesetningar. I tillegg har vi lagt inn data om skolar og barnehagar i portalen slik at vi kan sjå om desse kjem inn i ei risikosone. Dette er eit godt verktøy for å vurdere kva for tiltakt som er naudsynt å setja inn ved eit eventuelt utbrot. I tillegg til Fylkesmannen har Mattilsynet og HV08 brukt portalen i samband med kriseøvingar.

Etter kvart som ein får lagt inn data frå fleire datakjelder så ser ein at nytteverdien av GIS aukar. Ved å aktivt leggje inn fleire tema vil nytteverdien bli stadig større ved at ein kan knyta saman ting som i utgangspunktet ikkje synest å ville påverka kvarandre. Til dømes skular og fjørfebesetningar. Ein kan tenka seg liknande knytingar i samband med andre dyr eller institusjonar.

I Temakart Rogaland-portalen er det no lagt inn ei knyting med saksbehandlingsprogrammet Ephorte på saksområde som gjelder arealdisponering. Det kjem eit symbol på kartet der det t.d. har vore frådelingssaker og liknande. Ved å klikka på symbolet kjem du direkte inn i saka i Ephorte. Det kan tenkast at dette kan brukast på fleire saksområde etter kvart. Når det har gått ei viss tid med registreringar, vil ein kunna sjå om det er visse område som har større press enn andre ved eit raskt blick på kartet.

Gardskartprosessen:

Klepp kommune er første kommune som er ferdig med gardskartprosessen i Rogaland. I tillegg er det fleire kommunar som er godt i gang med dette arbeidet. Erfaringa så langt er at dyrka mark blir redusert noko, medan innmarksbeite aukar vesentleg i kommunar utanfor Jæren. I Rogaland har vi ofte ein glidande overgang frå innmarksbeite til utmark. Dette kan skapa problem i arbeidet med å klassifisera areala. Overflatedyrka mark blir ofte klassifisert som beite.

Prosjekt: Tettstadsutvikling på Jæren

Landbruksavdelinga har brukt store ressursar på å kartlegga tettstadsutviklinga på Jæren. I dette arbeidet har ein brukt ortofoto og flyfoto bakover i tid som grunnlag for å kartleggja endringane. Målet med prosjektet er å sjå på kor mykje og kva for areal som er utbygd. I tillegg vil ein gjere eit forsøk på å framskriva utviklinga. Prosjektet vil bli fullført i 2007.

Prosjekt: Etablering av felles terrengmodellar for 3D visning.

Med utgangspunkt i ArcGIS 3D Analyst og den terrengmodellen som fylkesmennene har tilgang til gjennom Noreg Digitalt, skulle prosjektet teste ut og dokumentera moglegheitene for 3D visning av geodata.

Resultatet av prosjektet er at ein kan presentera geodata i 3D på ein langt betre måte enn for eksempel ved Google earth. Fylkesmannen har allereie fått positive tilbakemeldingar frå andre samarbeidspartnarar. For å få overføringsverdi for andre embete så blei det laga ein rapport som viser korleis ein implementerer modellen. Det blei også konkludert med at den valde programvara er noko meir arbeidskrevjande i forhold til andre leverandørar. Dette gjeld spesielt i forhold til presentasjon av bygningar. Fyrst og fremst er dette noko Geodata/ESRI

må gjera noko med. Heile rapporten kan hentast her:

ftp://transfer:qwerty@ftp.statkart.no/SKStavanger/Temakart_Rogaland/3D-rapport.doc

Fylkesmannen har aktivt støtta næringsutviklingsprosjekt ved å kartfesta ressursgrunnlaget. Til dømes har vi vore aktivt med i Statoil sitt prosjekt med å starta opp biogassproduksjon på Jæren basert på husdyrgjødsel og avfall frå fiskerinæringa i Eigersund.

Utdannings- og forskingsdepartementet sine resultatområde

I dette kapitlet omtalar vi kort aktiviteten på resultatområda i embetsoppdraget frå Kunnskapsdepartementet/Utdanningsdirektoratet. Rapporteringa er avgrensa til dei resultatområda det er kravd rapportering om, og gjeld berre det embetsoppdraget frå KD krev svar på.

Resultatområde 31 Tilsyn og klagebehandling

31.1 Tilsyn

Tilsynsobjekt	Tema for tilsynet	Avvik*	Merknad*	Pålegg	Ressursbruk (vekeverk)	Merknad
Rogaland sjøaspirantskole	fsl § 5-2, 2. ledd pkt i og 3. ledd fsl § 5-2, 2.ledd pkt d "Økonomiforskrift" til fsl, kap 5	3	0	0	1	
Dalane kristne skole	fsl §§ 3-4 og 3-6, oppl kapittel 5 "Økonomiforskrift" til fsl, kap 5	0	2	0	1	
Samfundets skole	fsl §§ 3-4 og 3-6, oppl kapittel 5 "Økonomiforskrift" til fsl, kap 5	0	0	0	1	
Lundeneset vidaregåande skole	fsl § 5-2, 2. ledd pkt i og 3. ledd fsl § 5-2, 2.ledd pkt d "Økonomiforskrift" til fsl, kap 5	0	0	0	1	
Steinerskolen i Haugesund	fsl §§ 3-4 og 3-6, oppl kapittel 5 "Økonomiforskrift" til fsl, kap 5	0	3	0	1	
Vatneli skole	fsl §§ 3-4 og 3-6, oppl kapittel 5 "Økonomiforskrift" til fsl, kap 5	0	1	0	1	
Gamleveien skole	fsl §§ 3-4 og 3-6, oppl kapittel 5 "Økonomiforskrift" til	0	0	0	1	

	fsl, kap 5					
Holgensen videregående skole	fsl § 5-2, 2. ledd pkt i og 3. ledd fsl § 5-2, 2.ledd pkt d "Økonomiforskrift" til fsl, kap 5	0	1	0	1	
Sandnes kommune	oppl kap 9A	2	1	0	2	
Rogaland fylkeskommune	oppl § 13-3a	5	2	0	3	
Gjesdal kommune	oppl § 13-10, 2. ledd	0	0	0	2	
The British International School of Stavanger.	opp § 13-10, 2. ledd	1	0	0	1	

* Avvik og merknader er tekne med i vedlegg 1.

Det er rapportert om nasjonalt tilsyn 2006 i eigen rapport.

I samband med nasjonalt tilsyn 2006 deltok to medarbeidarar på fire dagars kurs i systemrevisjon. I etterkant av dette kurset vart det gjennomført intern skoloring med same tema for heile personalet ved avdelinga. Kurset vart gjennomført i tre delar med individuell lesing av rettleiar og dokument som del 1, gjennomgang av sentrale omgrep og definisjonar i systemrevisjon i plenum som del 2 (halv dag alle medarbeidarar), og personalseminar over 2 dagar etter modell frå den sentrale skoloringa som del 3. Samla ressursbruk i 2006 vart om lag 50 dagsverk, førebuing medrekna. Ressursbruken her er ikkje tatt med i denne oversikten.

I tillegg deltok fire personar frå avdelinga på regelverksamling i november der det nasjonale tilsynet for 2007 var tema.

31.2 Klagebehandling

Type sak	Skoleslag	Tal saker	Medhald	Delvis medhald	Ikkje medhald	Avviste	Oppheva	Retur
Spesialundervisning i skolen/spesialpedagogisk hjelp barn under skoleopl. alder	Grunnskole	21			9		8	4
	Vidaregåande opplæring	3					3	
	Frittstående skolar	1			1			
Utsett skolestart	Grunnskole	1						
Framskoten skolestart	Grunnskole	2			2			
Skoleskyss	Grunnskole	5	1		3		1	
Skoleplassering	Grunnskole	18			17	1		
Standpunkt fag	Grunnskole	117	48		69			
	Frittstående skolar	1			1			
Standpunkt orden	Grunnskole	3	1		2			
Standpunkt åtfærd	Grunnskole	1			1			

Talet på klager på spesialundervisning har aldri vore så lågt som i 2006. Talet på klager på dette feltet har gått nedover dei siste åra, men nedgangen frå 2005 til 2006 var markert. Det er grunn til å rekne med at talet vil auke att. Talet på klager på standpunktkarakterar er relativt stabilt.

Vi nemner også her at det i 2006 har gått med relativt mykje tid (samla om lag 30 dagsverk) til å assistere regjeringsadvokaten i samband med ei rettssak knytt til ei klagesak om utsett skolestart frå 2004. Saka vart behandla i Karmsund tingrett i februar 2006, og her vart staten ved Kunnskapsdepartementet frikjend. Avgjerda vart anka, og Gulating lagmannsrett behandla saka i januar 2007. Her vart staten ved Kunnskapsdepartementet dømd ved at Fylkesmannen i Rogaland sitt vedtak i klagesaka vart kjent ugyldig, og ved at staten vart pålagt å gi erstatning og dekkje sakskostnader. Det er enno ikkje avklart om dommen blir ståande.

Resultatområde 32 Kvalitetsvurdering, dokumentasjon og analyse

32.1 Nasjonale prøver, avgangsprøver og eksamen

Nasjonale prøver

Det har i 2006 ikkje vore gjennomført nasjonale prøver på grunn av Kunnskapsdepartementet si avgjerd om å utsetje dette til 2007.

Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkesmannen har gjort følgjande når det gjeld eksamen i vidaregåande opplæring:

- Informasjonsarbeid
- Vedlikehald av sensorregister
- Sensorskolering
- Sensoroppnemning
- Gjennomføring av sensur på sentralt gitt skriftleg eksamen vår og haust
- Deltatt i gjennomføringa av klagesensur i Hordaland

- Møteverksemd med Utdanningsdirektoratet og andre fylkesmenn.

Ressursbruk: Om lag 150 dagsverk.

Eksamen i grunnskolen

Fylkesmannen har gjort følgjande når det gjeld eksamen i grunnskolen:

- Utarbeiding av informasjonsmateriell til rektorar, sensorar og elevar
- Oppnemning av sensorar til skriftleg avgangsprøve
- Sensorskolering til skriftleg avgangsprøve
- Gjennomføring av fellessensur våren 2006
- Koordinering munnleg eksamen
- Informasjonsarbeid og kursing av lærarar for å kvalitetssikre munnleg avgangsprøve
- Møteverksemd med Utdanningsdirektoratet og andre fylkesmenn.

Ressursbruk: Om lag 100 dagsverk.

Fylkesmannen har ikkje samarbeidd med Folkeuniversitetet om å finne tenlege teststader for språkprøva for vaksne innvandrarar og informasjonsspreiing om dette. Årsaka er at Folkeuniversitetet ikkje har bede om bistand, og Fylkesmannen har elles ingen grunn til å tru at dette arbeidet ikkje blir løyst på ein god måte.

Informasjon som kjem fram under gjennomføringa av prøvar og eksamenar blir i liten grad brukt i tilsynsarbeidet. I samband med til tilsyn etter opplæringslova §13-10 og friskolelova §5-2 kontrollerer Fylkesmannen i kva grad kommunen/skolen nyttar tilgjengelege statistikkjelder for læringsutbyte i eige kvalitetsvurderingsarbeid.

32.2. Skoleporten

Fylkesmannen har gitt rettleiing til skoleeigarar og skoleleiarar i bruken av Skoleporten, både teknisk og pedagogisk. Fylkesmannen har hatt ansvar for førstelinje brukarstøtte i Rogaland. Dei fleste spørsmål har gått på problem med pålogging. Fylkesmannen har rettleia kommunar og vist til Skoleporten som ledd i lokalt vurderingsarbeid. Fylkesmannen har nytta Skoleporten i eige analysearbeid i samband med tilsyn. I samband med til tilsyn etter opplæringslova §13-10 og friskolelova §5-2 kontrollerer Fylkesmannen i kor stor grad kommunen/skolen nyttar tilgjengelege nasjonale statistikkjelder i eige kvalitetsvurderingsarbeid. Vi har dessutan valt å vidareføre tradisjonen med ein eigen tilstandsrapport for Rogaland, no basert på ”Utdanningsspeilet” frå Utdanningsdirektoratet. I denne rapporten er bruk av både Skoleporten og annan statistikk sjølvsgd. Fylkesmannen har elles meldt tilbake til Utdanningsdirektoratet om problemstillingar og medverka til vidareutvikling og kvalitetssikring av Skoleporten.

Ressursbruken når det gjeld brukarstøtte og rettleiing er om lag ti dagsverk. Vi har ikkje rekna på ressursbruken når det gjeld analysearbeid i samband med tilsynsarbeidet og tilstandsrapporten.

Resultatområde 33 Kvalitets- og kompetanseutvikling

33.2 Kompetanseutvikling

Totalt nyttar Fylkesmannen følgjande ressursar i arbeidet med strategien *Kompetanse for utvikling*:

Oppgåve	Ressursbruk
Samarbeidsrådet	6 dagsverk
Samarbeidsforum	4 dagsverk
Møte/samarbeid med KS	7 dagsverk
Møte med universitet/høgskole	2 dagsverk
Programfag til val	8 dagsverk
Utlysing/informasjon om kompetanseutviklingsmiddel	2 dagsverk
Behandling søknader tilskott 2 framandspråk og naturfag	10 dagsverk
Utbetaling generelt tilskott til kompetanseutvikling	25 dagsverk
Rettleiing og oppfølging av skoleeigarar - tilskott til kompetanseutvikling	5 dagsverk
Oppfølging av skoleeigarar si rapportering om kompetanseutviklingsmiddel	8 dagsverk

33.3 Forsøksverksemd

Det er ikkje kome inn søknader om forsøk i 2006.

33.4 Lærande nettverk

Fylkesmannen har oppretta styringsgruppe for Lærande nettverk i Rogaland. Leiarane for nettverka (høgskole/universitet) er med i styringsgruppa i tillegg til ein representant frå fylkeskommunen, ein frå ein av deltakarskolane i kvart nettverk i tillegg til Fylkesmannen som fungerer som leiar for gruppa. Styringsgruppa møtest 2 gonger i halvåret for å koordinere arbeidet i nettverka i fylket, leggje felles overordna planar for arbeidet i nettverka og for å sikre at erfaringar blir spreidde mellom nettverka.

Leiarane av nettverka og Fylkesmannen har tilgang til nettbaserte samarbeidsplattformer (It's Learning) for nettverka i fylket for å leggje til rette for erfaringsdeling og -spreiing mellom nettverka i det daglege.

33.5 Nasjonale strategiplanar

Vi viser til rapporteringskrav i embetsoppdraget og nemner kort følgjande:

Likeverdig utdanning i praksis.

- 5 kommunar/barnehagar i Rogaland er med i NAFO-prosjektet **Språkleg og kulturelt mangfald i barnehagen**. Prosjektet starta hausten 2006, og prosjektleiinga er lagt til Universitetet i Stavanger.
- Øyremerkte midlar på barnehagefeltet (kr 240 000 til Rogaland) til språkstimulering er tildelte etter særskilt søknad til prosjektarbeid i ni kommunar.
- Utdanningsavdelinga har i samarbeid med NAFO medverka i pilotprosjektet "Kartlegging og utvikling av gode opplæringsmodellar for ungdom med mangelfull skolebakgrunn og kort butid i Norge"
- Vi arrangerte 19.10.06 ei samling om Introduksjonslova og tilskottsordningane i samarbeid med IMDI Vest
- Vi arrangerte 15.11.06 ein konferanse for lærarar til minoritetspråklege unge og vaksne. Emnet var informasjon og rettleiing i bruk av Språkpermen, den norske utgåva av European language Portfolio (ELP)
- Vi deltar i dei såkalla HJUL-møta mellom NAFO og fokusbarnehagane/fokusskolane

Gi rom for lesing

Vi viser til elektronisk særreportering frå Utdanningsdirektoratet. Frist for rapportering var 15.02.07

Resultatområde 34 Lærings- og oppvekstmiljø

Fylkesmannen hadde ingen konkrete oppdrag frå Utdanningsdirektoratet i 2006 når det gjeld ”*Manifest mot mobbing*” og ”*Verdiarbeid i skolen*”. Arbeidet vårt har vore å vidareformidle/informere kommunar/skolar om aktuelle saker via nettstaden vår.

Ressursbruk ca. 2 dagsverk.

Prosjektet ”Fysisk aktivitet og måltid i skolen” har vore følgt opp i tråd med Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet sine føringar. Det har gått ut invitasjon til fylkeskommune/kommunar/skolar om deltaking i prosjektet. Søknader er behandla og prioriterte og sendt Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet for utveljing. Dei utvalde skolane er informerte og tilført tildelte midlar. Alle deltakande kommunar vart inviterte med og deltok på konferanse i Bergen, der tema var skoleanlegg, fysisk aktivitet og måltid i skolen. Vidare vart kommunar og skolar inviterte til – nokre også brukte som førelesarar - konferansen ”1-2-30 Saman om fysisk aktivitet”. Fylkesmannen har også gitt innspel til val av modellskolar i prosjektet. Informasjon om prosjektet er å finne på eigen nettstad på utdanningsavdelinga sine nettsider.

Ressursbruk ca. 12 dagsverk

Prosjektet ”Psykisk helse i skolen” har i sterk grad vore forankra i utdanningsavdelinga. Det er i 2006 arrangert ei samling med tema ”Alle har ei psykisk helse” og ei todagens samling med tema ”Kva er det med Monica”. Det er vidare informert om satsinga på nett, via e-post og i samlingar der dette har vore naturleg. Elles har det vore tildelt midlar til ulike arrangement.

Ressursbruk ca. 10 dagsverk

Resultatområde 35 Informasjon, rettleiing og samarbeid

35.2 Informasjon og rettleiing

Det blir brukt varierte strategiar for å informere om nasjonale utdanningspolitiske mål, m.a. gjennom deltaking i ulike nettverk og samarbeidsforum, gjennom samlingar og konferansar, gjennom ulike prosjekt og gjennom bruk av nettsidene våre (som elles vart rangerte mellom dei beste FM-nettsidene i 2006). Av større konkrete tiltak i 2006 nemner vi temasamlingar om lovverk, saksbehandlarsamlingar om ulike emne, konferanse for skoleleiarar om Programfag til val, konferanse for politisk og administrativt ansvarlege, rektorar, m.fl. om system for kvalitetsvurdering etter § 13-10, 2. ledd, samling for foreldre i samarbeid med FUG og Kommunalt foreldreutval i Stavanger, konferanse om opplæring for språklege minoritetar. Prosjekta som avdelinga leier eller deltar i, er omtalte i andre kapittel i årsrapporten.

Svært mykje tid går med til å informere og gi rettleiing om regelverk til enkeltpersonar som vender seg til avdelinga gjennom telefon eller pr. e-post. Både tilsette i forvaltninga på ulike nivå og privatpersonar tar kontakt for å få hjelp. Frå skoleeigarsida er det særleg spørsmål som gjeld regelverk, utdanningssystem, vurdering og dokumentasjon som krev tid. Vi prøver å medverke til at relevant informasjon i større grad skal vere lett tilgjengeleg på nettsidene våre, og har m.a. laga ei rettleiing om fastsetjing og klage på standpunktkarakterar i samarbeid med utdanningsavdelingane i sørvestgruppa.

Resultatområde 37 Tilskottsforvaltning

Ettersyn av årsrekneskapen for folkehøgskolane

Utdanningsavdelinga har gått gjennom rekneskapane for 2005 ved dei fire folkehøgskolane i fylket. Vi viser til tabellen nedanfor.

Skole	Driftsresultat	Årsresultat	Eigenkapital	Gjeld i % av total kapital
Jæren	1 357 905	991 822	7 145 612	70,6%
Karmøy	242 259	181 822	8 634 174	35,5%
Lundheim	62 227	-167 156	6 863 463	58,2%
Solborg	1 238 538	430 619	12 751 141	60,7%

Jæren folkehøgskule

Skolen har investert monaleg i bygningsmassen i 2005. Dette har gitt ein kraftig auke i rentekostnader og har gjort at skolens totalkapital i større grad er finansiert av gjeld enn kva tilfellet var i 2004. Samstundes inkluderer inntektene til skolen ein ekstraordinær gevinst på over 1,1 mill kr for sal av rektorbustad. Reelt sett går drifta difor med underskott i 2005. Med aukande rentenivå er det difor grunn til følge med framover for å vurdere om skolen greier å justere drifta slik at finansieringssituasjonen ikkje blir forverra.

Karmøy folkehøgskule

Skolen er solid finansiert og drifta går med overskott.

Lundheim folkehøgskole

Skolen går med eit lite underskott for andre året på rad, og det er grunn til halda eit auge med drifta på skolen av den grunn. Finansieringssituasjonen er framleis god.

Solborg folkehøgskole

Skolen er solid finansiert og drifta går med overskott.

Resultatområde 38 Oppgaver etter barnehagelova

Klagesaker 2006 – barnehagelova:

1 klage på godkjenning av barnehage

3 klager på kommunalt tilskott etter forskrifta om økonomisk likeverdig behandling

Barne- og likestillingsdepartementet sine resultatområde

Resultatområde 42: familierett

42.1 Ekteskapslova

Det blei gitt 1081 separasjonsløyve i 2006 (1107 i 2005) og 889 skilsmål (1004 i 2005). Det var vidare fem partnerskapsseparasjonar og tre partnerskapskilsmisssar.

42.2 Anerkjenningslova

Vi behandla 75 saker i 2006. Vi gav avslag i fem saker. To av desse blei påklaga vidare til BUFdir. Vi har hatt ei klage til behandling når det gjeld prøving av ekteskapsvilkår.

42.3 Barnelova

Fylkesmannen fekk i 2006 totalt 16 saker til behandling etter barnelova. Av desse omhandla 13 saker foreldreansvar, fast bustad og samvær, og 3 saker omhandla reisekostnader.

42.4 Familierett – Mekling og meklingsinstituttet

Frå 1998 har Fylkesmannen hatt lovpålagt tilsyn med familievernkontora, jf. lov om familievernkontor av 19. juni 1997 § 3. Utover sjølve tilsynet er Fylkesmannen klageinstans i meklingsaker. Fylkesmannen har vore på eit tilsynsbesøk på familievernkontoret i Haugesund og eit på familievernkontoret i Egersund. Tilsynsbesøket i Stavanger blei flytta til februar 2007. Fylkesmannen har framleis inntrykk av at kontora er veldrivne.

42.5 Rettleiing - Familierett

I 2006 mekla familievernkontora og dei eksterne meklarane totalt i 1156 saker. Av desse stod dei eksterne meklarane for 503 saker.

I Rogaland er der 3 familievernkontor og 12 eksterne meklarar. Ventetida i ca. 71 % av sakene er på under 3 veker. Av dei sakene som hadde ei ventetid på meir enn 3 veker, var årsaka til dette bare i 41 % av tilfella tilhøve hos meklar. Det var familievernkontora som først og fremst hadde vanskar med å halde ventetida innafor fristen. Bare ein ekstern meklar, den i Haugesund, hadde slike vanskar. Alle familievernkontora rapporterer dessutan at ventetida dels har si årsak i at par vel å vente på time hos dei framfor å gå til ein ekstern meklar. I samband med dette valde likevel Fylkesmannen å oppnemne tre nye eksterne meklarar.

Fylkesmannen arrangerte i oktober sin årlege fagsamling for meklarane i Rogaland. Psykolog Anne Kathrine Løge var hovudforelesar, og tema var ”Avvæpning av konflikt og utvikling av ferdigheter i samarbeid”. Fylkesmannen hadde også ein bolk, der vi gjorde greie for endringar i barnelova, den nye forskrifta om meklings og framlegget om overføring av oppgåver frå Fylkesmennene til Bufetat. Det blei også gitt informasjon om moglege endringar av Fylkesmannen sin tilsynsfunksjon.

Det blei i 2006 i tillegg brukt ein god del ressursar til informasjon og rettleiing av familievernkontora og dei eksterne meklarane.

45.2 Fritak frå teieplikta

Fylkesmannen behandla 56 saker som gjaldt fritak for teieplikt i 2006.

45.5 Adopsjonslova

I 2006 blei det behandla 56 saker knyta til ettersøking av biologiske foreldre. Vi behandla 49 saker i 2005.

Resultatområde 48 Likestilling

I tillegg til kontinuerleg arbeid med å utjamne kjønnsforskjellar når det gjeld løn og tilsetjingar, både blant saksbehandlarar og leiing, har embetet i 2006 fokusert på kvinner i lokalpolitikken. Det er eit problem når det ikkje er jamn fordeling i kommunestyra generelt og spesielt i leiande politiske posisjonar. Embetet planla eit prosjekt, men fordi vi ikkje fekk

økonomisk støtte frå departementet, blei det berre ein konferanse om kvinner i lokalpolitikken i Rogaland; ”Kvifor så få?”. Målgruppa var spesielt ordførarar og nominasjonskomiteane. Det blei ein svært vellukka konferanse, som skal følgjast opp i 2007 med to arrangement. Sjå elles kap. 1 ovanfor.

Justisdepartementet sine resultatområde

Resultatområde 51 – Siviladministrasjon

51.1 Stiftingar

Det vart behandla 141 saker i 2006. Våren 2006 vart det siste etterslepet av omdanningssaker tekne, men det var gjennom året behandla nokre saker før 01.01.05. Det var mykje arbeid med overføringar til stiftingsregisteret, kopiering med vidare. Det var også mange spørsmål om innsyn i arkivet.

51.2 Verjemål

Fylkesmannen mottok i alt 36 saker som gjaldt overformynderi/verjemål i 2006.

Fylkesmannen har som overordna forvaltningsorgan eit lovpålagd tilsynsansvar overfor overformynderia. Vi har utført tilsyn med seks av overformynderia i Rogaland. Det blei berre ført tilsyn med overformynderi utan fast formann. Tema for tilsynet var dagleg drift og saksbehandlingsrutinar, rekneskap og hjelpeverjemål. Etter tilsynet sit Fylkesmannen igjen med eit inntrykk av at overformynderia gjer ein forsvarleg jobb både i høve til saksbehandling og i høve til dei materielle reglane i verjemålslova. Vi har likevel peika på nokre tilhøve som kan bli betre. Tilsynsarbeidet vil halde fram i 2007 med seks nye kommunar.

51.3 Forliksråda

Det har kome inn fire saker i 2006. To gjeld oppnemning av medlem og ei sak gjeld klage på forliksråda.

51.5 Tomtefestelov

Det kom ikkje inn nye søknader om innløyising av festetomt i 2006.

Det vart behandla to søknader om innløyising som blei avslått. Departementet stadfesta vedtaka etter at desse var påklaga.

51.6 Dekningslov

Ingen saker i 2006

51.7 Kommunale politivedtekter

Vi har mottatt ei sak i 2006.

Resultatområde 52 Borgarrettar

52.1 Fri rettshjelp

I 2006 fekk vi 1 759 saker om fri rettshjelp til behandling. Dette er ein nedgang samanlikna med dei tre siste åra.

Oversikta viser talet på saker dei siste åra:

År	Tal på saker
2004	2826
2005	2109
2006	1759

Nedgangen i 2006 kjem hovudsakleg av færre søknader om fritt rettsråd om asyl. Dette viser følgjande tabell:

År	2004	2005	2006
Tal på asylsaker	1556	737	344

Som følgje av færre saker blei det utbetalt mindre til fri rettshjelp i 2006 enn i 2005. Dette viser tabell under:

År	2004	2005	2006
Totalt	20 207 009,44	18 718 436,99	13 515 253,15
Asylsaker	5 724 076,20	2 868 058,22	1 302 592,42

Tabellen nedanfor viser resultatet av behandlinga av klager i departementet på våre vedtak:

	2004	2005	2006
Behandla av JD	44	74	49
Stadfesta	36	70	43
Omgjort	8	4	6

52.2 Valdsoffererstatning

Dette saksfeltet er ikkje lenger i Fylkesmannens portefølje, men vi har nokre etterslengarar som mellom anna gjeld sakskostnader. I 2006 har vi hatt ein slik sak.

52.3 Namnelova

Vi har behandla 16 klagesaker i 2006 mot 13 saker i 2005. Tre av sakene blei omgjort og seks saker blei stadfesta. Av dei resterande sakene er ei sendt tilbake til likningskontoret for ny behandling med dei andre sakene er treng meir dokumentasjon.

Namneforskar Ivar Utne ved Universitetet i Bergen blir nytta aktivt i sakene som konsulent.

Resultatområde 53 Regional samordnar innan samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har medverka til vidareutvikling av kommunalt kriseplanverk. Sentralt i arbeidet var å få til ein god samanheng mellom overordna kriseplan og sektorkriseplanar. Vi har set fokus på kriseplanar innan helse - og sosialberedskap og smittevern.

Fylkesmannen har rettleia kommunane i spørsmål om risiko- og sårbaranalysar gjennom kurs, møte og skriftlege kommentarar til framlegg til ROS-analysar. Vi har på førespurnad rapportert fortløpande og utarbeidd evalueringsrapportar til DSB og andre sentrale styresmakter etter mistanke om fugleinfluensa og etter stormar/uver i fylket (Oda m.fl.) Fylkesmannen har deltatt i møte i beredskapsutvalet ved Sola lufthamn (BSU).

Første del av fylkesROSen, strategi for "FylkesROS Rogaland" er utarbeidd. Andre del av fylkesROSen består av analysar av utvalde tema. Eit av tema som skal vere med , bortfall av

kraftforsyning "StrømROS", er tilnærma ferdigstilt. Analysen er gjennomført i samarbeid med kommunar, regionale og interkommunale aktørar.

Fylkesmannen har deltatt i "RegROS". Dette er eit interkommunalt prosjekt der risiko ved større ulukker i regionen blir kartlagt og analysert. Følgjande kommunar inngår i prosjektet: Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg. Fylkesmannen har gitt tilskott til prosjektet.

Vi har pga. manglande ressursar ikkje hatt høve til å arrangere møte i regional samordningsgruppe for samfunnstryggleik. Representantar frå samarbeidsgruppa har likevel deltatt aktivt i "StrømROS - analysen".

Fylkesmannen har, både åleine og i samarbeid med Mattilsynet, arrangert ulike møte i samband med eit ev. utbrot av fugleinfluensa (aviær influensa) i Rogaland. Målgruppe var kommunar og sentrale regionale aktørar. Møta har igjen resultert i at det blant deltakarane blei etablert ei "informasjonsarbeidsgruppe". Hovudutfordringa i arbeidsgruppa er samordning av informasjon under eit ev. utbrot.

Fylkesmannen har deltatt på ei fellesøving saman med Mattilsynet/Sivilforsvaret m. fl. i samband med testing av utstyr gitt eit utbrot av fugleinfluensa. Vi har vidare deltatt i eit prosjekt i regi av DSB og Post- og teletilsynet som har i oppdrag å finne ein prioriteringsordning for bruk av mobiltelefon (GSM-nettet).

Resultatområde 54 Rettleiar og pådrivar overfor kommunane

Det er gjennomført 8 systemtilsyn i følgjande kommunar: Finnøy, Haugesund, Stavanger, Forsand, Lund, Kvitsøy, Time og Sola kommune. Tre av desse tilsyna blei gjennomført saman med DSB sine tilsyn innafør brannvernberedskap. Det var i kommunane: Finnøy, Forsand og Lund.

Tema for våre tilsyn har m.a. vore samanheng i kriseplanverk, bruk av ROS-analysar i planbehandling og som grunnlag for tematiske kriseplanar. Vidare har vi hatt eit særleg fokus på kriseplanverk etter Lov om helsemessig og sosial beredskap og smittevernlova.

I tillegg til tilsynsrevisorar frå beredskapslaget har og ein assisterande fylkeslege frå Helse- og sosialavdelinga deltatt fast på alle tilsyna i 2006. DSB gjennomførte systemtilsyn med Fylkesmannen i Rogaland i hausten 2006. Ut frå øvingskonseptet "Øvelse Rogaland" med øving av kommunane annakvart år er ikkje kommunane øvde i 2006. Unntaket er Haugesund kommune som ikkje blei øvde i 2005. Fylkesmannen arrangerte derfor ei øving i strategisk krisehandtering i Haugesund i november 2006.

Resultatområde 55 Førebyggjande samfunnstryggleik og arealplanlegging

Fylkesmannen har medverka aktivt til å setje samfunnstryggleik og beredskap på dagsorden i samband med å delta på oppstartmøte ved revisjon av 9 kommuneplanar og fråsegn til 9 planprogram. Det er gitt fråsegn tilreguleringsplanar etter at samarbeidsmodellen (med fylkeskommunen) "Den regionale dialogen", Når det gjeld konsekvensanalysar har "Ryfast" og "Rogfast" vore arbeidskrevjande. Ut frå erfaringar om manglande ROS-analysar, har vi arrangert kurs for kommunale saksbehandlarar om emnet "ROS i arealplanbehandling". Vi har også drive opplæring i ROS både i samband med kommunale kurs og ved direkte rettleiing til kommunane sine planbehandlarar. Tilsette i beredskapslaget har deltatt i eit erfaringsseminar arrangert av DSB i Stavern om same tema. Vi har vidare deltatt i

fylkesnettverket ”Trygge lokalsamfunn”. Grunna manglande ressursar har vi ikkje formidla til og kursa kommunane i rettleiaren ”GIS i samfunnssikkerhet og arealplanlegging”.

Resultatområde 56 Samordning ved ekstraordinære kriser i fred, tryggleiksmessige kriser og krig.

Det vart gjennomført øving av Fylkesmannen sin krisestab i desember. I denne øvinga vart dei nye lokala for kriseleiinga tatt i bruk. Det vart i forkant av øvinga arrangert opplæring i elektronisk loggføring, og denne vart nytta under øvinga. I samband med øvinga vart ”Plan for kriseleiing – krisestab” revidert og oppdatert. Det er utvikla eigen kriseweb for Fylkesmannen i Rogaland. Fylkesmannen har i 2006 arrangert to møte i Fylkesberedskapsrådet. Kryptert samband er oppdatert. Det har ikkje vore øving i Atomberedskapsutvalet i 2006, men plan for regionalt Atomberedskapsutval (ABU) er revidert, jf. ny Kgl. res. Arbeidet med bygg- og anleggsberedskap har ikkje vorte prioritert. Arbeidet med revisjon av SBS er heller ikkje prioritert, men tilsette har deltatt på dagskurs i regi av NUSB. Fylkesmannen ha saman med Rogaland politidistrikt, Forsvarets Fellesoperative Hovudkvarter, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og Universitetet i Stavanger førebudd nasjonal konferanse om samfunnstryggleik og nye trusselbilde på UiS. Konferansen vart arrangert 9. jan. 2007.

Kommunal- og regionaldepartementets sine resultatområde

Resultatområde 61: Samordning og omstilling

Fylkesmannen har vidareført arbeidet med omstilling og fornying i kommunane. Vi har m.a. framleis eigne nettsider for dette temaet (under Fylkesmannen.no/Rogaland/Kommuneporten). Vi arrangerte også ei eiga KOSTRA-samling for kommunane. Viktigaste aktiviteten har vore fordeling av skjønsmidlar til ymse omstillingsprosjekt i kommunane og oppfølging av desse. For 2006 har desse prosjekta fått tildeling:

Knr	Kommune	Prosjektnamn	Tilskot	Samarbeid med:
1101	Eigersund	Konkurransseuts etjing *	400 000	
1102	Sandnes	Næringsareal	100 000	Stavanger, Sola og Randaberg
1103	Stavanger	Barnevern	385 000	Sola, Randaberg og Rennesøy
1106	Haugesund	Innsatsstyrt finansiering	413 000	
1121	Time	eServicetorg	900 000	Sandnes, Stavanger, Sola og Randaberg
1122	Gjesdal	Verneområde	100 000	
1129	Forsand	Verneområde	120 000	
1133	Hjelmeland	Verneområde	100 000	
1134	Suldal	Verneområde	100 000	
1149	Karmøy	Verneområde	80 000	
		SUM	2 698 000	

*) ved den ordinære tildelinga

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

Berre kommunar som står i Register over kommunar underlagt betinga kontroll (ROBEK) må innhenta godkjenning frå Fylkesmannen før dei har gyldig vedtak om budsjett, økonomiplan og låneopptak. Kommunane 1101 Eigersund og 1130 Strand var registrert i ROBEK pr 1.1.2006. Desse blei utmelde i løpet av året etter inndekning av underskot i Eigersund og vedtatt økonomiplan i balanse i Strand. 1160 (Nye) Vindafjord blei meld inn 1.7.06 pga. budsjett vedtatt i ubalanse.

Kommunale garantivedtak skal sendast til Fylkesmannen for godkjenning. Vi behandla i fjor 9 søknader om godkjenning av kommunale garantivedtak. Alle søknadene blei godkjende. I nokre tilfelle var vedtaka ufullstendige, og vi måtte innhente ytterlegare opplysningar før godkjenning. Ei garantisak blei etter drøftingar med kommunen handsama som lån i kommunen (kyrkjebygg der kommunen er direkte forplikta, ikkje registerkommune). Vi behandla også 6 lånevedtak frå interkommunale selskap og lånevedtak frå ROBEK-kommunane.

Kommunane blei orienterte om kommuneopplegget for 2007 på møte om Kommuneproposisjonen i mai. Alle kommunane møter til dette årlege informasjonsmøtet. Tilbakemeldingane i etterkant var positive. Vi arrangerte også ei samling for kommunane om statsbudsjettet 06.10.06 og presenterte også statsbudsjettet for eit nettverk av økonomisjefar i Sør-Rogaland 09.10.06.

Resultatområde 63 Kommunalrett

63.1 Kommunalrett

Det har kome inn ni saker om lovlegkontroll i 2006. Fire av desse var klagar frå privatpersonar. Fylkesmannen fann ikkje grunn til å ta klagane opp til behandling av eige tiltak. Fylkesmannen har behandla 3 saker. To av sakene kom frå tre eller fleire kommunestyremedlem og ei sak frå privatperson. Kommunen sitt vedtak blei stadfesta i alle sakene. To saker var ubehandla ved årsskiftet. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var tre månader.

Fylkesmannen har og behandla ei forvaltningsklage, kor kommunen sitt vedtak blei stadfest.

Kommunalrett var også eitt av fleire tema på ei konferanse om kvinner i lokalpolitikken.

63.2 Vallov

Den 28.september 2006 arrangerte vi konferansen "Kvifor så få kvinner", med mål å gjere partia merksame på at det er få kvinner i politikken i Rogaland, før kommunestyrevalet i 2007. Foredragshaldarar var bl.a. likestillings- og diskrimineringsombod Beate Gangås, forskar Ingrid Guldvik, Østlandsforskning og Petter Steen, ordførar i Haugesund kommune. Grundig arbeid gav utteljing i mange og nógde deltakarar. Konferansen er følgd opp med ein evaluering og publisering av alle innlegg. Konferansen fekk brei mediadekning og sette tema på dagsorden.

Vi har halde foredrag til partia sine nominasjonskomitear i tre kommunar om reglane for nominasjon, der også den låge kvinneandelen i Rogaland er nemnd.

Resultatområde 66 Bustad og bygningsrett

66.1 Byggjesaker

Målsettinga har vore tre månader saksbehandlingstid. Saksbehandlingstida har likevel auka frå 3 månader til 4 månader i løpet av året. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for året var ca. 3,5 månader. Årsaka til dette er knappe ressursar som gjer at vi ikkje har hatt tilstrekkeleg med juridiske saksbehandlarar til å handtere den store saksmengda. Talet på saker inn til embetet er stigande noko som også var tilfelle i 2006. Av ressursomsyn har vi heller ikkje gjennomført dei tre kommunebesøka som var planlagt. Avdelinga har likevel deltatt på eit interkommunalt møte med innlegg og på eit kurs som var arrangert av KS.

Statistikk for ulike saksfelt innanfor dette området:

Klage i byggjesaker: Det kom inn 422 saker i 2006. Av dei innkomne sakene var 37 setjefylkesmannssaker etter klager frå Fylkesmannen i Vest-Agder. Talet på klageavgjerder: 381 (i 2005: 458). 34 av desse var setjefylkesmannssaker

Stadfesta: 271

Omgjort: 43

Oppheva: 35

Avvist/returnert: 32

Restanse: 162 (i 2005: 122)

66.2 Saker om ekspropriasjon

Det kom inn 3 klager på ekspropriasjonsvedtak og 2 søknader om førhandstiltreding.

Klagesaker, underinstans sitt vedtak stadfesta: 3

Løyve til ekspropriasjon gitt av Fylkesmannen som førsteinstans: 0

Løyve til førehandstiltreding gitt av Fylkesmannen som førsteinstans: 3

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid 2,5 månader

Oppgåver under Helsedepartementet og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet – Oppdrag frå statens helsetilsyn og sosial- og helsedirektoratet

Resultatområde 45 Barnevernet

Fylkesmannen har behandla 65 enkeltsaker i 2006. Fylkesmannen har motteke 9 saker som ikkje er ferdigbehandla. Enkeltsakene gjeld mellom anna klager på saksbehandlinga, avslag på hjelpetiltak og avslag på dokumentinnsyn. Fylkesmannen har i tillegg behandla 8 klager frå barn i institusjon som det er nytta tvang mot.

Fylkesmannen skal følgje med på om kommunane gjer arbeidet innan dei fristane som er fastsette i lova. Fylkesmannen får fristrapportering frå kommunane fire gonger årleg for alle nye saker. Fylkesmannen har på bakgrunn av gjennomgangen av desse følgt opp enkelte kommunar, men ingen kommunar har fått bot.

I 2006 gjennomførte Fylkesmannen i Rogaland systemrevisjon med barneverntenesta i Stavanger kommune. Denne revisjonen hadde same tema som det landsomfattande tilsynet i 2005 på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet (BFD). Tilsynet avdekkja fleire avvik. Tilsynsrapporten ligg på Fylkesmannen si heimeside.

Det er faste møte med barnevernleiarane i kommunane og fagteamleiarane frå Bufetat to gonger i året. Barnevernleiarane og sosialleiarane var med på ein studietur til Danmark hausten 2006, der tema var unge rusmiddelmissbrukarar og tidleg intervensjon. Vi var på besøk på Foldbjergcenteret på Vrå, Senter for misbruk og førebygging i Randers og Viborgs Amts Misbrugscenter mellom anna.

Barne- og likestillingsdepartementet inviterte alle kommunane i Rogaland saman med kommunane i Hordaland til ein konferanse for tilsette i det kommunale barnevernet. Temaet var sentrale politiske føringar på barnevernområdet, og nye handbøker og rettleiarar blei presentert. Konferansen blei arrangert i Haugesund i mars 2006 og var eit ledd i departementet sine landsomfattande konferansar.

Fylkesmannen har også i 2006 hatt fire møte saman med Bufetat, region vest og fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane, for å utveksle informasjon mellom dei enkelte etatane.

I 2006 hadde Fylkesmannen tilsyn med 22 barneverninstitusjonar i Rogaland. Fleire av institusjonane har underavdelingar, difor blei det ført tilsyn med i alt 45 einingar/objekt. Det blei gjennomført 102 individtilsyn. Fylkesmannen har med dette oppfylt dei lovpålagte tilsyna. Det er Fylkesmannen si røynsle at barna får god omsorg og behandling og at samarbeidet kring tilsynet fungerer godt. Fylkesmannen har gitt kommentarar, meldingar og pålegg til nokre institusjonar, mellom anna i høve til tvangsbruk, manglande politiattest, høve til å bevege seg fritt, ransaking og husordensreglar.

I 2006 gjennomførte Fylkesmannen 14 systemrevisjonar i institusjonar. Tema for systemtilsyna har vore ” politiattestar og medisinsk tilsyn og behandling” , ”vern om personlig integritet” og ”institusjonane si behandling av uønska åtferd”. I 11 institusjonar har politiattestar vore tema og tilsynet har funne avvik eller gitt merknad til alle. Tema ”vern om personlig integritet” er ein revisjon som var ein del av eit landsomfattande tilsyn som Barne- og likestillingsdepartementet starta. Rapportane ligger på heimesida vår.

Fylkesmannen sender halvårsrapportar til BLD som viser aktiviteten på barnevernet sitt område samt årsrapport om tilsyn.

Resultatområde 71 Folkehelsearbeid

71.1 Folkehelsearbeid generelt

Resultatkrav : Alle kommunar skal kjenne til nasjonalt utvikla verktøy for folkehelse

Status for det lokale folkehelsearbeidet

Informasjon om nasjonale verktøy skjer på nett, i møter og konferansar. 19 av 26 kommunar har forankra folkehelsearbeidet i kommune- eller delplanar. Fylkeskommunen fekk partnarskapsstatus i 2006. Her er folkehelsearbeidet med særleg med vekt på fysisk aktivitet forankra i revidert fylkesplan, Delplan for friluftsliv, idrett, natur- og kulturvern og Handlingsplan for folkehelse.

Vurdering av folkehelse- og tilgjengeperspektivet i plansaker og kunngjering om endringar i KU-forskrifta Folkehelseperspektivet i regional stat:

Det er tverrgående folkehelsegruppe med representasjon frå alle avdelingar. Eiga plangruppe fremjar tilgjenge- og folkehelseperspektivet i samband med plansaker. Helse- og sosialavdelinga bidreg fast med innspel i dette arbeidet. KU-forskrifta er gjort kjent i planmøte og konferansar.

Tildelte middel brukt etter gitte føringar

Alle midla er nytta. Vel 200.000 er nytta til direkte støtte til kommunale/friviljuge tiltak.

71.2 Miljøretta helsevern

Fylkesmannen er klageinstans for vedtak etter kommunehelsetenestelova kap. 4a.

I 2006 hadde vi ei klagesak om røyking i serveringslokale. I fleire andre saker har vi rettleidd partar om saksbehandling og bakgrunnsopplysningar, og i ei vassverksak har vi bede kommunen om å få eintydige rutinar ved vassforureining.

Fylkesmannen avslutta i 2006 ei større sak om industristøy med vedtak etter forureiningslova, som gjorde at tidlegare vedtak etter kommunehelsetenestelova kap. 4a kunne opphevast. Samarbeidet mellom helse- og sosialavdelinga og miljøvernavdelinga har vore svært godt

71.2 Ernæring, fysisk aktivitet og tobakk

Ernæring

Gjennomført 4 temakvelder om sunt kosthald i barnehagar. Deltaking i Skolefrukt er nå på 43 %. Nesten alle dei offentlege vidaregåande skolane har fjerna brusautomatane. Vatn er tilgjengeleg hos alle.

Fysisk aktivitet og prosjektet Fysisk aktivitet og mat i skolen

Handlingsplanen er følgd opp mellom anna i 1-2-3-konferanse der prosjektskolane var særskilt invitert, og erfaringar frå prosjektet presentert.

Tobakk

Informasjon om kurshaldarar, Røyketelefonen og anna hjelp til røykeslutt vert kunngjort på nettsidene og gjennom e-post til kommunelegane. Oppslutninga om FRI ligg no på 67%. Fylkestinget har gjort positivt vedtak om røykfrie vidaregåande skolar.

71.5 Førebygging av uønska svangerskap og abort

Fylkesmannen er saman med helsestasjon for ungdom i Stavanger i gang med planlegging av eit dagskurs om ungdom som er svakt fungerande og deira forhold til seksualitet og helse. Avhengig av økonomisk støtte skal seminaret gjennomførast hausten 2007.

Vi har ikkje mottatt tilskotsmidlar i 2006.

Resultatområde 72 Primærhelseteneste

72.1 Fastlegeordninga og allmennlegetenesta

Fylkesmannen har uttalt seg til fire søknader om nye legestillingar (Klepp, Sandnes, Gjesdal, Bokn og Hjelmeland)

Ingen Rogalandskommune var suspendert frå fastlegeordninga i 2006.

Fastlegeordninga blei innført i 2001. Samanlikningstal viser stoda i Rogaland pr 30.09.06 (tal for heile landet i parentes):

- Berre 0,5% av befolkninga var ikkje med i ordninga (0,5%), likt med tidlegare år, så ordninga er vel etablert.
- Berre 35% (49%) av fastlegelistene var ”opne”, dvs. kunne ta mot nye pasientar, dette er ein nedgang frå 40% (55,2%) i 2004. Det er bekymringsfullt at stadig færre fastlegar kan ta mot nye pasientar.
- Kor mange av fastlegane hadde meir enn 1.500 innbyggjarar på lista? Her låg Rogaland høgast med 35% (19%), dei to neste var Vestfold med 27% og Akershus med 26%. Berre 22% av fastlegane i Rogaland (31%) hadde mindre enn 1.000 på lista.
- Noko av dette kan kome av låg allmennlegedekking. I Rogaland auka denne med 8% frå 2001-05, men likevel låg Rogaland og Akershus lågast i landet med 7,8 årsverk pr 10.000 innbyggjarar (Vestfold var tredje lågast med 8,1).

På landsbasis har det blitt ei kraftig forgubbing av fastlegane sidan ordninga blei innført i 2001, med minimal nettotilvekst yngre enn 40 år. Me har ikkje Rogalandstal for dette, men har ingen grunn til å tru at stoda er annleis her enn i resten av landet.

Samlebildet av dette er at fastlegeordninga er ei etablert ordning som er på veg inn i eit generasjonsskifte. I Rogaland har den aukande kapasitetsproblem.

72.2 Turnusteneste

Økonomirapport er sendt.

Det er ikkje lett å få utvida talet på turnusplassar for leger i kommunane og pålegg har vore naudsynt i ved fleire høve. Kurs for turnuskandidatar (både legar, fysioterapeutar og kiropraktorar) har i mange år vore arrangert i fellesskap med Aust og Vest-Agder, slik at kvart fylke har hatt hovudansvar kvart tredje år. Dei seinare åra har talet på kandidatar auka så sterkt at frå 2007 vil Rogaland ha eigne kurs. Det vi i praksis gi eit meirarbeid for oss dei komande åra.

Dei to grupperettleiarane har jamt kontakt med turnuslegane og har samlingar 3 gonger i semesteret. I 2006 har vi halde 2 kurs i legevaktsmedisin og akuttmedisin, dvs for begge kulla. Siste året har vi bede nokre kommunar å finne andre av sine fastlegar som turnusrettleiarar sidan turnuslegane har klaga på manglande evne og vilje til rettleiing frå den som var gitt ansvaret for dette.

72.4 Helsetenesta til innsette i fengsel

Vi har hatt eit kontaktmøte med Kriminalomsorga Region SørVest i 2006.

Det er fengsel i fire kommunar i Rogaland, det er Haugesund, Hå, Stavanger og Vindafjord. Våren 2006 gjorde vi eit kartleggingstilsyn av fengselshelsetenestene der, og hovudinntrykket var at desse jamt over fungerte rimeleg godt. Åna fengsel (i Hå) hadde eit stort problem med at det var uråd å få nødvendige psykiatriske spesialistvurderingar lokalt i fengselet, men Stavanger universitetssjukehus opplyste at det arbeidde aktivt for å få dette på plass, mellom anna med særlege rekrutteringstiltak.

72.5 Helsetenestetilbod til asylsøkjjarar og flyktningar

Vi har vore i kontakt med asylmottaka i Lund og Haugesund i desember 2005 og begge kommunar har system som skal sikre at asylsøkjjarar får forsvarlig tuberkulosekontroll etter at dei kommer til landet.

72.6 Helse- og sosialtenester i eit fleirkulturelt samfunn

Vi har samarbeid med kursutvalet i Rogaland legeforeining som har planlagt kurs i innvandrarmedisin i 2007.

72.7 Helsetenestetilbodet til personar utsett for seksuell vold

Både valdtekstmottaket i Stavanger og i Haugesund fikk på slutten av 2005 tildelt stimuleringsstilskot. Begge hadde da ein plan for korleis dette skulle brukast, og regnskapsoversikt skulle sendast SHdir.

I nov./des. 2006 fikk vi brev frå Stavanger kommune med spørsmål om deler av tilskotet kunne overførast til 2007, då det hadde tatt lengre tid å tilsetje folk, og innføre heildøgns teneste, enn forventa. Dette blei avklart med SHdir som har sendt svar til Stavanger. I Stavanger blir det eigen fagansvarleg for valdtekstmottaket og døgndrift i 2007.

72.8 Helsestasjons- og skolehelsetenesta

Sjå under 76.2.7

72.9 Svangerskapsomsorga

Fylkesmannen i Rogaland arrangerte i desember 2005 eit seminar for jordmødrer, helsesøstrer og fastlegar om dei nye faglege retningslinene for svangerskapsomsorga. Me har difor ikkje hatt spesielle aktivitetar retta mot dette området i 2006.

Vi har medverka til at Rogaland legeforeining i 2006 har hatt dei nye faglege retningslinene for svangerskapsomsorga som tema på deira kurs for allmennlegane.

72.10 Kjønslæring

I november 2005 deltok vi på eit seminar i regi av Stavanger kommune, helsestasjons- og skolehelsetenesta, Prosjektgruppe Terga. Blant Tergas målsettingar er førebygging av omskjerjing av barn og unge, og sjå til at kvinner som er omskorne får betre informasjon og hjelp for sine helseplager. Vi hadde gjennomgang av lov og noko rettleiing. Det har ikkje vore tilsvarende seminar i år.

72.11 Tannhelse

Fylkesmannen i Rogaland har og i år hatt merksemd retta mot pasientar innan pleie- og omsorgstenesta som har rett til offentlege tannhelsetenester. Det er framleis mange pasientar som har rett til offentlege tannhelsetenester som ikkje får det, og inntrykket er nok at pleie- og omsorgstenestene har lite merksemd retta mot dette.

Helsetilsynet i Rogaland har i 2006 gjennomført to tilsyn i sjukeheimar der tannhelsetenester og tannstell har vore eit tema. I tillegg har me gjennom anna kontakt med fleire kommunar gjort merksam på kommunen si plikt til å ivareta pasientane sin munnhygiene og sikra naudsynt tannbehandling.

72.12 Smittevern

Nasjonalt folkehelseinstitutt gjennomførte eit 3 månaders forskingsprosjekt i Rogaland om heimeprøvetaking av genital chlamydia retta mot unge i alderen 18-25 år.

Rogaland var tatt ut som einaste fylke for gjennomføring av prosjektet.

Helsetilsynet i Rogaland sende ut informasjon til legane i fylket.

Lege frå Helse- og sosialavdelinga har saman med beredskapslaget vore på totalt 5 beredskapstilsyn i kommunane. Desse tilsyna har inkludert gjennomgang av kommunane sine smittevernplanar. Sidan mai 2006 har alle kommunar i Rogaland ein smittevernplan.

72.13 Strålevern

Personell frå Beredskapslaget og Helse- og sosialavdelinga hadde møte med representantar frå Statens strålevern 23.11.06.

Resultatområde 73 Sosialteneste

73.1 Lov om sosiale tenester

(ingen rapporteringsplikt, jf. punkt 81.3).

73.2 Ny arbeids- og velferdsforvaltning (NAV)

Fylkesmannen har etablert ei samarbeidsgruppe om arbeidet med NAV. Gruppa har hatt månadlege møter i 2006, og har i hovudsak vore eit forum for informasjonsutveksling. Deltakarar i gruppa er fylkesdirektør for NAV, KS v/ politisk og administrativ leiding og leiar for rådmannsutvalet, seksjonsleiar og rådgjevar i helse- og sosialavdelinga og fylkesmannen som leier møta.

I tillegg har NAV vore eige tema for samling med sosialleiarane, og har blitt drøfta i ulike interkommunale møte for tilsette i sosialtenesta. Fleire kommunar har og mottatt tilskot til kultur- og kompetanseutvikling i samband med NAV prosessen.

73.3 Kompetanseutvikling og formidlingstiltak

Fylkesmannen arrangerte våren 2006 ei samling for deltakarar i faglege fora. Om lag 50 deltakarar møtte. Nye fora blei etablerte under samlinga og ut over året. Det er no 10 aktive faglege fora i fylket, med deltakarar frå 20 kommunar. Eit forum fekk tilskot til å reise på studietur.

Kommunane blei inviterte til å søkje Fylkesmannen om tilskot til kompetanseheving på ulike områder, mellom anna Individuell Plan (IP), NAV, Karteggingsverktøy (KIS). 10 kommunar søkte og fekk slike tilskott. I tillegg gav fylkesmannen tilskot til 7 av dei minste kommunane til deltaking på Erfaringskonferanse i Brønnøysund for Småkommuneprosjektet .

Fylkesmannen har også dette året hatt halvårlege samlingar for leiarar med ansvar for sosialtenesta i kommunane. Sentrale satsingsområde - som NAV og strategi mot bustadløyse - har vore tema på samlingane, der dei fleste kommunane deltok.

Sjå elles punkt 76.3.2 siste avsnitt.

73.4 Gjeldrådgjeving

Fylkesmannen har gjennomført grunnkurs i økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving for sakshandsamarar i sosialtenesta.

Resultatområde 74 Levekår

74.1 Tiltaksplan mot fattigdom

Fylkesmannen har etablert eit nettverk for kommunar som har tatt i bruk KIS som kartleggingsverktøy i sosialtenesta og som ønskjer å vidareutvikle arbeidet med dette verktøyet. På bakgrunn av mellom anna arbeidet i nettverket blei det gjennomført ein

konferanse for interesserte kommunar i samarbeid med Shdir i januar 2006. 11 kommunar deltek i dette nettverket

Fylkesmannen samarbeider tett med Husbanken om Strategi mot bustadløyse. 9 kommunar i Rogaland er med i nettverk på området. Det har vore arrangert to regionale konferansar i regi av Husbanken og Fylkesmannen, med ulike delmål i satsinga som tema.

74.2 Universell utforming

Helse- og sosialavdelinga har vore i arbeidsgruppa leia av Miljøvernavdelinga. Vi har også gitt innspel om dette i alle dei kommuneplanane embetet får til vurdering. Jf punkt 76.4.2.

75.3 Lov om transplantasjon

Ingen saker.

Resultatområde 76 Tverrgående område

76.1 Pleie- og omsorgstenester

Helse- og sosialavdelinga si heimeside på internett blir brukt til å informere om regelverksendringar og nytt rettleiingsmateriell. Det same gjer me i alt vårt arbeid utover, så som ved møte og kurs og i tilsyns- og rådgevingssamanheng.

76.1.1 Kvalitet i pleie- og omsorgstenesta

Kommunane har blitt gjort kjend med dei ulike forskrifter og rettleiingar som dei har blitt utgjevne. Vi har også distribuert invitasjonar til møte som Shdir har halde om dei ulike tema. Mange kommunar har etablert kvalitetssystem for pleie- og omsorgstenestene sine, men framleis er det store manglar som blir avdekkja ved tilsyn. Etablering av eit fungerande avvikshandteringssystem med mål om å lære av sine feil er kome kort i mange kommunar. Det har dette året ikkje vore noen særskilde møte eller kurs på dette området, men gjennom samtalar om lukking av avvik etter tilsyn og telefonkontaktar, har fylkesmannen vore aktiv på rådgevingssida her.

76.1.2 Saksbehandling i helse- og sosialtenesta

Det har i 2006 vore gjennomført tilsyn/rettleiing i saksbehandling for Finnøy og Eigersund kommunar, systemrevisjonar med same tema i Rennesøy, Sola og Hå kommunar. Fylkesmannen har arrangert eit kurs om vederlag for opphald i institusjon for tilsette i kommunane og om tenester til rusmisbrukarar etter sosialtenestelova kap. 4 der ein mellom anna la vekt på saksbehandlinga. Saksbehandling har og vore tema på tilsyn. Vidare har fylkesmannen hatt rettleiingsmøte med to kommunar.

76.1.3 Dimensjonering av pleie- og omsorgstenesta

Fylkesmannen har også i 2006 hatt oppfølgingsarbeid knytt til oppføring/ fullføring av nye bustadeiningar, som del av slutføringa av handlingsplanen for eldreomsorga. Dette er gjort i samarbeid med Husbanken. Me viser elles til eigen halvårsrapport til Helse- og omsorgsdepartementet.

76.1.4. Tenester til eldre

Rettleiing og tilsyn med saksbehandling og tenestetildeling til eldre som får heimehjelp og heimesjukepleie (jf punkt 76.1.1).

Vi har gjennomført systemrevisjonar i Strand og Gjesdal kommunar kor tema har vore legemiddelhandtering, legetenester og tannhelsetenester til eldre i sjukeheim. Utredningsverktøyet for utredning av demens har vore tema i tilsyna.

76.1.5 Unge personar med nedsett funksjonsevne i alders- og sjukeheimar

Vi viser til vårt brev av 30.05.06 til Sosial- og helsedirektoratet om status:

” KOSTRA tala per 31.12.05 viste at Rogaland hadde 7 beboere under 50 år på langtidsopphold i somatisk sykehjem. Fylkesmannen har vært i kontakt med kommunene dette gjelder. Vi vil her gi en kort oppsummering over situasjonen i fylket og viser til vedlagte kartlegging på individ som gir oversikt over situasjonen i hver enkelt kommune.

Siden årsskiftet har 3 av de 7 registrerte beboerne i sykehjem, flyttet i egen bolig, det vil si at det per i dag bare er 4 beboere under 50 år på langtidsopphold i somatisk sykehjem. For alle disse 4, er somatisk sykehjem vurdert som beste boform ut ifra deres hjelpebehov. For alle disse gjelder at de selv, i den grad de kan gi uttrykk for det, og deres pårørende er svært fornøyde med tilbudet kommunene gir. Det foreligger ikke plan for utflytting for noen av disse beboerne.”

Denne konklusjonen står ved lag.

76.1.6 Rettstryggleik ved bruk av makt og tvang mv

Fylkesmannen har etablert systematisk kontakt med spesialisthelsetenesta/rehabiliteringsseksjonen i fylket.

Fylkesmannen har fortløpande og mykje kontakt med kommunar og spesialisthelsetenesta i saker som er knytte til bruk av makt og tvang. Dette gjeld konkrete avklaringar, råd og rettleiing.

I 2006 tok fylkesmannen saman med kommunane nord i fylket initiativ til å danne fagleg fora knytt til miljøarbeid blant funksjonshemma. Fylkesmannen reknar dette som ei form for kompetansehevingstiltak.

Fylkesmannen har våren 2006 gitt innspel til Sosial- og helsedirektoratet knytt til evaluering av sosialtenestelova kapittel 4A.

Økonomirapport er sendt Sosial- og helsedirektoratet. Se elles punkt 73.1.

76.1.7 IPLOS – Individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

Fylkesmannen i Rogaland har i 2006 deltatt på IPLOS-prosjektet sitt oppfølgingskurs for kommunane. Vi har i løpet av året drøfta fleire spørsmål med direktoratet og hatt kontakt med og gitt råd til fleire kommunar og enkeltpersonell om IPLOS.

I samband med tilsyn og behandling av klagesaker etter kommunehelsetenestelova har vi etterspurt IPLOS- registreringar

76.2 Psykisk helse

76.2.6 Forpleiing, kontroll og tilsyn med psykiatriske pasientar

Økonomirapport er sendt SDHdir.

76.2.7 Opptappingsplan for psykisk helse

Fylkesmannen registrerer auke både i stillingar og tiltak innan psykisk helsearbeidsfeltet i kommunane i Rogaland, i tråd med intensjonane i opptappingsplanen og tilførte midlar i 2006. Alle kommunane tilfredsstilte vilkåra for utbetaling av midlar i 2006. Fylkesmannen har også dette året gjennomført fleire rådgevingsvitjingar til kommunane, og har hyppig kontakt med psykiatri- koordinatorane lokalt. Fylkesmannen har, m.a. gjennom økonomisk støtte, medverka til ei rekkje prosjekt og arrangement som set fokus på psykisk helsearbeid. Her er også brukarorganisasjonane ein viktig medspelar.

Det er stor aktivitet når det gjeld opplæring og kompetansebygging, og kommunane har i det store og heile god tilgang på personell. I 2006 fekk kommunane i Rogaland kompetansemidlar til 22 nye studentar innan tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid, samstundes som kommunane fekk tilført midlar til 50 studentar som er i gang med denne utdanninga. Fylkesmannen har i 2006 fullfinansiert eit 5 dagars kurs i miljøarbeid innan psykisk helsearbeid for kommunalt tilsette i samarbeid med Diakonhjemmet høgskole Rogaland.

Helsestasjons- og skolehelsetenesta er eit av fleire fokusområde innan opptappingsplanen, spesielt for å sjå til at minst 20 % av tilskotsmidla skal gå til barn og unge. Dette er ikkje eit område som er spesielt forsømt, men det er variasjonar mellom dei ulike kommunane.

Økonomirapport er sendt til Sosial- og helsedirektoratet.

76.3 Rusområdet

76.3.1 Alkoholova

Det har kome inn 10 saker, ei var klagesak. Ut over dette har oppgåvene bestått i administrering av dei statlege skjenkebeviljingane, mellom anna å følgje opp kontrollrapportane og godkjenne styrarar og stedfortredarar. De vart i 2006 søkt om ei ny skjenkebeviljing. Fylkesmannen har starta arbeidet med å kontrollere dei statlege skjenkebeviljingane som kommunane ikkje kontrollerer, og laga nye bevillingsdokument. Embetet har deltatt med 2 personar på Sosial- og helsedirektoratet sitt møte om endringar i lova.

76.3.2 Rusmiddelarbeid - opplæring

Fylkesmannen har samarbeida med kompetansesenteret for rusmiddel spørsmål om ulike kompetansetiltak i høve til det kommunale rusmiddelarbeidet. 12 ruskonsulentar frå 4 kommunar har fått jamleg rettleiing i grupper frå kompetansesenteret i tida frå januar til sommaren. 15 tilsette frå 6 kommunar har fått opplæring i LØFT metodikk. I samarbeid med Helse Stavanger, Stavanger kommune og kompetansesenteret blei det planlagt og gjennomført ein konferanse med fokus på tidleg intervensjon. 125 tilsette frå ulike delar av hjelpeapparatet deltok på konferansen, som hadde innleiarar både frå forskingsmiljøet, Sosial- og helsedirektoratet, Helsetilsynet, politiet, kommunar og kompetansesenteret.

Den halvårlege samlinga for sosialleiarar blei utvida til å omfatte barnevernleiarane óg. Temaet for samlinga var tidleg intervensjon, og det faglege innhaldet blei henta gjennom ein studietur til Danmark. Om lag 40 leiarar deltok.

Fylkesmannen arrangerte kurs i saksbehandling etter kap. 4 i sosialtenestelova i høve til tenester til rusmiddelavhengige. Dette kom som ei oppfølging av Helsetilsynet sin rapport etter det landsomfattande tilsynet med sosialtenesta sitt tenestetilbod til denne brukargruppa.

76.4 Habilitering og rehabilitering

76.4.2 St. meld. Nr. 40 (2002-2003) Å byggje ned funksjonshemmande barrierar (ikkje rapporteringslikt)

Fylkesmannen skal vere bindeledd til direktoratet når det gjeld eit 2-årig program knytt til tilrettelegging av det kommunale tenestetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne og deira familie – TaKT.

Fylkesmannen har i samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet arrangert ein erfaringskonferanse i 2006. Planlegging av opplæringsprogrammet, som skal gjennomførast i 2007, ble påbegynt i 2006.

76.5 Kvalitet og samhandling

76.5.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetenesta

SUS har etablert samarbeidsavtalar om inn- og utskriving med alle kommunar innan somatikk. Tilsvarande avtale føreligg med Stavanger kommunen innanfor psykiatri. System for avvikshandtering mellom 1. og 2. linjetenesta er under etablering.

SUS har i 2006 i samråd med rådmennene, etablert eit samarbeidsforum med alle kommunar, representert med representantar frå regionane i nedslagsfeltet til SUS.

Det er i tillegg etablert samarbeidsprosjekt mellom SUS og Stavanger kommune m.o.t. pasientar med alvorleg psykisk sjukdom og rusmisbruk, som tidlegare ikkje har kunna nyttiggjere seg av behandlings- og hjelpetiltak.

Det er etablert samarbeid med kommunar kor SUS er i samarbeid med eit nettverk av kreftsjukepleiarar i kommunane. Fokus er palliativ behandling.

Det er vidare samarbeidsprosjekt om ulike pasientgrupper; KOLS, kroniske smerter, kreft, barnehabilitering

Helse Fonna

Samarbeid mellom somatisk sjukehus og kommunane. Samarbeidet er særleg knytt til pasientar med kroniske sjukdomar og pasientar med behov for avanserte helsetenester

Det er inngått samarbeidsavtaler mellom Helse Fonna og kommunane om et kompetansenettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling.

Vi har deltatt i årlege kontaktmøte mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Samarbeid mellom desse har vore tema i møte med helseføretaket.

Praksiskonsulentordninga (PKO) er i god gjenge både i Helse Stavanger og i Helse Fonna.

76.5.2. Individuell plan

Vi har gitt rådgjeving ved tilsyn og i klagesaksbehandlninga. Vi har også deltatt i nokre møte og undervist om individuell plan i fleire samanhengar. Dette var også eit tema under landsomfattande tilsyn med habiliteringstenester til barn i 2006.

76.5.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbetring i sosial- og helsetenesta

For kommunehelsetenesta har dette arbeidet stort sett blitt følgt opp med tilsynsrelatert rådgjeving. Me har konsentrert oss om å stimulere kommunane til å etablere velfungerande internkontroll for helsetenesta. Rådgjevingsperiodane blir ofte lange, og kontaktane kan bli både mange og nære. Me har gode røynsler med denne arbeidsmåten.

76.5.4 Rekruttering for betre kvalitet – rekrutteringsplanen for helse- og sosialpersonell

Denne planen er ei oppfølging av handlingsplanen "Rett person på rett plass 1998-2001". Hovudmålet i planen er å styrkje rekruttering og kompetanseutvikling i helse- og sosialtenesta, med særleg vekt på pleie- og omsorgstenesta i kommunane. Fylkesmannen fekk overført rundt 5 mill kr til stimulering av kommunane sitt arbeid på dette området. Av totalt 26 kommunar er det etter søknad tildelt tilskot til kompetanseutvikling til 21 kommunar. 2006 er siste året i denne handlingsplanen. Ny plan, *Kompetanseløftet 2015*, avløyser Rekrutteringsplanen frå og med 2007.

Tilskotet til kommunane har stort sett gått til kvalifisering av ufaglærte og til vidareutdanning av faglærte og høgskuleutdanna personell. I tildelinga er det tatt særleg omsyn til dei ulike behova i kommunane. Det er eit vilkår for å få tilskot at kommunen har oppdatert opplæringsplan på helse- og sosialområdet. I tillegg har Sh-dir gjeve føringar om at det skal ytast tilskot til desentralisert sjukepleiarutdanning. Søknadane frå kommunane syner stor opplæringsaktivitet.

Fylkesmannen har og, saman med opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, arrangert samlingar med helse- og sosialfaglærarar og skolerådgjevarar, i samband med ny utdanning på vidaregåande nivå – Helsefagarbeidarutdanninga. Målet var å informere kommunane om den nye utdanninga og om konsekvensar for samarbeid mellom utdanning og praksisfelt.

I samarbeid med arbeidstilsynet har fylkesmannen og introdusert den nye rettleiaren "Arbeidsmiljøveileder for hjemmetjenesten" for kommunane. Rettleiaren er eit hjelpemiddel som kan takast i bruk i kommunar med høgt sjukefråvere.

Økonomirapport er sendt.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Det blei gjennomført tilsyn og kartlegging av beredskapsplanar i fem kommunar i 2006. Sjå 72.12. Alle kommunane har arbeidd med planar for sosial og helsemessig beredskap, sjølv om ikkje alle har gjort like grundige ROS analyser. Pandemisk influensa har vore tema for møter med kommunelegane og også i fleire beredskapsøvingar. Mellom anna var utbrot av pandemisk influensa i offshoreverksemda tema i ei øving som ConocoPhillips gjennomførde og kor helse- og sosialavdelinga/helsetilsynet spilte med.

Vi har deltatt i relevante beredkapsøvingar i regi av Hovudredningsssentralen (HRS) og deltatt regelmessig på leiarmøta. Representantar for helsetenesta har vore til stades ved reelle redningsaksjonar mellom anna flyulukka på Stord.

Det er utnemnd LRS legar med stedfortredarar for begge politidistrikta i fylket.

Personell frå Beredkapslaget og Helse- og sosialavdelinga hadde møte med representantar frå Statens strålevern om atomberedskap i Rogaland.

77.3 Særfrådrag

Talet på saker behandla for særfrådrag i 2006 er 26.

77.4 Førarkortsaker

Fylkesmannen tek avgjerd om førekortforskrifta sine helsekrav er oppfylte, og behandlar søknader om dispensasjon frå desse krava. I tillegg gir Fylkesmannen melding til politiet om førarkort som bør inndragast på grunn av helsesvikt og /eller misbruk av medikament og rusmiddel. Saksmengda er betydeleg. I 2006 er det i alt 4319 journalpostar.

Avslutta saker: 1294

Inndregne førarkort og behandling av dispensasjonar

År	2004	2005	2006
inndregne førarkort	433	364	430*
dispensasjonar	544	594	643
avslag dispensasjonssøknad		39	57
klage på avslag	19	11	17
klage førte til omgjerding	9	4	2
vidaresendt til Sos.-og h.dir.	10	11	10
Klagar gitt medhald i dir.	2	4	5

*) Fordelt slik: Stavanger 347, Haugesund 61, Eigersund 22

77.5 Pasientjournalar

Vi har mottatt eit pasientjournalarkiv frå privatpraktiserande spesialist i 2006.

Resultatområde 78: Innvandring og integrering

78.1 Statsborgarsaker

I 2006 behandla vi 60 saker. Av desse blei 36 innvilga og det blei gitt fem avslag. 17 saker er sendt vidare til UDI for behandling. Dei andre sakene var knytte til informasjon og rettleiing.

Frå 01.09.06 overtok UDI all behandling av statsborgarsaker, slik at Fylkesmannen vidaresendt saker som ikkje var behandla her før denne dato. Det har vært ein del førespurnader frå personar som vil søkje om norsk statsborgarskap etter 01.09.06. Politiet sitt passkontor har ikkje vore oppdatert på endringa, slik at de har bedt publikum ta kontakt med Fylkesmannen.

78.3 Introduksjonsordninga for nye innvandrarar

Fylkesmannen realitetsbehandla fire saker etter introduksjonslova i 2006. Det var tre saker færre enn i 2005

Resultatområde 81 og 82 Helsetilsynets embetsoppdrag til fylkesmennene og helsetilsynet i fylka

81.1 Planlagde tilsyn

Det var forventa at FMRO skulle utføre 13 systemrevisjonar i 2006. I tillegg skulle det utførast stadlege tilsyn med tiltak kor det blei brukt tvang og makt etter sosialtenestelova kap. 4A, og tilsyn med rusinstitusjonar.

I 2006 har fylkesmannen utført åtte systemrevisjonar i kommunar. Fem av desse tilsyna var fellestilsyn på sosialteneste- og helselov området. I tre kommunar var det tilsyn med sosialtenestelova § 4-2a og kommunehelsetenestelova § 1-3 og i to kommunar var tilsynet retta mot habiliteringsteneste til barn. På sistnemnde området var det og tilsyn med eit helseføretak, Helse Stavanger HF, Kvinne- Barneklirikken, avd. Østerlide. Tilsynet med habiliteringsteneste til barn var eit landsomfattande tilsyn gjennomført i Region Vest av eit felles tilsynslag samansett av medarbeidarar ved dei tre fylkesmannsembeta og helsetilsyna i fylka. I tre kommunar var det tilsyn etter sosialtenestelova kap. 4 A. Fylkesmannen har utført fire tilsyn som omfattar to private rusinstitusjonar. I tillegg har fylkesmannen gjennomført fem stadlege tilsyn etter sosialtenestelova kap. 4A. Sjå særskilt rapportskjema sendt til Statens helsetilsyn.

81.2 Områdeovervaking

Fylkesmannen har delteke på seminar om områdeovervaking arrangert av Statens helsetilsyn for region vest.

Om NAV se pkt. 73.2.

81.3 Klager etter sosialtenestelovgivinga

Fylkesmannen har behandla 377 klagesaker etter sosialtenestelova. Av desse har klagar fått medhald i 43 saker, 40 saker er sende attende til kommunane for ny behandling og 2 saker er blitt avviste. I dei resterande 292 sakene (77% av alle) har kommunen sitt vedtak blitt stadfesta av Fylkesmannen. 330 av klagesakene er behandla etter kapittel 5 i sosialtenestelova (økonomisk stønad), 43 av sakene etter kapittel 4 (tenester), og 4 av sakene etter andre reglar. I 88% av sakene har saksbehandlingstida vore under 2 månader.

I 2006 mottok fylkesmannen 2.372 enkeltmeldingar om skadeavverjande tiltak, samt 102 kommunale vedtak om bruk av tvang til overprøving etter kap 4A i sosialtenestelova. Fylkesmannen har prioritert saksbehandling av vedtak før stadlege tilsyn i 2006. I tillegg har talet på vedtak auka frå 68 i 2005 til 102 i 2006. Dette heng blant anna saman med at dersom kommunen må nytta alarm for å hindre vesentleg skade, må ein fatta enkeltvedtak med heimel i kap. 4A.

Fylkesmannen rapporterer i eigen rapport kvart år til Statens Helsetilsyn.

81.4 Spesielle oppgåver etter sosialtenestelova kap 4A

Sjå under oppdrag 81.1 og 81.3.

Sjå særskilt rapportskjema sendt til Statens helsetilsyn.

Resultatområde 82 Tilsyn/klage heselov

82.1 Hendingbasert tilsyn

Helsetilsynet i Rogaland har i 2006 oppretta 110 nye tilsynssaker og ferdigstillet 102. Vi avviste 7 saker. Restansen ved årets slutt var 65 mot 45 i 2005. Median saksbehandlingstid var 141 dagar og gjennomsnittssaksbehandlingstid 204 dagar. Se elles særskild rapportering til Statens helsetilsyn.

Ut frå søk i ePhorte og felles hukommelse har vi rekna ut at vi har hatt kontakt med politiet i ca 20 saker. I ei sak har vi bede politiet om etterforskning utan føregåande kontakt frå politiet. I nesten alle saker blir det gjort ei vurdering om det skal gjerast vidare etterforskning, og politiet spør på same tid om påtale kan vere aktuelt. Ei sak at har vi sendt til Statens helsetilsyn med råd om å be om påtale.

82.2 Planlagde tilsyn

Forventninga frå Statens helsetilsyn var 21 systemrevisjonar i tillegg til andre sortar tilsyn. Me har gjort 6 systemrevisjonar mot kommunehelsetenesta, 7 mot spesialisthelsetenesta og 2 mot offshorehelsetenesta. Av anna tilsynsverksemd har me deltatt i 5 tilsyn saman med beredskapslaget i embetet og me har gjennomført kartleggingar mot fengselshelsetenesta. Vi har gjennomført 11 tilsyn for Sjøfartsdirektoratet, 10 tilsyn etter HMS-regelverket, og av desse er 3 av tilsyna med dykkeaktivitetar i petroleumsvksemda. Det er behandla 6 saker som gjeld søknad om samtykke til aktivitet på norsk kontinentalsokkel kor vi har gitt uttale til de helsemessige og hygieniske forhold. I 8 saker har vi gitt innspel til Petroleumstilsynet om SUT-diplom(samsvarsuttaling).

82.2 Områdeovervaking

Vi har deltatt på møte i regi av Helsetilsynet for region Vest (Sogn- og Fjordane, Hordaland og Rogaland). Vi har deltatt og gitt opplæring i bruk av KOSTRA for kommunane i fylket. Vi deltar i kontaktmøte med Helse Vest og har hatt kontaktfylkeslegefunksjon i 2006. Meldingar etter spesialisthelsetenestelova § 3-3 blir lagt inn i database og følgde opp. Det er laupande dialog med helseføretaket om meldeordninga.

82.3 Klager etter helsetenestelovgivinga

I 2005 har vi mottatt 49 klager etter helsetenestelovgivinga, 4 blei avvist. Vi har ferdigbehandla 70 saker i 2005 og hadde ved årets slutt ingen restansar mot over 20 restansesaker i fjor. Median sakbehandlingstid har vore 64 dagar og i gjennomsnitt 71 dagar.

82.4 Klager etter helsetenestelovgivinga

I 2006 har vi mottatt 53 rettigheitsklager etter helsetenestelovgivinga, 4 blei avvist. Vi har ferdigbehandla 56 saker i 2006 og hadde ved årets slutt restanse på 6 saker. Median sakbehandlingstid for klagesaker etter helselovgivinga har vore 64 dagar og i gjennomsnitt 71 dagar.

Forvaltningsoppgåver som ikkje er omtala i embetsoppdraget:

Saker som gjelder helsekrav for offshorearbeid.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2006 behandla 376 saker som gjeld søknad om dispensasjon frå helsekrava for offshorearbeid. Det er fatta 139 vedtak i slike saker. Den største endringa sidan føregåande år har vore auken i saker som gjeld ADHD. Vi har hatt til behandling ca. 10 slike saker, 4 har gått vidare til klagenemnda. I tillegg har det vore svært mange telefonsamtalar med spørsmål om korleis ADHD skal vurderast opp mot helsekrava for offshorearbeid. Bortsett frå denne endringa er dei vanligaste diagnosane i helsekravsakene dei same som for tidligare år, dvs. diabetes mellitus type I og II, psykiske sjukdomar og lidingar, epilepsi og hjarte/kar-sjukdom.

Klagenemnda har hatt 26 saker til behandling, og har fatta 17 vedtak. Sakene som har gått vidare til nemnda har vore om epilepsi, psykisk sjukdom, ADHD, diabetes mellitus type I, rusmiddelmissbruk og hørselsreduksjon.

Klagenemnda for arbeidstakarar i petroleumsverksemda.

Det har vore halde 6 møter i 2006 og nemnda har behandla 23 saker.

Utanlandske legar – Offshore

I medhald av ”Forskrift om helsekrav til personar i petroleumsverksemda av 12. november 1990, § 5” skal Helsetilsynet i Rogaland godkjenne utanlandske legar som skal kunne skrive helseerklæring til personar som skal opphalde seg/arbeide på norsk kontinentalsokkel.

Helsetilsynet i Rogaland har 260 leger på sin liste over godkjente utanlandske leger. Disse kommer frå 13 ulike land. Helsetilsynet godkjente i år 2006 i alt 52 leger.

Dykkerlegar - Offshore

I ”Forskrift om helsekrav til personar i petroleumsverksemda av 12. november 1990, § 5” og ”Retningslinjer for helseundersøkingar av yrkesdykkarar, IK-2708” går det fram at leger som skal utstede helseerklæring til yrkesdykkarar/personell som deltar i bemanna operasjonar under vatn, skal vere særskilt godkjent for dette. Godkjenning vert utstedt av Helsetilsynet i Rogaland og gyldig i to år.

Helsetilsynet i Rogaland har 103 godkjente dykkerlegar på sin liste. Desse kommer frå 4 ulike land. Helsetilsynet godkjente/resertifiserte i 2006 i alt 37 leger.

SUT og samtykkebehandling

Det er behandla 43 saker som gjeld søknad om samtykke til aktivitet på norsk kontinentalsokkel kor vi har gitt uttale til dei helsemessige og hygieniske forholda. I 6 saker har vi gitt innspel til Petroleumstilsynet i samband med utsteding av SUT(samsvarsuttale).

Utanriksdepartementet sine saksområde

Resultatområde 92 førebuing av saker om honorære konsuler

Vi behandla ei sak i 2006.

Kultur- og kyrkjedepartementet sine resultatområde

Resultatområde 95 Trudoms- og livssynssamfunn

Det er registrert 66 trussamfunn hos Fylkesmannen per 31.12.06. Dersom vi tar med alle som er registrerte hos andre Fylkesmenn, er det 120 trussamfunn i Rogaland.

Det er registrert to nye trussamfunn i 2006:

- Menigheten Sentrum
- Hoi Thanh Thi Lanh

Ved nyregistrering har vi som praksis å innkalle prest/forstandar og styre til møte. Føremålet med møte er m.a. å få opplysningar til søknaden og gjensidig informasjonsutveksling.

Fylkesmannen mottok 57 søknader om statsstøtte i 2006. Det ble søkt om støtte for 12 054 medlemmer, mens det blei innvilga støtte til 11 753 medlemmer.

I 2006 utbetale vi samla kr 3 549 406 i statstilskott mot kr 3 351 012 i 2005.

Vi viser elles til vår rapport til Kultur- og kyrkjedepartementet.

Resultatområde 96 Gravferdslova

Det kom inn 30 saker om oskespreiing etter kremering i 2006. 18 vart innvilga, 7 var avslegne og 5 ligg i påvente av rett dokumentasjon..

Resultatområde 97 Lov om heilagdaggar og heilagdagsfred

Det er behandla ei sak i 2006.

Oversyn over avvik og merknader – resultatområde 31.1 Tilsyn

Rogaland sjøaspirantskole

Avvik 1:

Styret ved Rogaland Videregående Sjøaspirantskole har ikkje eit system som gir undervisningspersonale, skoleleiar og personale med særoppgåver høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å vere på høgd med utviklinga i skolen og i samfunnet.

Avvik 2:

Styret ved Rogaland Videregående Sjøaspirantskole har ikkje etablert eit forsvarleg system for vurdering av om krava i lover og forskrifter, og føresetnadene for godkjenning blir oppfylte. Systemet skal kunne følgje opp resultatata frå slike vurderingar og frå nasjonale kvalitetsvurderingar.

Avvik 3:

Styret ved Rogaland Videregående Sjøaspirantskole har ikkje fastsett inntaksreglement.

Dalane kristne skole

Avvik 1.

Fraværprotokoller er ført unøyaktig og mangler oppsummering. Fravær 8. trinn er ikke ført inn i karakterprotokoll

Avvik 2.

Skolen har urovekeknde høyt fravær blant elevene på 4. -10 trinn. Vi kontaterer også høyt fravær for elever 1.-3. trinn

Steinerskolen i Haugesund

Merknad 1:

Gjennomgang av fraværprotokollene viser at det er ikke enhetlig symbolbruk i fraværspøringene, og fraværet summeres ikke opp måned for måned.

Merknad 2:

De individuelle opplæringsplanene Fylkesmannen har vurdert viser i for liten grad hvordan opplæringen skal drives.

Merknad 3:

Halvårsrapportene Fylkesmannen har vurdert gir i for liten grad en vurdering av elevens utvikling. Det er også svak innbyrdes sammenheng mellom målformuleringene i den individuelle opplæringsplanen og målene som blir vurdert i halvårsrapportene.

Vatneli skole

Merknad:

Fraværprotokollene mangler oppsummering.

Holgensen videregående skole

Merknad:

Under merknad ber Fylkesmannen Holgersen videregående skole om å synliggjere forholdet mellom statstilskot og elevbetaling.

Rogaland fylkeskommune

Avvik 1

Rogaland fylkeskommune sikrer ikke at retten til spesialpedagogisk hjelp til barn før opplæringspliktig alder, oppfylles i helseinstitusjoner tilknyttet Hollenderhaugen skolesenter.

Avvik 2

Rogaland fylkeskommune sikrer ikke at retten til spesialundervisning på grunnskolens område for voksne i helseinstitusjoner, oppfylles.

Avvik 3

PP-tjenesten i Rogaland fylkeskommune utarbeider ikke sakkyndige vurderinger for barn, elever og voksne i helseinstitusjoner.

Avvik 4

Rogaland fylkeskommune fatter ikke enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning for barn, elever og voksne som de har ansvar for etter § 13-3a.

Avvik 5

Rogaland fylkeskommune har ikke etablert et forsvarlig system for vurdering av om kravene i opplæringslov og forskrifter blir oppfylte. Det er heller ikke etablert et forsvarlig system for å følge opp resultatene fra slike vurderinger.

Merknad 1

Rogaland fylkeskommunes delegasjon av fullmakter etter opplæringsloven er mangelfull.

Merknad 2

Rogaland fylkeskommune har ikke en felles forståelse av hvilke barn/elever/voksne som omfattes av fylkeskommunens ansvar etter § 13-3a.

Sandnes kommune

Avvik 1

Kommunen tar ikke tilstrekkelig hensyn til elevenes rett til et godt fysisk miljø som fremmer elevenes helse.

Avvik 2

Kommunen har ikke et forsvarlig system for å følge opp de vurderinger som er gjort av om kravene i opplæringslova kap 9a og tilhørende forskrift, blir oppfylt.

Merknad:

Ansvarsforholdene knyttet til det fysiske skolemiljøet er ikke tilstrekkelig avklart i kommunen.

The British International School of Stavanger.

Avvik 1

Skolens styre og skolens administrative ledelse har ikke tilstrekkelig kjennskap til Lov om grunnskolen og den videregående opplæringa (opplæringsloven) med forskrift. Skolen skal ha kjennskap til den delen av opplæringsloven som er angitt i § 2-12. Uten nødvendig kjennskap til opplæringsloven med forskrift, vil det ikke være mulig å oppfylle lovens krav til forsvarlig system som angitt i § 13-10 og forskrift til loven §§ 2-1 og 2-2.

